



Rønnaug Ryssdal

Mottaking av nabolandslitteratur

**ei undersøking av bokmeldingar av finsk litteratur i Noreg
og norsk litteratur i Finland utgjeven i 2009**

**Masteroppgåve i bibliotek- og informasjonsvitenskap
Høgskolen i Oslo, Avdeling for journalistikk, bibliotek- og informasjonsfag**

Undersøkinga analyserer 29 norske bokmeldingar av tre finske romanar og 26 finske bokmeldingar av tre norske romanar frå 2009. Formålet er å finne ut korleis litteraturen blir verdsett og forstått, kva meldarane grunngjev vurderingane sine med, om meldingane er grundige, om dei viser kunnskap om litteraturen i nabolandet og om dei avspeglar haldningar eller forventningar til nabolandet sin kultur og litteratur. Teoretisk bakgrunn er Per Thomas Andersen sine kriterium for vurdering av litterær kvalitet, og omgrepene forventningshorisont, slik det er utvikla av Hans Robert Jauss. Undersøkinga konkluderer med at bøkene blir godt mottekte i begge land. Dei norske meldingane er gjennomsnittleg noko lengre enn dei finske, medan dei finske meldingane jamt over er noko grundigare. Svært få meldarar gjev uttrykk for konkret kunnskap om litteraturen i nabolandet. Uttrykk for haldningar og forventningar til finsk litteratur og kultur er synleg i dei norske bokmeldingane, medan det i dei finske bokmeldingane er svært få uttrykk for haldningar til norsk litteratur og kultur. Ei årsak til skilnaden kan vere at dei tre finske bøkene tek opp tema som knyter seg til finsk historie, samfunn og sjølvforståing, medan dei tre norske bøkene har eit meir allment innhald.

INNHOLD

1	Føreord	s. 4
2	Innleiing. Problemstilling	s. 5
3	Teori	s. 7
3.1	Kriterium for vurdering av litterær kvalitet	s. 7
3.2	Forventningshorisont	s. 8
4	Om undersøkinga. Metode	s. 9
4.1	Oversyn over litteraturen som er meld	s. 9
4.2.	Registrering av bokmeldingar	s. 10
4.3	Analysearbeidet	s. 10
5	Resultat	s. 13
5.1	Meldingar av norsk litteratur i Finland	s. 13
5.2	Meldingar av finsk litteratur i Noreg	s. 14
5.3	Samanlikning. Konklusjon	s. 16
6	Analyse av bokmeldingar: Norsk i Finland	s. 18
6.1	Kjell Askildsen	s. 18
6.2	Nikolaj Frobenius	s. 24
6.3	Per Petterson	s. 35
7	Analyse av bokmeldingar: Finsk i Noreg	s. 45
7.1	Kari Hotakainen	s. 45
7.2	Sofi Oksanen	s. 55
7.3	Arto Paasilinna	s. 66
8	Litteraturliste	s. 75
	Vedlegg: Bokmeldingar i fulltekst	s. 82

1 Føreord

Nokre års tenking om skjønnlitterær utveksling mellom Noreg og Finland har endeleg resultert i ei konkret undersøking. Det har vore interessant å fordjupe seg i materialet! Det er på tide å takke

støtteapparatet i Vadsø og Sogn og Fjordane,
Eldbjørg, Gurli og Kjetil, for alle vandringar og samtaler om studiar og livet,
fylkesbiblioteksjef Sissel Grønli Jakola, for gode permisjons- og arbeidsvilkår,
tolk og omsetjar Tellervo Laine, for all språkleg hjelp,

Leila Vääänänen, for viktig bidrag i tolvte time.

Ei særleg takk vil eg gje rettleiar Cecilie Naper, for god og konstruktiv rettleiing i den lange innsirklingsfasen og i skriveperioden.

Sandane, juni 2011

Rønnaug Ryssdal

2 Innleiing. Problemstilling

I eit langtidsperspektiv er det få finske bøker som er utgjevne i norsk omsetjing. Finsk litteratur har vore lite synleg i norsk litterær offentlegheit, og det er grunn til å tru at det jamt over er liten kjennskap til finsk skjønnlitteratur blant folk flest i Noreg. Dersom ein går over grensa og samanliknar med den tilsvarende stoda i Finland når det gjeld omsetjing og utgjeving av norsk litteratur, vil ein finne ein liknande tendens, men her har det rett nok vore ein markert oppsving i talet på omsetjingar frå norsk dei siste 10-15 åra. I utgangspunktet kunne ein tenkje seg at det ikkje er så stor skilnad i litterær smak i to nordiske land med felles grense, og at det lesande publikum ville vere interessert i og nysgjerrig på kva som skjer hos naboen på den litterære fronten. Men det finst nok andre kulturfaktorar og samfunnsmessige drivkrefter som påverkar omsetjings- og utgjevingsaktivitetene meir.

Nokre grunnleggjande føresetnader for litteraturutgjeving og utvikling av litterære tradisjonar og institusjonar bør nemnast. Som nordiske naboland er det likskapar mellom Noreg og Finland. Begge land er forholdsvis unge nasjonar med unge skriftspråk, geografisk plasserte i ein ytterkant av Europa, og begge har eit hopehav med Sverige bak seg. Men det er òg mange skilje. Politisk og kulturelt var Finland i ein lang periode nært knytt til Russland, medan Noreg har vore vendt mot Vest-Europa, og språkleg høyrer norsk og finsk til heilt ulike språkfamiliar, som gjer direkte kommunikasjon meir komplisert.

Med dette som bakteppe er eg interessert i å undersøkje korleis den gjensidig utveksla skjønnlitteraturen blir motteken i Noreg og Finland. Problemstillinga mi er: Korleis blir litteraturen verdsett og forstått, og kva er grunngjevingane for vurderinga? Speglar mottakinga spesielle haldningar og forventningar til nabolandet sin kultur og litteratur, og kva kan i så fall vere årsakene til det?

Dersom mottakinga av litteraturen skal undersøkjast i si fulle breidd, må ein studere salstal i bokhandel, utlånstal frå bibliotek, lesarreaksjonar, litteraturkritikk og litterær samtale i det offentlege rommet. I mi undersøking vil eg konsentrere meg om bokmeldingar i aviser, tidsskrift og på internett. Dette gjer eg fordi meldingane skrivne av profesjonelle kritikarar og frilans litteratarbeidarar kan gje eit inntrykk av kva for litteratursyn og haldningar som er gjeldande i den litterære offentlegheita i landet, og fordi bokmeldingar i media tradisjonelt har hatt ein viktig funksjon som forbrukarrettleiing og smakspåverkar i høve til lesarane.

Vidare vil eg avgrense undersøkinga mi til litteratur utgjeven i 2009. Dette gjer eg dels for å få eit materiale av handterleg storleik, dels fordi eg ser på den nære samtida som særleg interessant. Det er ei tid der tilbodet av boktitlar er svært stort, og der litteratur får mykje merksemd generelt. Forfattarmøte, bokpresentasjonar og litterære diskusjonar går dagleg føre seg så vel i det offentlege fysiske rommet (litteraturhus, bibliotek, festivalar) som i formidlingskanalar i media og på internett, og folk flest utvekslar lesar erfaringar og meininger om bøker gjennom uformelle nettforum. Mykje av aktiviteten let seg spore ved nettsøk, og det er forholdsvis lett å danne seg eit bilet av kor mykje synleg merksemd ei enkelt bok får.

Meldingar av krim, spenning og formelprega underhaldningslitteratur vil eg halde utanfor undersøkinga. Eg reknar med at det er mindre interessante skilnader å finne i denne typen materiale, sidan bøker i desse sjangrane blir komponerte etter velkjente litterære formlar eller mønster som gjer behandlinga av innhald og tema meir forutseieleg. Heilt uproblematisk er ikkje denne fråsorteringa, sidan element frå kriminalsjangeren i aukande grad har blitt brukt som litterært verkemiddel i samtidslitteraturen dei siste tiåra. Eit kjent nordisk døme på det er Kerstin Ekmanas *Händelser vid vatten*, utgitt 1993, der ei uløyst mordgåte ligg i botnen for ei skildring av konfliktfylt samspel mellom menneske i eit bygdesamfunn i Norrland. Også i mitt utval av skjønnlitterære titlar utveksla mellom Finland og Noreg i 2009 er det bøker som nokre av meldarane har plassert i krim- eller spenningssjangeren, men eg har prøvt å skilje mellom litteratur som brukar kriminalintrigen til å få fram annan tematikk, og meir reindyrka kriminallitteratur.

Forskingsspørsmåla mine er:

I kva grad, og på kva for måte blir finsk litteratur i Noreg og norsk litteratur i Finland meld av litteraturkritikarar i aviser og media?

Er meldingane grundige? Kva for kriterium ligg til grunn for vurderingane i meldingane?
Viser meldingane kjennskap til litteraturen i nabolandet? Blir litteraturen plassert inn i ein litteraturhistorisk eller samtidslitterær samanheng?

I kva grad er spesielle haldningar og forventningar til nabolandet sin kultur og litteratur synleg i meldingane, og korleis kjem det eventuelt til uttrykk?

I kva grad er det skilnad på litteraturkritikken i finske og norske media i høve til dei undersøkte faktorane, og korleis kjem skilnaden eventuelt til uttrykk?

3 Teori

3.1 Kriterium for vurdering av litterær kvalitet

I arbeidet med å undersøkje korleis nabolandslitteraturen blir verdsett og korleis melderane grunngjev vurderingane sine, vil eg særleg støtte meg til Per Thomas Andersen sine tankar om kriterium for vurdering av litterær kvalitet i artikkelen *Kritikk og kriterier* i tidsskriftet *Vinduet* (Andersen 1987). Her presenterer han ein analyse av eit utval meldingar av bøker utgitt på den norske marknaden i 1986, basert på ei empirisk undersøking av bokmeldingar publisert i norske aviser. Føremålet med undersøkinga var å identifisere kva for vurderingskriterium som faktisk var i bruk i norsk litteraturkritikk på det aktuelle tidspunktet, og han konkluderer med at fire hovudtypar av kriterium kan kjennast att i meldingane i det undersøkte materialet:

- moralsk/politisk: kritikaren vurderer haldninga i teksten, stiller seg positiv eller negativ til den og kjem eventuelt med normative utsegner. Ifølgje Andersen kan kriteriet brukast til å seie noko om litteraturen er viktig, men ikkje om han er god eller dårlig. Han finn at det moralske/politiske kriteriet har ein sterk tradisjon i norsk litteraturkritikk, og konstaterer at mange har problem med å skilje mellom forfattarhaldning og haldninga i forfattaren sin tekst.
- kognitivt: kritikaren vurderer kunnskaps- og tankeinnhaldet i teksten. Kriteriet botnar i ideologi om at litteratur skal gje opplysning eller føre til erkjenning. Her kan kritikaren sitt eige litteratursyn skine gjennom. Andersen meiner å sjå at kriteriet står svakare i norsk kritikktradisjon enn det moralske/politiske.
- genetisk: kritikaren legg vekt på tilhøve som ligg før i tid enn verket som blir meldt, som forfattarens tidlegare produksjon, litteraturhistorisk tilknyting og påverknadskjelder. Her hører også inn drøftingar om originalitet og litterær fornying. Det genetiske kriteriet set krav til kunnskap hos kritikaren. Det er ofte brukt i norsk litteraturkritikk, men ikkje i så utdjupande form som Andersen kunne ønske.
- estetisk: kritikaren vurderer opplevingskvalitetane i verket i høve til kompleksitet, integritet og intensitet. Ein kompleks, mangesidig tekst gjev fleire dimensjonar til lesinga, samtidig som leseren ønskjer ein heilskap der enkellementa er integrerte på

ein overtydande måte. Intensiteten i teksten påverkar leselysta og blir definert som ”[...] tekstens evne til å holde på leseren gjennom en hel bok” (Andersen 1987, s. 23). Den kan finnast i trekk ved komposisjon og synsvinkel, forventningsskaping og anna som kan vere meir udefinerbart, og Andersen samanfattar litt svevande: ”Generelt tror jeg intensitet har noe å gjøre med tekstens evne til å gjøre ting ”nye”” (Andersen 1987, s. 24).

I høve til argumentasjonslogikk finn han at norske kritikarar ikkje sjeldan legg inn eit affektasjonsledd mellom kriteria og konklusjonen og let sinnsrørsler styre argumentasjonen. Somme meldarar vil då forme meldinga i ein stil som speglar eigen affekt i staden for å konkludere i klart språk. Typisk for norske kritikarar er elles ein tendens til å seie at noko er godt, utan å seie kvifor, medan det essensielle må vere å få fram kva som gjer teksten god eller därleg. Når det gjeld kompleksitet og fleirtydigheit understrekar Andersen at kritikaren har ein viktig rolle som ein som opnar opp verket for lesaren og kjem med framlegg til alternative lesemåtar. Han meiner elles at mykje ville vere vunne dersom det enkelte litterære verket kunne vurderast med grunngjeving i alle dei fire kriteria for litterær kvalitet.

3.2 Forventningshorisont

Eg vil også undersøkje om spesielle haldningar eller forventningar til kulturen og litteraturen i nabolandet kjem til uttrykk i bokmeldingane. Dette kan ein sjå i lys av omgrepet ”forventningshorisont”, slik det er utvikla av den tyske resepsjonsforskaren Hans Robert Jauss. Cecilie Naper gjer bruk av omgrepet i *Kvinner, lesning og fascinasjon* (Naper 2007), der ho mellom anna undersøkjer mottakinga av tre norske romanar frå 1900-talet. Jauss si forståing av lesaren sin forventningshorisont samanfattar ho som ”[...] det sett av estetiske normer en gitt tekst typisk vil møtes med i det dannede kretsløp i en viss generasjon eller i en gitt historisk epoke” (Naper 2007 s. 24). Ho gjer vidare greie for at Jauss i *Ästhetische Erfahrung und literarische Hermeneutik* frå 1977 oppfattar den litterære opplevinga som eit møte eller ein interaksjon mellom litteratur og leser: ”[...] estetisk nyting og fascinasjon oppstår i et møte mellom litteratur og leser innenfor en gitt kontekst. I litteraturen ligger det føringer av sjangermessig, kompositorisk og retorisk art. Leseren møter litteraturen med sin historisk og kulturelt bestemte forforståelse” (Jauss 1977 i Naper 2007 s. 18). Jauss presenterer fem forskjellege interaksjonsmåtar med utgangspunkt i korleis verket sin hovudperson er teikna, der graden av nærleik mellom leser og verk skil dei ulike interaksjonsformene frå kvarandre. Ein helt eller hovudperson finst nok i dei fleste av dei seks

romanane i mitt materiale, med moglegheit for grader av lesarsympati og innleving, men i mi undersøking av møtet mellom meldarar og nabolandslitteratur vil eg ikkje ta i bruk Jauss sin interaksjonsmodell som praktisk metode. Eg har vore mest interessert i å sjå om haldningar og forventningar til nabolandslitteratur og –kultur skin gjennom i meldarane sine tekstar, og her meiner eg at Jauss sin teori om forventningshorisont kan vere eit nyttig bakteppe, sidan den legg vekt på at lesaren møter litteraturen med si eiga forforståing, forma av hans eller hennar historiske og kulturelle bakgrunn.

4 Om undersøkinga. Metode

4.1 Utval av bøker

I 2009 vart det gjeve ut fire finske skjønnlitterære bøker i norsk omsetjing av forfattarane Kari Hotakainen, Aino Kallas, Sofi Oksanen og Arto Paasilinna. Eg ønskete prinsipielt å inkludere finlandssvensk litteratur i undersøkinga, men dette året vart det ikkje gjeve ut bøker av finlandssvenske forfattarar på norsk. I Finland vart det gjeve ut ni norske skjønnlitterære bøker i finsk omsetjing av forfattarane Kjell Askildsen, Kjell Ola Dahl, Tom Egeland, Karin Fossum, Nikolaj Frobenius, Jo Nesbø (to titlar), Per Petterson og Anne B. Ragde. Her kan ein kan merke seg at utgjevingane i 2009 både i volum og type litteratur samsvarer med eit mønster dei siste 10-15 åra: Norsk litteratur i eit forholdsvis breitt utval blir omsett til finsk, medan utvalet av finsk litteratur omsett til norsk er mindre og smalare. Alle titlar er fyrsteutgåver registrerte i Norsk bokfortegnelse og Finlands nasjonalbibliografi. Nyutgåver av tidlegare publiserte titlar er altså ikkje talde med. Sidan eg har valt å halde krim, spenning og formelprega underhaldningslitteratur utanfor undersøkinga, blir Askildsen, Frobenius og Petterson i finsk omsetjing ståande att, medan ingen av dei finske bøkene i norsk omsetjing høyrer til desse sjangrane. Det skal rett nok nemnast at ei bok på kvar side har vore gjenstand for diskusjon: *De skjødesløse* (finsk original: *Huolimattomat*) av Kari Hotakainen blir av enkelte av meldarane omtalt som krim, medan *Pelon kasvot* (norsk original: *Jeg skal vise dere frykten*) av Nikolaj Frobenius har element frå krim- og skrekksjangeren. Eg har vurdert det slik at kriminalintrigen i desse bøkene tener til å støtte opp under hovudtematikken, utan sjølv å ha hovudinteressa.

I utvalet for undersøkinga har eg også halde utanfor *Gjennom eld og vatn* av Aino Kallas (1878-1956). Det er ei samleutgåve av tre kortromanar opphavleg utgjevne frå 1923 til 1928,

haldne i krønikestil og med handling og tema bygd på estisk myte- og tradisjonsstoff. I innhald og form, og ved ikkje å vere skiven av ein samtidsforfattar - Kallas si aktive tid som forfattar var i fyrste halvdel av 1900-talet - skil den seg nokså mykje frå dei andre bøkene. Ved å velje vekk denne har eg fått eit meir einskapleg materiale som også er overkomeleg i omfang, det vil seie tre romanar frå kvart land, alle skrivne av samtidsforfattarar.

4.2 Registrering av bokmeldingar

Med i materialet er signerte omtalar og bokmeldingar publiserte frå og med 1. januar 2009. Eg har ikkje gjort avgrensingar med omsyn til lengd, men har vurdert det slik at både korte og lengre tekstar kan vere interessante, så lenge dei er signerte og innhold vurderingar.

Meldingane er funne etter søk i norske og finske artikkelsbasar, på litterære nettstader og forlaga sine heimesider. Oversyn over desse er plassert sist i litteraturlista. Bokmeldingane er vedlagde i fulltekst, ordna etter publiseringdato. For det finskspråklege materialet har eg lagt ved den norske omsetjinga, ikkje originalteksten.

Meldingane av norske bøker i Finland er alle frå finskspråklege aviser og media. Finlandssvenske artikkelsbasar er undersøkte utan å gje tilslag, og materialet inneholder altså ikkje svenskspråklege bokmeldingar. Eg har sjølv omsett dei finskspråklege meldingane til norsk. Tekstane er deretter retta og språkvaska av statsautorisert tolk og omsetjar Tellervo Laine, som har finsk som morsmål, men den endelege utforminga står eg sjølv ansvarleg for. Her vil eg nemne at omsetjing og teksttolking av omsette tekstar alltid vil ha eit moment av uvisse over seg. Sjølv om tekstane er kontrollerte og språkvaska, kan ein ikkje vere heilt trygg på at ein har rett forståing av alle detaljar og språklege valørar og ikkje minst av tankegangen bak orda og formuleringane. Men sidan eg har hatt hjelp av ein profesjonell omsetjar, må eg likevel stole på at samsvaret mellom originaltekst og omsetjing i mitt tilfelle er godt nok.

4.3 Analysearbeidet

Formålet med analysen er å finne i kva grad, på kva måte og korleis bøkene blir mottekte av melderane i nabolandet. Eg registerer derfor kor mange meldingar den enkelte boka får og ser på kva for kanalar som publiserer meldingane. Vidare undersøkjer eg korleis melderane vurderer bøkene og grunngjev meiningsane sine, og om meldingane er grundige. Eg er også interessert i å sjå om meldingane uttrykkjer spesielle haldningar eller forventningar til nabolandet sin kultur og litteratur. Analysen tek ikkje sikte på å vurdere bokmeldingane som

litterær uttrykksform, samanlikne meldarane sin stil eller plassere meldingane i ein spesiell tradisjon.

4.3.1 Meldarane si vurdering og grunngjeving. Argumentasjonsnivå, grundigkeit

I innhaldsanalysen av meldingane har eg hatt Per Thomas Andersen si kriterieinndeling for vurdering av litterær kvalitet (Andersen 1987) som hjelp til å sjå kva for innfallsvinklar meldarane har til verket, om dei er interesserte i både innhald og form, politisk eller annan bodskap og om på kva for måtar dei meiner at verket er viktig eller litterært godt, og om dei har kunnskap om forfattarskapen og ser verket i samanheng med annan litteratur. Eg har ikkje funne det interessant å gjere ei systematisk oppteljing av ulike kriterium i bruk i meldingane. Ikkje alle kriterium har like stor relevans for alle typar litteratur, og hovudsaka for meg er å få fram meldarane si forståing og vurdering av verka dei melder, og kva grunnlag dei vurderer ut frå.

Eg prøver derimot å sortere meldingane i grad av grundigkeit i argumentasjon, og her har eg brukt ein inndelingsmåte som Cecilie Wright Lund nyttar i ei undersøking av kulturdekninga i utvalde norske, svenske og danske aviser i 2003. Skjønnlitteratur er ein av ti typar kulturstoff ho har undersøkt, og resultatet er publisert i boka *Kritikk og kommers: Kulturdekningen i skandinavisk dagspresse* (Lund 2005). Eitt av siktemåla med studien var å få meir kunnskap om argumentasjonsnivået i aviskritikken, både når det gjeld litteratur og andre kunstformer. Ho opererer med fire kategoriar av argumentasjonsnivå (Lund 2005 s. 78):

1. “analytisk og nyansert vurdering”. Undersøkjande, reflekterande, som opnar perspektiv. Har ofte eigenverdi som sjølvstendig tekst. Meldaren viser kriteriemedvit
2. “noe, men begrenset vurdering”. Enkel, ikkje spesielt problematiserande framstilling. 1-2 avsnitt med vurdering av kunstnarlege verkemiddel
3. “forbrukerveiledning”. Handlingsreferat dominerer. Karakteriserande stil. Kan innehalde ei tilråding eller åtvaring til lesaren

Den fjerde kategorien, “slakt/panegyrikk” utan premissar for grunngjevinga, har ikkje vore relevant å ta i bruk på mitt materiale (ifølgje Lund er den uvanleg innanfor litteraturfeltet og først og fremst synleg innanfor film og musikk). I praksis er Lund si inndeling ikkje uproblematisk. Kriteriemedvitet som ho krev av meldingane på høgste nivå er ikkje alltid like

synleg, og i analysen av meldingstekstane på alle nivå kan eg kome til å tolke inn meir enn meldaren eigentleg seier i klartekst. Det er heller ikkje lett å bruke same mal for vurdering av bokmeldingar som gjeld svært forskjellelege typar av litteratur – Sofi Oksanen og Arto Paasilinna kan stå som ytterpunkt her. Ikkje alle bøker innbyd til like mykje refleksjon og drøfting, og det er lett for å sortere meldingane for den enkelte boka etter innbyrdes kvalitetsnivå i staden for etter eit overordna prinsipp for inndeling av argumentasjonsnivå.

Eit anna aspekt av grundigkeit er meldingsteksten si lengd. Her har eg registrert talet på teikn (med mellomrom) for kvar tekst, og kan med det gjere ei enkel samanlikning av meldingane i materialet. Lengda på dei finskspråklege tekstane gjeld den omsette norske versjonen.

4.3.2 Haldningar og forventningar til nabolandslitteratur- og kultur

Omgrepet forventningshorisont, utvikla av Jauss, som seier at leseren møter litteraturen med føresetnader som har grunnlag i den historiske og kulturelle epoken han eller ho tilhører, dannar eit teoretisk bakteppe for denne delen av undersøkinga. I den praktiske jakta på haldningar og forventningar til norsk respektiv finsk nabolandslitteratur og –kultur i mitt materiale, har eg late meg inspirere av litteraturforskan Eva Herner si avhandling *Svenska recensenter läser finska böcker: En studie i receptionen av finsk prosa, översatt på 1960-talet* (Herner 1999). Eitt av formåla med Herner sin studie var å undersøke om dei svenske bokmeldingane avspeglar reaksjonar på tilhøve som heng saman med at bøkene er finske. Ho finn kommentarar til finsk historie, politikk, samfunn, kultur, litteratur og mentalitet. Kommentarane kan botne i stereotypiar eller i personlege erfaringar utan at det går spesifikt fram av meldingane kva som er kva, men dei gjev i alle høve uttrykk for eksisterande haldningar og ein opplevd distanse til finske tilhøve. Flest kommentarar er å finne i meldingar av bøker med krigstema og lokalfarga, ”nasjonale” bøker, medan det er svært sjeldan å finne referansar til finnar og finskheit i bøker med ikkje-nasjonale tema. I kommentarane til finsk litteratur er det ein del stereotypiar, som ”finskt tung och massiv” og ”finsk berättarsisu”, og det blir halde for typisk finsk at humoren ”[...] ofta är lite absurd”, med ”[...] en djupdimension av tyst tragik” (Herner 1999 s. 243). Meldarane kan også gje uttrykk for ei høfleg, ærbødig haldning til finsk litteratur og eventuelt seie seg leie for at dei kjenner for lite til den. Herner har funne få kommentarar til naturskildringar, men dei som er går i retning av stereotypiar. Når det gjeld overskrifter har ein fjerdedel av meldingane overskrifter som signaliserer finsk innhald, i form av orda ”finsk”, ”finländsk”, ”Finland” eller ”finnar”. Det er altså eit variert sett av måtar som holdningar eller forventningar til nabolandet kan kome til uttrykk på i meldarane sine tekstar, og med bakgrunn i den svenska studien kan ein tenkje seg

at enkelte litterære sjangrar gjev fleire kommentarar om tilhøve som gjeld nabolandet sin litteratur og kultur enn andre.

4.3.3 Utforming av analysen

Eg vurderte ei skjematiske framstillingsform med ei formalisert oppstilling av dei enkelte punkta som skulle undersøkjast, men fann ut at dette var lite gjevande. I staden har eg valt å skrive ein samanhengande tekst om kvar melding. Min tekst er til ein viss grad tilpassa den enkelte meldinga, slik at eg kommenterer det som eg finn relevant og som særpregar meldingsteksten. Det kan også vere meldaren sin stil, sjølv om ei systematisk samanlikning av stiltrekk fell utanfor ramma for mitt arbeid. For enkelte av dei mest grundige meldingane oppsummerer eg med ein systematisk gjennomgang av Andersens kriterium for vurdering av litterær kvalitet, og til slutt plasserer eg den enkelte meldinga i ein av kategoriane 1-3 av Lunds inndeling av argumentasjonsnivå og registrerer uttrykk for eller mangel på uttrykk for forventningar eller haldningars til det finske respektive det norske.

For kvar bok presenterer eg hovudtrekk og tendensar i det analyserte materialet. I teksten plasserer eg dette før analysane av dei enkelte meldingstekstane for vedkomande bok. Eg vil elles nemne at eg har lese alle dei seks bøkene i materialet i norsk utgåve, og er altså kjend med innhald og tema i bøkene som er melde.

5 Resultat

5.1 Meldingar av norsk litteratur i Finland

Det er registrert 30 meldingar av dei tre bøkene, 20 i aviser, 10 i tidsskrift. Askildsen får åtte meldingar, Frobenius 12 og Petterson 10 meldingar. Dei to avisene *Karjalainen* (Joensuu) og *Turun Sanomat* (Åbo) og det litterære tidsskriftet *Parnasso* (Helsingfors) har meldingar av alle tre bøkene.

Innhaldsanalysen omfattar 26 av meldingane. Av den går det fram at litteraturen jamt over blir godt motteken. Men det er ein del usemje om Nikolaj Frobenius sin roman, der fleire av meldarane er kritiske til blandingssjangeren. I meldarane sine grunngjevingar er dei fire kriteria for vurdering av litterær kvalitet (Andersen 1987) synlege i varierande grad. For detaljar viser eg her til oppsummering av meldingane for dei enkelte bøkene i kapittel 6. Når

det gjeld å sjå verket i ein litteraturhistorisk eller samtidslitterær samanheng (genetisk kriterium), jamfører ti av dei 26 meldarane det melde verket med annan litteratur. Av desse refererer to meldarar til annan norsk litteratur, tre til finsk litteratur. Det er altså svært få konkrete uttrykk for kjennskap til eller oversynskunnskap om annan norsk litteratur i dei finske meldingane. Det er Frobenius som gjev opphav til flest litterære jamføringar (7 meldingar), medan tre meldarar set Petterson inn i ein litterær samanheng. Askildsen blir ikkje samanlikna med konkrete forfattarnamn, men ein meldar har ein generell merknad om at Askildsen er “[...] ein av dei beste av dei nolevande forfattarane” (Ikävalko 2009).

Grundigkeit: Dei 26 meldingane varierer i lengd frå 918 til 6137 teikn (med mellomrom), og gjennomsnittslengda er 2695 teikn. Meldingane av Frobenius er lengst (gjennomsnittslengd 2816 teikn), deretter følgjer Petterson (2723 teikn) og Askildsen (2447 teikn). Med omsyn til argumentasjonsnivå (Lund 2005), plasserer eg 14 av meldingane i kategori 1 (“analytisk og nyansert vurdering”), ni i kategori 2 (“noe, men begrenset vurdering”) og tre i kategori 3 (“forbrukerveiledning”).

Når det gjeld haldningar og forventningar til norsk kultur og litteratur, er det få synlege uttrykk for det i dei finske meldingane. Mange av meldarane er svært positive til dei tre forfattarskapane og uttrykkjer både beklagelse over at nokre av dei er for lite kjende i Finland og håp om at fleire av forfattarane sine bøker kan bli omsette til finsk i framtida. Ein meldar er kritisk til at Frobenius sin roman verkar lite norsk. Den reserverte hovudpersonen Trond i Per Pettersons *Hevosvarkaat* gjev ein meldar assosiasjonar til den klassiske romanskikkelsen løytnant Glahn hos Hamsun, utan at han dermed seier i klartekst at han oppfattar dette som ein typisk norsk romanfigur. Nokre meldarar legg ei viss vekt på skildringar av norsk natur i Petterson sin roman. Adjektivet “norsk” er brukt for å markere nasjonal tilhøyrigheit. Ingen meldingsoverskrifter signaliserer at meldinga har eit norsk tema.

5.2 Meldingar av finsk litteratur i Noreg

Det er registrert 32 meldingar av dei tre bøkene, 29 i avisar, 3 på nettstader. Hotakainen får 11 meldingar, Oksanen 12 og Paasilinna 9 meldingar. Dei fire avisene *Aftenposten*, *Dagbladet*, *Klassekampen* og *Stavanger Aftenblad* har meldingar av alle tre bøkene.

Innhaldsanalysen omfattar 29 av meldingane. Av den går det fram at litteraturen jamt over blir godt motteken. Alle meldarane vurderer Sofi Oksanen sin debutroman svært høgt, medan det er ein del usemje om Kari Hotakainen og Arto Paasilinna sine bøker. Hotakainen får kritikk av to meldarar for karikerte personeikningar og ei overflatisk, moraliserande forteljarstemme, medan andre meldarar finn både truverd og djupn i romanen. Paasilinna si bok er den sjette i norsk omsetjing, og ein viss slitasje kan merkast hos nokre av meldarane, som finn at personskildringa er stereotyp og lite truverdig, humoren går på tomgang, ironien er kalkulert og romanen solar seg i si eiga merkverdigheit. I meldarane sine grunngjevingar er dei fire kriteria for vurdering av litterær kvalitet (Andersen 1987) synlege i varierande grad. For detaljar viser eg her til oppsummering av meldingane for dei enkelte bøkene i kapittel 7. Når det gjeld å sjå verket i ein litteraturhistorisk eller samtidslitterær samanheng (genetisk kriterium), jamfører ti av dei 29 meldarane det melde verket med annan litteratur. Av desse refererer to meldarar til annan finsk litteratur, fire til norsk litteratur. Det er altså svært få konkrete uttrykk for kjennskap til eller oversynskunnskap om annan finsk litteratur i dei norske meldingane. Det er Hotakainen som gjev opphav til flest litterære jamføringar (5 meldingar), tre meldarar set Oksanen inn i ein litterær samanheng og to meldarar har litterære jamføringar til Paasilinna.

Grundigkeit: Dei 29 meldingane varierer i lengd frå 795 til 5360 teikn (med mellomrom), og gjennomsnittslengda er 2793 teikn. Meldingane av Oksanen er lengst (gjennomsnittslengd 3303 teikn), deretter følgjer Hotakainen (2788 teikn) og Paasilinna (2231 teikn). Med omsyn til argumentasjonsnivå (Lund 2005), plasserer eg 11 av meldingane i kategori 1 (“analytisk og nyansert vurdering”), 11 i kategori 2 (“noe, men begrenset vurdering”) og sju i kategori 3 (“forbrukerveiledning”).

Når det gjeld haldningar og forventningar til finsk kultur og litteratur, er det ein del synlege uttrykk for det i dei norske meldingane av Hotakainen og ikkje minst av Paasilinna. Her må ein merke seg at begge bøkene i ikkje liten grad inviterer til kommentarar om Finland og finskheit, sidan Hotakainen tek for seg finske mannsmytar og skildrar dei dels i karikert form, dels meir realistisk og innlevande, medan Paasilinna i bøkene sine har utvikla ein heilt særeigen type persongalleri og intrige med rekvisittar som mange oppfattar som typisk finske (vinterkrigen, alkohol). Ein samfunnskritisk brodd er merkbar hos begge, og dei gjer begge bruk av meir eller mindre absurd humor innbakt i ein sakleg forteljestil. Dette er eit stiltrekk som fleire av dei norske meldarane kjenner att som “finsk”. Meldaren i *Dagens Næringsliv*

seier at *De skjødesløse* “[...] har det meste nordmenn kan ønske seg av en finsk roman” (Gabrielsen 2009), her siktar han mellom anna til “de tørre, vemodige observasjonene” og dialogar som er “renhogde og frydefullt kontante”, medan meldaren i *Aftenposten* konkluderer med at *Den senile landmåleren* er “praktfullt finsk” (Ottesen 2009). *Stalins kyr* av Sofi Oksanen har også eit klart finsk tema. Den viser fram kulturskilnader mellom Estland og Finland og har eit kritisk syn på det finske samfunnet si haldning andsynes estarar. Men denne romanen har i liten grad fått dei norske meldarane til å poengtere og kommentere finskheit. Det kan kome av at Oksanen i komposisjon og stil ligg eit stykke unna Hotakainen og Paasilinna, ho eksperimenterer med form, har ein personleg, konkret uttrykksmåte og er for det meste djupt alvorleg, utan underliggjande humor som verkemiddel.

Adjektivet “finsk” blir brukt som nasjonalitetsmarkør i meldingane, men kan også ha karakteriserande funksjon (“heidundrandes finsk heisatur”, “en ny finsk reise”). Sju av 29 meldingsoverskrifter signaliserer eit finsk tema i meldinga (Hotakainen fire, Paasilinna to og Oksanen ei overskrift), altså nærmare ein fjerdedel av overskriftene. Dette samsvarar med Herner si undersøking av meldingar av finsk litteratur i Sverige på 1960-talet, der ein fjerdedel av dei svenske meldingsoverskriftene signaliserte eit finsk tema i meldinga (Herner 1999). Sett under eitt kan ein seie at alle dei tre romanane omsette frå finsk til norsk i 2009 er det Herner kallar “nasjonale”, ved at dei skildrar eller drøftar utprega finske tilhøve og tema (Herner 1999), og dette kan vere ei årsak til at dei norske meldarane uttalar seg om finskheit og finske tilhøve.

5.3 Samanlikning. Konklusjon

Det er registrert 30 meldingar av dei tre norske bøkene i Finland, og 32 meldingar av dei tre finske bøkene i Noreg. Det er altså funne litt fleire meldingar i norske media. I Noreg dominerer avismeldingane, i alt 29, medan dei resterande tre er meldingar på nettstader. I Finland er mønsteret annleis. Her er det funne 20 meldingar i aviser og 10 i tidsskrift. Dette kan ha med avistettleik å gjøre. Ifølgje statistikken *Tidningspress i Norden* (Tidningarnas förbund udatert) var det 194 aviser i Finland i 2009, medan det tilsvarande talet for Noreg var 229 aviser. Men det kan også tyde på at det er større tradisjon i Finland for å melde bøker i tidsskrift.

Av innhaltsanalysen går det fram at den finske litteraturen jamt over blir godt motteken i Noreg og den norske litteraturen tilsvarende godt motteken i Finland. Askildsen og Petterson får entusiastisk omtale av dei finske meldarane, og Oksanen blir vurdert svært høgt av dei norske meldarane. Når det er usemje gjeld det ofte tilhøvet mellom innhald og litterære verkemiddel, som sjangerblanding hos Frobenius, karikerte personteikningar og ei moraliserande forteljarstemme hos Hotakainen og stereotypiar og kalkulert ironi hos Paasilinna. Det er ikkje store synlege skilnader i meldarane sin argumentasjon i høve til Andersen sine fire kvalitetskriterium (Andersen 1987). Når det gjeld å sjå bøkene i ein litteraturhistorisk eller samtidslitterær samanheng (genetisk kriterium), er resultatet nokså likt. 10 norske og 10 finske meldarar jamfører dei melde verka med litteratur av andre forfattarar, men svært få – to meldarar i kvart land – refererer til andre forfattarnamn i høvesvis finsk og norsk litteratur. Det er altså svært få konkrete uttrykk for kjennskap til eller oversynskunnskap om annan finsk eller norsk litteratur i meldingane. Det er elles Frobenius som gjev opphav til flest litterære jamføringar (7 meldingar i Finland), medan Hotakainen følgjer like etter (5 meldingar i Noreg).

Eg har brukt talet på teikn i meldingstekstane som eitt av to mål på grundigkeit. Dersom ein ser på gjennomsnittslengd av meldingane, er det ikkje stor skilnad på norske og finske meldingar. Ei norsk melding er på gjennomsnittleg 2793 teikn (med mellomrom), medan ei finsk melding er på 2695 teikn. Dei norske meldingane er altså gjennomsnittleg litt lengre enn dei finske. Meldingane av Sofi Oksanen har lengst gjennomsnittslengd (3303 teikn med mellomrom), deretter følgjer Nikolaj Frobenius (2816 teikn), medan Arto Paasilinna får dei kortaste meldingane (2231 teikn). Lengste melding i materialet er på 6137 teikn, det er ei melding av Per Pettersons *Hevosvarkaat* i avis *Uutispäivä Demari* (Ruotsalo 2009).

Argumentasjonsnivå er også brukt som eit mål på grundigkeit, og her har eg følgt Cecilie Wright Lunds inndelingsmåte (Lund 2005). I kategori 1, “analytisk og nyansert vurdering”, har eg plassert 14 finske og 11 norske meldingar. I kategori 2, “noe, men begrenset vurdering”, har eg funne 11 norske meldingar og ni finske, medan sju norske og tre finske meldingar har hamna i kategori 3, “forbrukerveiledning”. Dei finske meldingane skårar altså noko høgre i høve til argumentasjonsnivå. Her vil eg peike på at dette til dels kan henge saman med type litteratur som er meld - ikkje alle typar bøker innbyr like mykje til analyse og problematisering. Ein kan elles merke seg at det finske materialet ikkje inneheld terningkastmeldingar, medan det er fem meldingar av denne typen på norsk side.

Når det kjem til spørsmålet om ein synleg forventningshorisont til nabolandet sin kultur og litteratur, er det skilnader mellom det finske og det norske materialet. I begge land stiller melderane seg positive til forfattarskapane og ser fram til at fleire av forfattarane sine bøker kan bli omsette i framtida. Men medan kommentarar til finskheit og finske drag i litteraturen finst hos mange av dei norske melderane, særleg i meldingar av Hotakainen og Paasilinna sine romanar, er det svært få slike kommentarar i det finske materialet. Adjektivet "norsk" blir av dei finske melderane mest brukt som nasjonalitetsmarkør på forfattarane, medan adjektivet "finsk" også har karakteriserande funksjon for enkelte norske melderarar ("heidundrandes finsk heisatur", "en ny finsk reise"). Ingen finske meldingsoverskrifter signaliserer norsk tema, medan sju norske meldingsoverskrifter signaliserer at meldinga har finsk tema.

Ein grunn til skilnaden kan vere at dei finske bøkene som er utgjevne i Noreg i 2009 har uttalt "nasjonale" tema og på den måten legg opp til drøfting av og kommentarar til Finland og finskheit, medan dei norske bøkene utgjevne i Finland i 2009 kan seiast å vere meir allmenne i innhald og tema (den eine endåtil med tema frå USA). Ei årsak til at dei finske meldingsoverskriftene ikkje markerer norsk tema kan ligge i at finsk publikum kan ha blitt så vant til norske bøker etter nærmare 20 år med omsetjing i eit nokså breitt spekter at det ikkje kjennest relevant eller naudsynt å flagge norskheit i overskriftene. På norsk side har det ikkje vore tilsvarande volum og breidd i omsetjinga frå finsk. Vidare kan ein spekulere på om den norske bokmarknaden når det gjeld preferansar for finsk litteratur er mest mottakeleg nettopp for bøker som er utprega finske i karakteren. Eit forhold som eg ikkje har undersøkt er om det skulle vere ein tendens i finsk samtidslitteratur til å problematisere finskheit og nasjonale særdrag, til dømes som følgje av at landet kom inn i EU-fellesskapen tidleg på 1990-talet, og om ei tilsvarande litterær behandling av norskheit i Noreg skulle vere mindre vanleg. Dette let eg liggje her, og nøyter meg med å peike på at skilnaden i mottakinga av bøkene frå 2009 i alle høve kan ha samanheng med typen litteratur som vart gjeven ut dette året.

6 Analyse av bokmeldingar: Norsk i Finland

6.1 Kjell Askildsen: Samtidsklassikar frå 1969 (Askildsen 2009)

Kjell Askildsens forfattarskap er kjend i Finland gjennom tre omsette novellesamlingar på 1990-talet. I 2009 vart kortromanen *Omgivelser* frå 1969 utgjeven på finsk på forlaget Like,

med tittel *Saari* (Øya). Det er registrert åtte meldingar av *Saari*, fem i aviser og tre i tidsskrift, og seks av meldingane er analyserte her (to meldingar er av ulike grunnar utelatne). Dei seks meldarane er alle svært positive til *Saari*. Det ser ut til å vere eit verk som innbyd til å drøfte tilhøvet mellom innhald og form. Meldarane kommenterer komposisjonsteknikken med skiftande synsvinkel som byggjer opp til eit spenningsfylt psykologisk kammerspel mellom den vesle fyrvaktarfamilien og sommargjesten. Den isolerte øya er kulisse, handlinga skjer innanfor eit avgrensa tidsrom og sjalusi vert identifisert som berande tema. Askildsens minimalistiske stil blir framheva som svært godt eigna til å få fram truverdige psykologiske portrett. Estetikk, truverd og realisme er altså hovudsaka for meldarane. Ingen av dei plasserer forfattarskapen i ein litteraturhistorisk eller samtidslitterær samanheng.

Meldingane varierer i lengd mellom 918 og 3950 teikn (med mellomrom), med eit gjennomsnitt på 2447 teikn. Når det gjeld Lunds kategoriar av argumentasjonsnivå plasserer eg fire av meldingane i kategori 1 (øvste nivå), ein i kategori 2 og ein i kategori 3.

Kunnskap, haldningar, forventningar, markørar til det norske: Ein meldar gjev uttrykk for å ha lese fleire bøker av Askildsen, tre meldarar ønskjer seg meir av Askildsen på finsk. Adjektivet "norsk" blir brukt for å presisere forfattaren sin nasjonalitet. Meldingane relaterer ikkje på andre måtar til noko norsk.

6.1.1 Kjell Askildsen – Saari (Ikävalko 2009) (Meldingstekst i vedlegg, s. 83)

Karakteristisk for meldinga er at meldaren viser kjennskap til og er begeistra for Askildsens forfattarskap, og gjev openlyst uttrykk for det. Meldaren set pris på *Saari* for konsentrasjon i framstillinga, presist språk, lakonisk stil og Askildsen si evne til å gjere stoffet levande for lesaren. Forlaget får ros for formgjeving, lay-out og omslagstekstar som gjer at boka framstår som ein kunstnarleg heilskap av innhald og ytre form. Meldaren viser kriteriemedvit og er klar på at komposisjon, språk, stil og andre estetiske sider ved verket er vesentlege for vurderinga hans. Framfor alt ønskjer han at litteraturen skal ha røyndomsskapande evne, og han avrundar nærmast med ein poetikk i kortform når han seier at det viktige for all litteratur er å gjere ord til kjøt.

Meldaren har ikkje funne det naudsynt å skissere handlingsgang eller utdjupe andre forhold. Han identifiserer tema for romanen som sjalusi, utan å drøfte korleis det blir utvikla i teksten til dømes gjennom personeikning og intrige, og seier heller ikkje noko om kor vidt temaet er

vikting eller relevant. Slik sett kan ein seie at meldinga er lite informativ. Men ho er velforma og entusiastisk, har eit visst autoritatativt preg og kan truleg vekkje interesse blant lesarar som kjenner seg att i meldarens litteratursyn. Andre kan eventuelt ta til seg den vesle åtvaringa av forbrukarretteliande karakter om at forfattarens kortform kanskje ikkje høver for alle.

Meldaren er fascinert av Askildsens kortform, og kan ha late seg inspirere til sjølv å skrive kort og fyndig. Med det blir meldinga eit døme på impresjonistisk litteraturkritikk, der meldaren i stil og skrivemåte legg seg tett opp til verket som skal meldast. I høve til Lunds kategoriar av argumentasjonsnivå (Lund 2005) kan meldinga plasserast på nivå 2, “noe, men begrenset vurdering”.

Kunnskap, haldningar, forventningar, markørar til det norske: Meldaren kjenner Askildsen sin forfattarskap og gjev uttrykk for å ha lese fleire bøker av han. Adjektivet “norsk” er brukt ein gong for å presisere forfattaren sin nasjonalitet.

6.1.2 Konsentrert skildring (Saurama 2009) (Meldingstekst i vedlegg, s. 83)

Meldinga konsentrerer seg om romanen som eit psykologisk kammerspel, der forfattaren har tildelt dei medverkande ulike roller: Mardon (kompromissløyse, maktbruk, nederlag, tilstivna mannsfigur), Maria (draum, undertrykte kjensler, vaksen kvinne), Marion (håp, oppvakning, ung kvinne), Krafft (kunstnaren, katalysator for endring). Fyrvaktarfamilien står for det jordnære, medan Krafft representerer danning. Det psykologiske dramaet, som dreiar seg om kjærleik, sjalusi, maktkamp og frigjering, blir utløyst av den framande sommargjesten. Dramaet blir næra av fysisk isolasjon og innestengde kjensler. Når Mardon til slutt jarar Krafft frå øya, peikar meldaren på at alt endar i openheit og at personane står på terskelen til noko nytt.

Meldaren gjer greie for forfattarens forteljeteknikk og stil. Han peikar på at teksten er fortetta og “lada av stemning”, uttrykket er altså knapt, men har ein opplevingskvalitet som fangar lesaren. Hendingar og scener glir over i kvarandre, og synsvinkel og subjekt vekslar.

Fyrkikkerten har ein sentral plass, den samlar i seg kjensla som øybuarane har av heile tida å vere observerte av nokon: “Alt er synleg, alle ser”. I følgje meldaren gjeld dette både på ytre og indre plan, romanpersonane observerer kvarandre samtidig som dei lyser kvarandre opp tematisk. Meldaren konkluderer med at *Saari* er “intens og avslørande” i si skildring av det inste i mennesket. Han framhevar altså både det sterktverkande forteljargrepet og at forfattaren evnar å seie noko sant om den menneskelege psyken. Om Askildsen seier han

vidare at han er “nådelaust ærleg”, og tillegg han såleis nærmast ein personleg moralsk kvalitet.

Meldaren skriv sjølv konsist og uttrykksfullt. Han har klare oppfatningar og går langt i å tolke verket for lesaren, utan at det verkar sjølvoppteke og påtrengande. Han gjer ikkje forsøk på å plassere forfattarskapen inn i ein historisk eller samtidslitterær samanheng. I høve til Lunds kategoriar av argumentasjonsnivå (Lund 2005) vil eg likevel plassere meldinga på øvste nivå 1, som er kjenneteikna av “analytisk og nyansert vurdering”.

Kunnskap, haldningar, forventningar, markørar til det norske: Meldaren nemner at Askildsen sine noveller er omsette til finsk i “gledeleg mengd”, og viser såleis at han set forfattaren høgt. Adjektivet “norsk” er brukt ein gong for å presisere forfattaren sin nasjonalitet.

6.1.3 Møte, rørsler, synsvinklar (Pulli 2009) (Meldingstekst i vedlegg, s. 85)

Meldaren kallar romanen ein “storslått” komposisjon, som er gjennomført frå omslagsbiletet via fyrste setning til konklusjonen på siste side. Vesentleg i komposisjonen er Askildsens forteljetekniske grep: å følgje eit blikk frå ein stad til ein annan, utan å avsløre kven som ser. Forfattaren vidareutviklar det ved å la synsvinkelen skifte umerkeleg frå person til person, ved å klippe scener og å legge inn alternative parallelle scener. Ein effekt av dette er at lesaren blir usikker på kva som eigentleg skjer. I komposisjonen inngår også biletbruk som speglar personar og tema i romanen: fyrtårnet, øya, eit minne om to ihelfrosne personar (som først kunne sjå levande ut). Meldaren peikar på erotisk lada bilet og situasjonar og tolkar personnamna i fyrvaktarfamilien symbolsk – dei er variantar av same namn, og viser til noko samanflytande, konturlaust. Sjalusi og einsemd blir identifisert som hovudtema. Heilskapen av innhald og form blir karakterisert som “skarp”, “vakker” og “grusom”, og omsetjaren får ros for “følsom og vibrerande” finsk språkdrakt. Meldaren framhevar her at romanen talar til kjensler og gjev att den dramatiske røyndommen på ein truverdig og innlevande måte. Ho uttrykkjer glede ved å lese boka, og seier at ho gjerne ville ha lese den om att straks, fordi ho ønskjer å få med mest mogleg av ting ho eventuelt har gått glipp av under fyrste lesing. Boka har altså vekt leselyst, også dei sidene ved den som framstår som gátefulle og uklare.

Meldinga har ikkje med bakgrunnsstoff om forfattarskapen, så nær som ei saksopplysning om at originalutgåva av romanen er frå 1969. Derimot blir boka sitt ytre kommentert:

Omslagsillustrasjonen viser ei øre som lager bølgjer i vatnet, og meldaren koplar dette til rørlene som oppstår i romanen. Det er tydeleg at meldaren oppfattar *Saari* som ein estetisk

heilskap av språk, innhald og tema. Meldinga er velskriven, og kommenterer ikkje teksten i hel. I høve til Lunds kategoriar av argumentasjonsnivå (Lund 2005) vil eg plassere meldinga på øvste nivå 1, kjenneteikna av “analytisk og nyansert vurdering”.

Kunnskap, haldningar, forventningar, markørar til det norske: I samband med saksopplysning om at originalutgåva er frå 1969, kommenterer meldaren at det var på tide at romanen no vart omsett til finsk. Ho gjev altså indirekte uttrykk for at Askildsen-omsetjingar på den finske marknaden er eit gode. Ho seier ikkje noko om forfattaren sin nasjonalitet, og meldinga relaterer heller ikkje på andre måtar til noko norsk.

6.1.4 Mumnipappa og Max von Sydow (Kononen 2009) (Meldingstekst i vedlegg, s. 86)

Meldaren gjev *Saari* merkelappen skodespellknande robinsonade, og introduserer heilt kort personar, scene, intrige og tema. Han samanliknar forfattaren med ein sjakkspelar som utviklar temaet med å flytte brikker, og framhevar at romanen er koncentrert i form og stemningslada som ein Bergman-film. Settinga med fyrtårn på ei øy gjev han assosiasjonar til Tove Janssons *Pappaen og havet*. Meldinga inneheld også ei setning om at forfattaren har eit stort namn i heimlandet, og ein rosande merknad til at forlaget Like presenterer nordisk litteratur på ein god måte.

Meldinga er kort og ikkje lett å bli klok på. Den peikar på estetiske kvalitetstrekk, set Askildsen inn i ei slags litterær referanseramme og har eit visst ironisk uttrykk, som i setninga “Naturlegvis fell både fyrvaktarens dotter og kone for forfattaren”. Samanlikninga med Bergmans filmar er henta frå forlagsteksten på omslaget, medan det meir låttvekkjande biletet av Max von Sydow bak ei tørrfurū står for meldaren si eiga rekning. Han viser til forfattarens ry gjennom opent å sitere frå Wikipedia, noko som neppe er vanleg blant finske litteraturmeldarar. Meldinga er uortodoks i form, men elles velformulert og poengtert. Den drøftar i liten grad problemstillingar som kan opne opp romanen for lesarane, og eg vil plassere den i kategori 3 i Lunds inndeling av argumentasjonsnivå, meldingar med forbrukarrettleiande preg (Lund 2005).

Kunnskap, haldningar, forventningar, markørar til det norske: Meldaren siterer Wikipedia på at forfattaren høyrer til dei høgast verdsette norske samtidsforfattarane. Meldinga relaterer ikkje på annan måte til noko norsk.

6.1.5 Ei litterær perle (Rantanen 2009) (Meldingstekst i vedlegg, s. 86)

Innleiinga samanfattar Askildsens forfattarskap: ”lite er meir”. Det påverkar forteljeteknikk, stil og innhald: det gjeld å å få fram det vesentlege og unngå overflødig snakk. Meldaren seier at teksten i *Saari* ”pustar” og er ein ”nøkkelen” til ulike tolkingar. Han oppfattar altså teksten som organisk, samtidig som den er ein reiskap: Den har estetisk funksjon (gjer innhaldet levande) og gjev hjelp til betre forståing. Meldaren gjer greie for skodeplass, personar og tema (begjær, sjalusi og distanse mellom menneske i nære relasjonar) og gjev forfattaren ros for personteikning og minimalistisk stil. Han peikar på forteljeteknikken med vekslande synsvinkel som gjev lesaren meir informasjon enn dei medverkande romanpersonane. Dette komposisjonstrekket tener til å involvere lesaren i det som hender. Meldinga blir avrunda med ei verdiladd utsegn om at verda av i dag trur det trengst høgt volum for å bli høyrt, medan Askildsen står for det motsette. Meldaren tilkjennegjev at han er einig med forfattaren i at det lågmælte og usagte kan vere tilstrekkeleg. Han gjev *Saari* karakteristikken ”tidlaus”, dvs. allmenngyldig og alltid relevant, og konkluderer med at romanen er ei ”lita litterær perle”.

Dei estetiske sidene ved verket veg tungt for meldaren. Han gjer greie for komposisjon og stil og korleis det tener til å byggje opp under temaet. Han har tydelege, grunngjevne meininger og ei positiv vurdering av forfattaren sin tilnærningsmåte – det verkar nærmast som om han held det for ein moralsk verdi at Askildsen er avdempa og lite støyande. Karakteristisk for meldingsteksten er korte setningar og eit nøkternt, sakleg språk. Slik sett legg meldaren seg i stil opp til verket som blir meldt. Entusiasmen skin likevel gjennom i få og sterke uttrykk: ”ei perle”, ”utmerkt arbeid”. I høve til Lunds kategoriar av argumentasjonsnivå (Lund 2005) vil eg plassere meldinga på øvste nivå 1, kjenneteikna av ”analytisk og nyansert vurdering”.

Kunnskap, haldningar, forventningar, markørar til det norske: Meldaren brukar adjektivet ”norsk” når han introduserer forfattaren. Meldinga relaterer ikkje på annan måte til noko norsk.

6.1.6 På øya betyr kvar rørsle noko (Ylitalo 2009) (Meldingstekst i vedlegg, s. 87)

Meldaren innleier med å presentere forfattaren, som fått Sveriges Akademis nordiske pris av året og har eit særskilt ry som novellist. *Saari* er eit sentralt verk i Askildsens forfattarskap, og meldaren siterer forlagsteksten på bokomslaget som samanliknar verket med Ingmar Bergmans filmar, ved at dei viser fram menneskeleg råskap under glasuren av danning. Ho går grundigare inn i teksten og presenterer personar og skodeplass. Ho er oppteken av at

romanen gjev ei detaljert framstilling av psykologien i dei menneskelege relasjonane, der sjalusien kjem til å kaste om på alt. Detaljert er også skildringa av fysiske rørsler og av korleis personane observerer kvarandre, med og utan kikkert. Sommargjesten får fram skjulte kjensler i fyrvaktarfamilien, og han er også den som viser korleis kalkulert åferd kan vere nødvendig i eit tett samspel mellom menneske.

Meldaren biletlegg tolkinga si med fleire lengre sitat frå boka. Ho viser korleis stil og forteljeteknikk byggjer opp under romanen sitt tema og gjer den psykologisk truverdig. Ho peikar på at *Saari* har eit filosofisk innhald (i form av ein slags livsfilosofi: ein må halde ut sine nærmaste) og trur at den kan ha allmenn interesse for eit stort publikum. I tillegg finn ho at den er underhaldande (utan å utdjupe underhaldingsaspektet). I høve til Lunds kategoriar av argumentasjonsnivå (Lund 2005) vil eg plassere meldinga på øvste nivå 1, kjenneteikna av “analytisk og nyansert vurdering”.

Kunnskap, haldningar, forventningar, markørar til det norske: Meldaren brukar adjektivet “norsk” når ho introduserer forfattaren. Ho viser forventningar til forfattarskapen når ho avrundar med følgjande utsegn: “Forhåpentlegvis vil det av Askildsens produksjon bli omsett meir i framtida.” Meldinga relaterer ikkje på annan måte til noko norsk.

6.2 Nikolaj Frobenius: Amerikansk skrekk på norsk (Frobenius 2009)

Pelon kasvot – direkte omsett “Fryktas ansikt” – er tittel på den finske utgåva av romanen *Jeg skal vise dere frykten* av Nikolaj Frobenius, og det er einaste verk av forfattaren som er omsett til finsk til no. Den norske originalen er frå 2008, den finske versjonen vart utgjeven året etter, og av dei seks bøkene i materialet er dette den som er omsett med minst tidsetterslep.

Forfattaren gjesta Finland i samband med utgjevinga og gav også intervju. Romanen bygger på historiske fakta om den amerikanske forfattaren Edgar Allan Poe og litteraturredaktøren Rufus Griswold, og Frobenius har lagt til fiktive element og komponert ein intrige med trekk både frå dokumentar-, krim- og skrekksjangeren.

Boka får blanda mottaking i Finland. Det er semje om at romanen har eit originalt emneval, stort kunnskapstilfang, kompleksitet og gode stilistiske kvalitetar. Fem meldarar seier seg svært godt fornøgde, men andre stiller spørsmål ved sjangerblandinga og meiner at den gjer forfattaren sitt prosjekt uklart og sprikande. Ein meldar kallar romanen “forvirrande” (Petäjä

2009), ein annan “maniert” (Nummelin 2010), medan ein tredje seier at den gjev lesaren ei “ubestemmeleg kjensle” (Orhanen 2009a). Det er også omdiskutert om ein såpass krim- og skrekkprega roman fortener plassen i forlaget Tammi sin tradisjonsrike kvalitetsserie *Keltainen kirjasto*. Meldarane identifiserer tema som sjalusi, plagiering, frykt, verdas svarheit og kunstnarproblematikk, men det varierer i kva grad dei finn at forfattaren går djupt nok i temabehandlinga. Ein meldar legg særleg vekt på ei etisk/kognitiv problemstilling: om litterært frislepp av frykt kan vere både gagnleg og skadeleg. Ein annan kritiserer romanen for tradisjonell moral: alt jordisk ry er forgjengeleg. Sju meldarar set Frobenius inn i ein samanheng med andre forfattarar. Han blir samanlikna med William Faulkner og Umberto Eco, det blir vist til finske forfattarar som skriv biografiske romanar (Eeva-Liisa Manner, Jari Tervo) og til klassiske skrekkskildringar (Frankenstein, Dracula, Faust). Ein meldar ser ein parallel til Poe og Griswold i relasjonen mellom den finske forfattaren Aleksis Kivi og kritikaren August Ahlquist, ein annan finn det relevant å innleie med eit Nietzsche-sitat om mennesket som eit litterært forstørrelsesglas.

Det er registrert 12 meldingar av *Pelon kasvot*, åtte i aviser, fire i tidsskrift. To av meldingane er av ulike grunnar utelatne frå analysen. Dei ti analyserte meldingane varierer i lengd frå 2061 til 3874 teikn, med eit gjennomsnitt på 2816 teikn. Når det gjeld Lunds kategoriar av argumentasjonsnivå plasserer eg seks av meldingane i kategori 1 (øvste nivå) og fire i kategori 2.

Kunnskap, haldningar, forventningar, markørar til det norske: Ein meldar viser teikn til skuffa forventningar. Han reagerer på at romanen verkar amerikansk, i den grad at ein ikkje skulle tru at forfattaren var norsk, og det verkar som om meldaren finn dette litt uærleg. Ein annan meldar seier seg lei for at Frobenius har fått for lite merksemd i Finland til no. Adjektivet “norsk” blir elles brukt for å presisere forfattaren sin nasjonalitet. Meldingane relaterer ikkje på andre måtar til noko norsk.

6.2.1 Når røyndommen begynner å kopiere litteraturen (Petäjä 2009) (Meldingstekst i vedlegg, s. 88)

Meldaren krediterer forfattaren for originalt emneval (tilhøvet mellom dei historiske personane Edgar Allan Poe og Rufus Griswold), og sjangerplasserer *Pelon kasvot* som biografisk roman, detektivroman og skrekkforteljing. Sjølv om dei biografiske elementa er smidig innpassa i teksten på ein velfungerande måte, har biografiaspektet hemma og lagt

føringer for forfattaren, etter meldaren si mening. Den litterære behandlinga av temaet - motstridande kjensler som viser seg i konkurranse, motvilje, avhengigheit, svik og hemn – er ikkje heilt vellykka. Han konkluderer med at romanen som heilskap ikkje fungerer godt nok, utan å uttrykkje klart kva han eigentleg saknar. Men han verdset forfattaren sine ambisjonar og peikar på estetiske kvalitetar i komposisjon og stil, til dømes lykkast Frobenius når han tek steget inn i Poes skrekkromantradisjon og skildrar “[...] vondskap og redsle [...] overnaturlige hendingar, hemmelege sjelelege rørsler og livets hallusinatoriske avspeglingsar”.

Meldaren gjer nærmare greie for deltemaet plagiering som han finn særleg interessant og som kan følgjast på fleire plan i romanen. I forlenging av dette kan det sjå ut som at det største problemet for meldaren er at romanen opptrer i ei slags forkledning. Han kallar den ein pastisj, og set spørsmålsteikn ved kor bra det eigentleg er at ein norsk forfattar skriv ein roman som verkar så gjennomført amerikansk. Det kan sjå ut som om han meiner det heftar noko uærleg ved måten Frobenius gjennomfører romanprosjektet sitt på, og her legg han eit moralsk kriterium til grunn for vurderinga.

Meldinga er sakleg og drøftande i form. Meldaren diskuterer seg fram steg for steg, og flettar inn innhaldsreferat for å illustrerer poenga sine. Meiningane hans er likevel tydelege. I siste setning, ”Nokre vil det sikkert tiltale [...], andre igjen irriterer det”, er det neppe tvil om at meldaren plasserer seg sjølv i gruppa ”andre” som let seg irritere over at forfattaren ikkje står tydelegare fram med ei spesifikk norsk røyst. I høve til sortering i kategoriar av argumentasjonsnivå (Lund 2005) kan meldinga plasserast i kategori 1, ”analytisk og nyansert vurdering”.

Kunnskap, haldningar, forventningar, markørar til det norske: Meldaren si forventning til ein norsk roman har ikkje blitt fullt oppfylt, han er overraska over at ein norsk forfattar har skrive det han kallar ein ”amerikansk roman”, og utan å utdjupe det nærmare verkar det som om han ønskjer at romanen skulle vere meir farga av forfattaren sin nasjonalitet. Meldinga relaterer ikkje på andre måtar til noko norsk.

6.2.2 Skurk eller helt (Orhanen 2009a) (Meldingstekst i vedlegg, s. 89)

Meldaren tek utgangspunkt i at eit drama har to nødvendige komponentar, ein heltefigur og ein motsats, og gjer ei samanlikning med skodespelet *Amadeus*, med Mozart og Salieri i hovudrollene. Han ser *Pelon kasvot* fyrst og fremst som eit psykologisk drama med

forfattaren Poe og redaktøren Griswold som fleirtydige og mangefaseterte personkarakterar. Det har innslag av homofil kjærleik, og det har ein tredje hovudperson, albinoen Samuel, som meldaren tolkar som den mørke sida av Poe sin personlegdom. Han peikar på at romanen i hovuddrag følgjer Poe sitt livslaup, men ser det ikkje som viktig i kva grad romanen fortel fakta. Hovudsaka er om den fungerer som eit kunstverk. Han drøftar estetiske sider ved verket, og framhevar forfattarens evne til å levandegjere persongalleriet gjennom “interessant gåtefulle” og truverdige skikkelsar.

Meldaren har innvendingar, og knyter dei til si eiga leseoppleveling. Han har ei kjensle av at teksten er for fullpakka og innestengt, i den grad at han har fått “åndeleg pusteproblem” og sit att med ”ei ubestemmeleg kjensle”. Men han er ambivalent og tenkjer at pusteproblemet på eine sida er resultat av godt forfattarhandverk som let lesaren ta del i Poe sine overspente kjensler, til dømes når han skildrar den tilbakevendande angstn for å bli gravlagt levande. På andre sida tek han problemet til etterretning og konkluderer med at ”det er som om lufta skulle forsvinne ut av den [i.e. romanverda]”. Det er altså noko som ikkje fungerer, utan at meldaren er heilt klar på kva det er. Han feller ikkje nokon eintydig dom, men argumenterer nyansert, i ein resonnerande, analytisk stil. I høve til sortering i kategoriar av argumentasjonsnivå (Lund 2005) kan meldinga plasserast i kategori 1, ”analytisk og nyansert vurdering”.

Kunnskap, haldningar, forventningar, markørar til det norske: Adjektivet ”norsk” blir brukt som nasjonalitetsmarkør i presentasjonen av forfattaren. Meldinga relaterer ikkje elles til noko norsk.

6.2.3 Andre grads litteratur (Lappalainen 2009) (Meldingstekst i vedlegg, s. 91)

Meldaren innleier med eit sitat frå romanen som stiller spørsmål ved forholdet mellom litteratur og røyndom. Etter meldaren si mening er dette hovudtemaet i *Pelon kasvot*, som han plasserer i sjangeren metafiksjon/faksjon, det han kallar ”andre grads litteratur”. Denne typen litteratur, der fakta blir blanda med dikting og framsett som ein mogleg variant av sanninga om historiske personar, har fått gjennomslag i samtidia. Av fleire grunnar meiner meldaren at Frobenius sin roman er ein vellykka representant for sjangeren. Han peikar på eit realistisk og truverdig tidsbilete, der mellom anna avisnotisar og brev innmonerte i teksten gjev preg av autentisitet. I kontrast til det realistiske har romanen ei gotisk skrekkstemning som blir skapt ved hjelp av stilistiske verkemiddel av same type som forfattaren Poe gjorde

bruk av. Meldaren er tiltalt av kontrastane og det samansette og fleirtydige i verket, og det er også eit gode at spenninga og mysteria til dels blir verande uoppklarte. Han konkluderer med at *Pelon kasvot* er eit “overflødigheitshorn”, ein totalpakke som får deg “på kroken”.

Romanen har altså ein intensitet som riv lesaren med.

Tematisk ser han ein parallel til konflikten mellom Griswold og Poe i relasjonen mellom Mozart og Salieri, men også i finsk litteraturhistorie i tilhøvet mellom forfattaren Aleksis Kivi og kritikaren August Ahlqvist. I notidsperspektiv har temaet interesse fordi det viser det motsetningsfylte i kunstnarlivet allment og speglar tidslause kjelder til konflikt i den litterære offentlegheita. Meldaren argumenterer solid og ut frå mange innfallsvinklar til kvalitetane i romanen. I høve til sortering i kategoriar av argumentasjonsnivå (Lund 2005) kan meldinga plasserast i kategori 1, ”analytisk og nyansert vurdering”.

Kunnskap, haldningar, forventningar, markørar til det norske: Adjektivet ”norsk” blir brukt som nasjonalitetsmarkør i presentasjonen av forfattaren. Meldinga relaterer ikkje elles til noko norsk.

6.2.4 Poes biografi i Poes stil (Ollikainen 2009) (Meldingstekst i vedlegg, s. 92)

Meldaren presenterer utviklinga av forholdet mellom Poe og Griswold. Forholdet blir etter kvart eit trekantdrama som får fatale konsekvensar når tredjepersonen Samuel begynner å verkeleggjere brotsverk som Poe først har skildra i fiktiv form. Meldaren er oppteken av at *Pelon kasvot* fortel ei livshistorie frå begynnelse til slutt. Spesielle oppvekstvilkår i tidleg barndom set merke for livet og legg grunnen for hovudpersonen si livsforståing, uttrykt i sitatet ”Alt vi gjer er styrt av frykt [...]”. Han gjer greie for den verkelege Poe si rolle som sjangergrunnleggjar innanfor krim, skrekk og til dels science fiction, og rosar Frobenius for å følgje opp stiltrekk og forteljemåte frå Poe sine verk. Forfattaren blir også kreditert for å ha gjort eit grundig førehandsarbeid som har resultert i eit truverdig og skarpt sansa tidsbilete. I det heile framhevar meldaren at romanen gjennomgåande har eit visuelt uttrykk, og koplar det til at Frobenius også er filmmanusforfattar.

Meldinga er velskriven og halden i ein nøytral tone, med eit forholdsvis stort innslag av innhaldsreferat. I vurderinga av verket legg meldaren vekt på estetiske kriterium som stil, tidskoloritt og truverd. Han drøftar i liten grad spørsmål som knyter seg til tema, til dømes frykt, rivalisering og kunstnarproblematikk, men nøyer seg med å konstatere at frykta rår over

enkeltpersonar. I høve til sortering i kategoriar av argumentasjonsnivå (Lund 2005) vil eg plassere meldinga i kategori 2, ”noe, men begrenset vurdering”.

Kunnskap, haldningar, forventningar, markørar til det norske: Adjektivet ”norsk” blir brukt som nasjonalitetsmarkør i omtalen av forfattaren. Meldinga relaterer ikkje elles til noko norsk.

6.2.5 Edgar Allan Poe og tilfellet med seriemordaren (Nummelin 2010) (Meldingstekst i vedlegg, s. 92)

Meldaren tek utgangspunkt i ein aktuell litterær debatt som oppstod i Finland då ein litteraturprofessor og medlem av nominasjonskomitéen for Finlandia-prisen hevda at dagens skjønnlitteratur er infisert av kriminalsjangeren og dermed er blitt ein del av det kapitalistiske underhaldningsmaskineriet. Meldaren meiner at denne påstanden er relevant for Frobenius sin roman, og kritiserer forlaget for å gje den ut i serien *Keltainen kirjasto* [Det gule bibliotek, min merknad], som er kjend for seriøsitet og kvalitet. Han er oppteken av litteraturen sin samfunnsfunksjon og åtvarar mot at skjønnlitteraturen skal bli ein reiskap for kapitalkrefter. Han argumenterer altså politisk, og får samtidig formidla ei generell utsegn om at han vurderer kriminalromanar som underhaldningslitteratur utan litterær interesse.

Meldaren konkluderer med at romanen er god, men ikkje god nok. Hovudårsaka finn han i at boka er for ”maniert”. Med denne innvendinga peikar han mot noko han oppfattar som oppkonstruert og tilgjort i romanen som heilskap. Han ser eit utslag allereie i valet av ein autentisk, verdskjend forfattar som hovudperson, og dreg ein parallel til den italienske forfattaren Giulio Leonis kriminalromanar med forfattaren Dante Alighieri i rolla som etterforskar. Denne typen samrøre av biografi og krim er han imot, men Frobenius sin roman er likevel meir akseptabel ved at hovudpersonen Poe, som det biografiske førebiletet, fullt ut er forfattar. Her kjem meldaren inn på problem kring litterært truverd og sjangeren biografisk roman.

Trass motførestellingar mot sjangerblanding meiner han at *Pelon kasvot* lykkast i å innpassa det biografiske stoffet i teksten på ein diskret og naturleg måte som fungerer kompositionsteknisk godt. Forfattaren får ros for at romanen gjev litteraturhistorisk innsikt og har ”fengslande element”, som ikkje blir nærmare spesifiserte. Men sjølv om meldaren har utbyte av kunnskapsinhaldet og tidvis blir gripen av framstillinga, legg han likevel mest vekt på det han saknar. Han vil ha meir djupn i behandlinga av sentrale tema og betre integrering

av sidetema, og er skuffa over at romanen munnar ut i ein slapp og tradisjonell bodskap. Kva som er “djupt” nok seier han ikkje, men det verkar som om han ønskjer eit viktigare tankeinnhald, dessutan at teksten skal tilføre noko som kjennest nytt. Når meldaren på denne måten konkluderer med at Frobenius ikkje når heilt opp, kan ein relatere til Per Thomas Andersen sine fire kriterium (Andersen 1987): Romanen tilfører lite nytt (originalitet, genetisk kriterium) den er overflatisk i temabehandlinga (kognitiv djupn manglar) og kjennest ikkje verkeleg nok (har for lite intensitet), og ved å skape seg til for å tekkjast underhaldningsindustrien er den ikkje oppriktig nok (moralsk kriterium).

Meldinga er velformulert og har klare grunngjevingar. Meldaren tek stilling og rosar det han finn godt, og kritiserer tilsvارande det han finn mindre godt. Meldinga er nøytral i stil og verkar balansert og tillitvekkjande. I høve til Lunds kategoriar av argumentasjonsnivå vil eg plassere meldinga i kategori 1, for analytisk og nyansert vurdering som er undersøkjande, reflekterande og opnar perspektiv (Lund 2005).

Kunnskap, haldningar, forventningar, markørar til det norske: Adjektivet “norsk” blir brukt som nasjonalitetsmarkør i omtalen av forfattaren. Meldinga relaterer ikkje elles til noko norsk.

6.2.6 Original historisk kunstroman (Huhtanen 2010) (Meldingstekst i vedlegg, s. 93)

Meldaren innleier med å presentere fakta om forfattarskapen og peikar på at Frobenius har fått eit ry utanlands, men dessverre enno ikkje i Finland. Han gjev til kjenne at han vurderer *Pelon kasvot* som ein vellykka historisk roman som sameiner biografi og fiksjon på ein original måte. Romanen gjev innsikt og har gode språklege kvalitetar. Meldaren refererer til forholdet mellom Poe og Griswold som historiske personar og romanskikkelsar, og utdjupar korleis intrigen får fram det psykologiske motsetningsforholdet mellom dei. Han framhevar som positivt at verket er detaljrikt og har “smak av liv”. Sjangerblanding er eit kjenneteikn ved romanen, som også viser stilistisk og formell likskap med Poe sine romanar. Meldaren framhevar at forfattaren har gjort eit grundig arbeid med research, både på mentalitetshistorie og litterære stilartar, og dette er med på å tydeleggjere verdsbiletet i Poe si dikting for lesaren. Meldaren rosar også forfattaren for å utvise moralsk skjønn ved meir å skildre sinnstilstandar enn valdshandlingar, og han dreg parallelar til fire klassiske skrekkforteljingar som har tilsvarande kvalitet. Når det gjeld synsvinkelteknikk, blir Frobenius samanlikna med den amerikanske forfattaren William Faulkner.

Meldinga peikar på språklege og stilistiske kvalitetar i romanen, til dømes knapt og treffsikkert uttrykk, språkleg presisjon og rytme. Den varierte komposisjonsteknikken med innslag av ulike typar tekstar og dokument (brev, nyheiter, gravskrifter og reiseskildringar) blir også høgt vurdert. Meldaren uttrykkjer ein verdidom i klartekst allereie i fyrste avsnitt, der han slår fast at *Pelon kasvot* er ein svært vellykka historisk roman. Fleire kriterium er aktiviserte i den vidare argumentasjonen:

- moralsk: Forfattaren unngår reine valdsskildringar
- genetisk: Forfattarskapen har ry i utlandet, romanen har sjangerlikskap med romanar av Poe og byggjer på omfattande historie- og stilstudiar. Romanen blir plassert på linje med fire namngjetne klassikarar i skrektradisjonen, og forfattaren blir samanlikna med William Faulkner når det gjeld synsvinkelteknikk
- kognitivt: Romanen gjev innsikt i sjelelege landskap og i Poes verdsbilete
- estetisk: Romanen er originalt komponert (sjangerblanding, synsvinkelskifte, innslag av ulike teksttypar), har gode språklege kvalitetar (stil, presisjon, rytme) og “smak av liv”

Hovudvekta i meldinga ligg på estetikk og litteraturhistorisk refleksjon. Romanen blir karakterisert som innsiktsgjevande, men dette blir i liten grad utdjupa. Meldaren gjentek seg sjølv her og der, men uttrykkjer seg elles velformulert og med autoritet. Meldinga forsvarer ein plass i kategori 1 i Lunds sortering av argumentasjonsnivå (Lund 2005).

Kunnskap, haldningar, forventningar, markørar til det norske: Meldaren seier seg lei for at Frobenius sin forfattarskap til no har vore så lite kjend i Finland. Adjektivet “norsk” blir brukt som nasjonalitetsmarkør i omtalen av forfattaren. Meldinga relaterer ikkje elles til noko norsk.

6.2.7 Skrekk i den litterære verda (Hakalahti 2010) (Meldingstekst i vedlegg, s. 94)

Meldaren innleier med å trekke ein parallel til Umberto Ecos *Rosens navn*. Frobenius og Eco lånar begge trekk frå kriminalsjangeren, og begge bøker siterer litterære referansar. Ho viser til Ecos lesarkategoriar ”naiv” og ”medviten”, som representerer ulike måtar å nærme seg ein tekst på, og meiner at dei to kategoriane kan aktiverast både under lesing av *Rosens navn* og *Pelon kasvot*. Ho presenterer kort dei to hovedpersonane Poe og Griswold (med jamføring til komponistane Mozart og Salieri) og ein tredje nøkkelperson, Poes beundrar Samuel, og framhevar som positivt at romanen er ei blanding av spenningsroman og seriøs psykologisk

roman. Ho nemner sentralt konfliktstoff som narsissisme, misunning og einsemd, utan å utdjupe korleis dette blir behandla i teksten.

Meldaren seier rett ut at ho er begeistra for *Pelon kasvot*, og det er fyrst og fremst dei estetiske kvalitetane ved verket som er utslagsgjevande. Ho rosar forfattaren for ein velkomponert roman som er godt og medrivande fortalt i den grad at lesaren ikkje kan leggje frå seg boka. Spennin og intensitet er viktig for leseopplevelinga, og kompleksitet og sjangerblanding har tilført opplevelinga fleire dimensjonar. Ho krediterer også omsetjaren for godt språk som byggjer opp under romanen sitt truverd. Meldaren trekkjer inn forlagets presentasjonstekst som spår at Poe ville hatt stjernestatus om han hadde levd no. Ein entusiastisk tone og ordbruk viser at ho gjerne vil overtyde lesaren. I høve til argumentasjonsnivå plasserer meldinga seg i kategori 2 av Lunds inndeling. Meldingar i denne kategorien har noko, men avgrensa vurdering (Lund 2005).

Kunnskap, haldningar, forventningar, markørar til det norske: Adjektivet “norsk” blir brukt som nasjonalitetsmarkør i omtalen av forfattaren. Meldinga relaterer ikkje elles til noko norsk.

6.2.8 Poe blir eit spegelbilete av kulturell angst (Poutiainen 2010) (Meldingstekst i vedlegg, s. 95)

Meldaren opnar med å reflektere over verket frå ein litteraturhistorisk synsvinkel. Han siterer forfattaren og filosofen Nietzsche i ei utsegn om kva funksjon eit menneske har som litterær figur, nemleg å kaste lys over ein allmennmenneskeleg, latent fare. Meldaren meiner det kan gjelde så vel Poes dikting som Frobenius sin roman og peikar på at Frobenius er den fyrste som har skildra Poe sitt liv i romanform. Skildringa startar i barndommen, og romanfiguren Poe er prega av traumatiske opplevelingar frå tidlege barneår som han seinare sublimerer til dikting. Som voksen går han inn i den danna samfunnsklassen og det litterære miljøet. Begge desse miljøa fungerer som ei tvangstrøye som gjev kulturell angst.

Meldaren peikar på at forfattaren let synsvinkelen i romanen veksle mellom hovudpersonane Poe og Griswold. Dei har ein motsetningsfylt relasjon og motsette agendaer: Den eine skildrar vondskapen litterært, den andre vil utrydde vondskapen. Dei er begge portretterte gjennom nyanserte og truverdige attgjevingar av sinnsrørsler. Kampen mellom dei verkar også med til å illustrere tidsbiletet i romanen. Ein tredje hovudperson, mulatten som gjer Poes

kriminalforteljingar til røyndom, blir tolka som sjølve biletet på undergangskreftene, han er “avgrunnens auge” og er den som blir skildra mest “isande”, skrekkinngytande. For meldaren representerer han eit etisk spørsmål i romanen, ved at han demonstrerer at konsekvensane av å sleppe frykta laus kan vere ulike. For somme er det frigjerande, for andre kan det føre til at frykta tek overhand.

Meldaren dreg ingen konklusjon i klartekst, men viser fram kvalitetane i romanen gjennom argumentasjon og språkbruk. Meldinga er velforma og resonnerande, med eit til dels biletrikt språk (jamfør uttrykka “fløyelskledd skuestikke”, “Poe er sjølv allereie i flamar”), og han byggjer sin eigen tekst effektfullt kring spegelmotivet, frykta og avgrunnen. Nietzsche-sitatet i innleiinga er overraskande og interessevekkjande og seier noko vesentleg om litteraturens funksjon allment. Meldinga kan plasserast i kategori 1 i Cecilie W. Lunds inndeling av argumentasjonsnivå (Lund 2005). Meldingar på dette nivået er analytiske og nyanserte, og dei reflekterer og opnar perspektiv.

Kunnskap, haldningar, forventningar, markørar til det norske: Meldaren nemner ikkje forfattaren sin nasjonalitet, og meldinga relaterer heller ikkje elles til noko norsk.

6.2.9 Nikolaj Frobenius. Pelon kasvot (Rosvall 2009) (Meldingstekst i vedlegg, s. 96)

Meldaren innleier med å oppsummere eigenskapar som kjenneteiknar *Pelon kasvot* som litterært verk: Biografiske data fungerer som reisverk i romanen, men den er like fullt oppdikta. Romanen er ambisiøs, og den er fortalt med stor intensitet. Den historiske personen Poe fekk eit kort liv i fattigdom der hans eigen kompliserte personlegdom var årsak til mange av problema, og han vart ikkje fullt ut verdsett som forfattar før etter at han var død. Meldaren legg vek på at Poe ikkje blir framstilt som nokon helt. Han sjikanerer andre forfattarar og blir sjølv sjikanert, medan hovudmotstandaren Griswold utnyttar relasjonen med Poe til å skade han og held fram med det også når denne er død. Frobenius sitt ærend med romanen er ifølgje meldaren meir å vise “verdas svarheit” enn å kaste lys over litteraturhistoriske omstende. Til temaet høyrer også spørsmålet om kva sanning eigentleg er, og dette blir særleg utvikla gjennom skildringa av tilhøvet mellom Poe og beundraren hans, slaveguten Samuel. For Samuel blir Poe den store meisteren og profeten med ein bodskap som skal gå i oppfylling, og han ser det som si oppgåve å realisere Poe sine litterære fantasiar og med det gje han evig liv.

Meldaren karakteriserer verket som eiendommeleg og utanfor alle sjangrar. Dette kan vere grunnen til at meldingsteksten ikkje har ein klar konklusjon. Dei mørke sidene i personkarakterane, verdas elende og tilhøvet mellom løgn og sanning er det sentrale, men han verdset også at romanen gjev eit fengslande tidsbilete av USA og meiner at Poe-kjennarar kan ha utbyte av dei litteraturhistoriske detaljane i framstillinga. Han har innvendingar til at Griswold-skikkelsen får mindre tyngd og truverd enn ønskjeleg, og han er kritisk til den finske tittelen boka har fått. Uttrykket “fryktas ansikt” har ikkje dekning i innhaldet. Det innsnevrar og er mindre skremmande enn den norske originaltittelen, som spelar på at frykta skal visast fram. Eg vil plassere meldinga i kategori 2 av Lunds inndeling av argumentasjonsnivå. Meldingar i denne kategorien har noko, men begrensa vurdering (Lund 2005).

Kunnskap, haldningar, forventningar, markørar til det norske: Meldaren gjer merksam på at romanen er norsk av original, men relaterer elles ikkje til noko norsk.

6.2.10 Nikolaj Frobenius. Pelon kasvot (Raevaara 2010) (Meldingstekst i vedlegg, s. 97)

Meldaren plasserer Frobenius sin roman i ein internasjonal litterær samtidstrend – å gjere historiske personars liv til fiksjon. Ho nemner døme frå finsk litteratur på at forfattarar har skrive om personar frå nær fortid, og ho viser til internasjonale døme på skikkelsar frå eldre tid som er behandla litterært. Ho peikar på at forfattaren Edgar Allan Poe og litteraturforskaren Rufus Griswold i grunnen treng lite ekstra tildikting til liva sine, fordi dei faktisk var prega av elende, rivalisering, ambivalens og dramatikk. Frobenius byggjer i store trekk på kjent materiale, og meldaren rosar han for å teikne eit nyansert og truverdig portrett av Poe. Ho er derimot ikkje nøgd med framstillinga av Griswold. Han blir for utydeleg og sjølvmotseiande, også når han har forteljarsynsvinkelen. Meldaren si største innvending gjeld sideintrigen med den sinnsforvirra Samuel som realiserer Poe sine visjonar. Ho seier tydeleg frå om at ho ikkje tykkjer om at romanen blandar biografi og spenningsfiksjon, det verkar konstruert for å skape ein link mellom Poe sin litteratur og livet hans. Utan intrigen med Samuel-skikkelsen ville boka ha blitt etter meldarens hjarte – “eit fint verk om livet til eit gåverikt unntaksmenneske med tilbøyeligheter til angst og panikk”. Ho kritiserer forlaget Tammi for å gje ut boka i kvalitetsserien *Keltainen kirjasto*. Sjangerblanding med figurar av Samuel-type bryt med nivået som lesarane har lov til å vente seg, meiner meldaren, og ho sit att med skuffa forventningar.

Meldaren har ei grei framstilling og viser standpunkta sine på ein tydeleg måte. Ho set verket inn i ein heimleg og internasjonal litterær samanheng og er oppteken av at sjangeren biografisk roman skal gje eit psykologisk truverdig bilet av personane som blir portretterte, utan tildikta skrekkeffektar. Ho drøftar i liten grad tema og andre stilistiske verkemeddel i romanen. Meldinga kan plasserast i kategori 2 i Lunds inndeling av argumentasjonsnivå, "noko, men begrensa vurdering" (Lund 2005).

Kunnskap, haldningar, forventningar, markørar til det norske: Adjektivet "norsk" blir brukt som nasjonalitetsmarkør i omtalen av forfattaren. Meldinga relaterer ikkje elles til noko norsk.

6.3 Per Petterson: Tilbake til barndommens sommar (Petterson 2009)

Ut og stjæle hester er fyrste bok av Per Petterson omsett til finsk, seks år etter at ho kom ut i Noreg. Den finske utgåva har fått tittelen *Hevosvarkaat*, "Hestetjuvar". Boka fell i god jord hos dei finske meldarane. Dei legg vekt på ei psykologisk truverdig framstilling av den gamle og den unge hovudpersonen Trond, som uventa blir konfrontert med hendingar frå den dramatiske ungdomssommaren 1948. Forholdet mellom Trond og faren, den unge guten si oppvakning til voksenlivet og seinare fortrengde minne er sentrale motiv. Dei fleste meldarane rosar kvardagsrealismen, dei nære og detaljerte skildringane av arbeidsliv og arbeidsfellesskap og dei skarpt sansa bileta av naturen i skoglandskapet. Ein meldar kallar Petterson sin stil for "klassisk praktfull modernisme" (Ruotsalo 2009), medan ein annan finn at skildringa av Trond sine kvardagssyslar blir for monoton og ikkje tener til å utdjupe minneprosessen som går føre seg i hovudpersonen. Ein meldar kritiserer romanen for manglande originalitet: den motsetningsfylte far-son-tematikken blanda med bittersøte barndomsminne er velkjent, og utgangen på intrigen kan gjettast på førehand. Tre meldarar set forfattarskapen inn i ein litterær samanheng. *Hevosvarkaat* blir samanlikna med noveller av Ernest Hemingway og Raymond Carver og romanar av Charles Dickens, Ethan Canin og Andreï Makine. Ein meldar relaterer til ungdomsskildringar av finske forfattarar (Marko Tapi, Johannes Linnankoski, F.E. Sillanpää, Veijo Meri), før han plasserer Petterson nær dei norske kollegaene Lars Saabye Christensen og Dag Solstad og fjernt frå Jan Kjærstad. For ein meldar gjev romanskikkelsen Trond assosiasjonar til løytnant Glahn i Knut Hamsuns *Pan* (Orhanen 2009b).

Det er registrert ti meldingar av boka, sju i avisar, tre i tidsskrift. Meldingane varierer i lengd mellom 1010 og 6137 teikn (med mellomrom), gjennomsnittleg 2723 teikn. I høve til argumentasjonsnivå kan fire meldingar plasserast på øvste nivå i kategori 1, fire i kategori 2 og to i kategori 3.

Kunnskap, haldningar, forventningar, markørar til det norske: To av meldarane gjev uttrykk for å ha kjennskap til norsk litteratur gjennom eiga lesing. For ein meldar gjev skildringa av den reserverte og utanforståande Trond assosiasjonar til den klassiske romanskikkelsen løytnant Glahn i Hamsuns *Pan*, utan dermed å seie at han oppfattar denne skikkelsen som typisk norsk. Nasjonalitetsmarkøren “norsk” blir brukt for å presisere nasjonal tilhøyrigheit. Nokre av meldarane legg ei viss vekt på at *Hevosvarkaat* skildrar norsk natur. Ein meldar seier at Pettersen får fram “[...] den særprega stemninga i det norske landsbygdlandskapet”, ein annan oppfattar naturen som ei ramme eller kulisse: “Det norske skoglandskapet og vinterens ankomst fungerer som ei vakker ramme kringmannens portrett.”

6.3.1 Tilbake til sommaren 1948 (Hämäläinen 2009) (Meldingstekst i vedlegg, s. 98)

Meldaren gjer greie for hovudpersonen og utgangspunktet for handlinga: 67 år gamle Trond er enkjemann og flytter til ei skogbygd. Naboen viser seg å vere ein kjenning frå barndommen, og dette får Trond til å minnast sommaren 1948, då han som 15-åring ferierte i naboen si heimbygd og dreiv med gardsarbeid og tømmerfløyting i lag med faren. Slik meldaren ser det, er forholdet mellom far og son eit kjernekjernpunkt i romanen, og han nemner at dette er siste sommaren før faren sitt “svik”. Gjennom innhaldsreferat peikar han på andre hendingar som prega sommaren: riding på beitehestar, eit erotisk forhold mellom faren og naboguten si mor (som Trond også er tiltrekt av) og eit skjebnesvangert vådeskot. Ikkje minst blir Trond, gjennom ein voksen arbeidskamerat, informert om faren sin medverknad i motstandsrørsla under krigen.

Meldaren merkjer seg at dei menneskelege relasjonane i romanen særleg kjem fram i skildringar av arbeid. Om litterære verkemiddel seier han at stilten er refleksjons- og språket gjennomarbeidd. Han finn at heilskapen vitnar om livserfaring og leseerfaring, men konkretiserer ikkje korleis leseerfaringa viser att i teksten og kva som eventuelt er forfattaren sine litterære inspirasjonskjelder. Dei ansvarlege for den finske utgåva får kritikk for at den finske tittelen *Hevosvarkaat*, ‘Hestetjuvar’, ikkje får fram samanhengen med passordet frå motstandsrørsla, og omsetjaren klarar ikkje alltid å følgje forfattaren, etter meldaren si

meining. Han gjer greie for Pettersons forfattarskap, som til no ikkje har vore kjent i Finland, men som elles er høgt verdsett og har oppnådd nasjonale og internasjonale prisar, og konstaterer at det dobbeltydige er karakteristisk for forfattaren sine tekstar, som også i *Hevosvarkaat*.

Meldinga er sakleg og lettlesen, gjev eit godt oversyn over sentrale hendingar og motiv og kommenterer forfattaren sitt arbeid med språk og stil. Men meldaren går i det heile teke ikkje inn på å utdjupe eit viktig tema i romanen, faren sitt svik, kva det botnar i og korleis det ytrar seg og påverkar den som blir sviken. Argumentasjonen er gjennomgåande lite utbygt, og meldaren dreg ingen klar konklusjon. Eg vil plassere meldinga i kategori 2 i Lunds rangering av argumentasjonsnivå (Lund 2005).

Eit spesielt meldarperspektiv på norsk kultur og litteratur er ikkje synleg i teksten.

6.3.2 På eventyr til det inste (Orhanen 2009b) (Meldingstekst i vedlegg, s. 99)

Meldinga er forholdsvis kort og har ei klar todeling. I fyrste del gjer meldaren greie for hovudperson, intrige og tema i *Hevosvarkaat*: Pensjonisten og einstøingen Trond har flytta til ei bygd nær svenskegrensa, der han reparerer huset og observerer naturen. Naboen er ein kjenning frå ungdomstida, og dette fører Tronds tankar tilbake til sommaren 1948. Det var den siste han hadde i lag med faren, som etterpå forsvann på gåtefullt vis. Faren si forsvinning vart aldri bearbeida av Trond, og dei skakande minna frå 1948 har hittil vore undertrykte. Dette har forma Trond til den han er, og her ligg spenninga i romanen, i følgje meldaren.

Hovudpersonen Trond er skildra som reservert og ein som står utanfor, og gjev meldaren assosiasjonar til løytnant Glahn i Knut Hamsuns *Pan*. Men den nyromantiske tilnæringsmåten er ikkje Petterson sin, og andre del av meldinga reflekterer over utfordringane i kvardagsrealismen som litterær form. Kva er det som gjer at enkelte kvardagsskildringar gjev lesaren ei oppleveling av at teksten seier noko verkeleg vesentleg og ikkje berre er ei detaljert attgjeving av ting og handlingar? Meldaren viser til at Raymond Carver har slike tekstar, og konstaterer at Petterson ikkje alltid når opp. Han gjer ei estetisk grunngjeven vurdering av *Hevosvarkaat* og seier at forfattaren har lykkast i å få fram det manetydige i Trond sitt indre drama (viser til kompleksitet som litterær verdi) og at det av og til er spennande (viser til intensitet), men at omstendelege skildringar av kaffikoking og

vedfyring ikkje verkar til å utdjupe det indre dramaet (viser til manglande intensitet og samanheng mellom delar og heilskap).

Meldaren gjer ei presis, men noko kort samanfatting av innhald og tema, plasserer *Hevosvarkaat* i ein litterær samanheng og stiller svært interessante spørsmål til kva for kvalitetar i teksten som får kvardagsrealisme til å løfte seg opp til eit eksistensielt nivå. Han kjem ikkje med klart svar og kunne med fordel ha utdjupa meir. Han gjer elles klart kva han meiner om romanen han melder. Eg vil plassere meldinga i kategori 2 i Lunds rangering av argumentasjonsnivå (Lund 2005).

Eit spesielt perspektiv på norsk kultur og litteratur er ikkje synleg i meldingsteksten, men meldaren refererer til Glahn-skikkelsen i Hamsuns *Pan* og gjer såleis eit forsøk på å samanlikne romanen med annan norsk litteratur som han kjenner til.

6.3.3 Lengselen bølgjer gjennom livet (Yli-Lonttinen 2009) (Meldingstekst i vedlegg, s. 100)

Meldaren legg vekt på saknet som hovudpersonen, 67-årige Trond, kjenner etter far sin. Det har vore ein underliggjande faktor heile livet etter at faren på uforståeleg vis forlet han etter at dei hadde vore i lag på gardsarbeid og i tømmerskogen sommaren 1948. Meldaren peikar på preget av mannlegheit i skildringa av Trond sine minne frå sommaren - det energiske, grove og dristige i arbeidet som vart utført. Faren var eit ideal, og beundring veksla med sjalusi, som når han vart tiltrekt av kvinna som faren hadde eit forhold til. Seinare har han følgt farens livsfilosofi om at det er ein sjølv som bestemmer når noko gjer vondt. Trond har no trekt seg tilbake til eit eremittliv i dei norske skogane og har enkle rutinar for å overleve. Han vil reparere hytta han bur i og når det er noko han ikkje kan, prøver han å hugse korleis faren gjorde det.

Meldaren viser til si personlege oppleveling av verket og konkluderer med at *Hevosvarkaat* er ei lesenyting. Den skil seg frå tilbodet av krimlitteratur, som ho karakteriserer som "bedøvande". Det kan tolkast som at ho meiner at *Hevosvarkaat* verkar motsett, den vekkjer opp og vekkjer kjensler.

Meldinga er oppbygd kring handlingsreferat og sitat som på ein god måte illustrerer Trond sitt forhold til faren. Ho understrekar at arbeidsskildringane uttrykkjer mannlegheit, peikar på

romanen sin livsfilosofi og legg vekt på leseopplevelingen. Eg vil plassere meldinga i kategori 2 i Lunds rangering av argumentasjonsnivå (Lund 2005), noko, men avgrensa vurdering.

Eit spesielt perspektiv på norsk kultur og litteratur er ikkje synleg i meldingsteksten.

6.3.4 Sommarens og barndommens slutt (Hakala 2009) (Meldingstekst i vedlegg, s. 101)

Meldaren innleier med ein presentasjon av forfattaren. Boka som no ligg føre på finsk er Petterson sin internasjonale gjennombrotsroman frå 2003. Den har vunne priser og er seld til over førti land, og det finn meldaren fullt fortent. *Hevosvarkaat* har gjort inntrykk på henne både i innhald og form. Ho gjer greie for at den framstiller hovudpersonen Trond, no snart 70 år, og sommarmånadene han som 15-åring hadde i lag med faren i ei hytte nær svenskegrensa i 1948. Hendingane blir sett både frå den unge og den eldre sin synsstad. Sonen beundrar faren, dei har eit nært og kameratsleg tilhøve, Trond får også ein kamerat i nabolaget og sommaren er fin. Men noko hender som endrar alt, og Trond ser ikkje eller vil ikkje forstå kva som skjer. Meldaren framhevar det truverdige portrettet av ein blåøygd ung mann som møter realitetane i tilværet. Ei anna sterk side ved romanen er skildringa av arbeidsoperasjonar, både frå skogsarbeidet i 1948 og kvardagssyslane til den eldre Trond. Meldaren kallar det eit dristig grep, og ho set pris på at forfattaren ikkje forhastar seg eller set opp tempoet for å tekjkast lesaren. Ho peikar også på kontrasten mellom ungdommens sommar med kraft og fridomskjensle og den alderdommens vinter som Trond no er på veg inn i.

Meldaren samanliknar *Hevosvarkaat* med *David Copperfield* av Charles Dickens, som også romanens Trond har til lesestoff. Karakteristisk for begge er at mennesket vurderer mulighetene for å ta styring i eige liv, i staden for å drive i kring i bitterheit når motgangen råkar. Her dreg ho fram faren si grunnsetning “du bestemmer sjølv når det gjer vondt”. Petterson sine personar utmerkjer seg ved at dei ikkje berre resignerer og stiller spørsmål, men også føreslår svar og gjer val. Meldaren konkretiserer ikkje kva ho siktar til, men det verkar som om ho held det for ein kvalitet at litteraturen oppmuntrar til ansvarleggjering og er løysingsorientert. Ho kallar romanen “kraftig niste” i motsetning til “litterære hurtigmattilbod”. Det er altså noko ved Pettersons litteratur som lesaren kan ta til seg næring frå og gå vidare på.

Meldaren gjev ein god oversikt over intrigen utan å avsløre utfallet. Ho seier tydeleg kva ho meiner og argumenterer med gripande innhald, velfungerande trekk i komposisjon og stil og

truverdig personskildring. Ho set pris på tankestoffet i romanen og set det inn i ein litterær samanheng. Ho identifiserer ei livshaldning og ein slags bodskap i verket, men går ikkje inn på korleis denne konkret er knytt til handlinga. Eg vil plassere meldinga i beste kategori 1 i Lunds rangering av argumentasjonsnivå (Lund 2005), for undersøkjande og utdypande meldingar.

Eit spesielt perspektiv på norsk kultur og litteratur er ikkje synleg i meldingsteksten.

6.3.5 Tilbakereise til barndommens sommar (Norontaus 2009) (Meldingstekst i vedlegg, s. 102)

Meldaren gjer greie for hovudperson og intrige: 67-årige Trond har trekt seg tilbake til barndommens sommarlandskap ved svenskegrensa. Omstenda gjer at han blir minna om sommaren med faren i 1948. Den inneheldt to familietragediar med røter i motstandsrørsla under krigen, og Trond vart på ein dramatisk måte ført inn i vaksenlivet. Meldaren vurderer korleis forfattaren har løyst oppgåva, og ho rosar Petterson for truverdige psykologiske portrett av så vel den unge som den gamle Trond. Tenåringens indre verd blir synleggjort blant anna ved observasjonane han gjer og ymse strekar som er typiske for usikre ungdommar si åtferd, medan den gamlemannens indre kjem fram i skildringar av kvardagslivet hans.

Romanen som heilskap er medrivande fortalt, men original er den på ingen måte, meiner meldaren. Bittersøte barndomsminne og skildringar av ambivalente farsforhold er velkjende i litteraturen, og ho finn også at intrigen kan gjennomskodast på førehand. Derimot ser ho framstillinga av landleg liv på 40-talet som svært interessant. Den realistiske skildringa av arbeidslivet formidlar kulturhistorisk kunnskap og er ei sanseleg oppleveling for lesaren. Slåande er også det sterke nærværet av natur (gaupe, snøfall, regn, elv) som er til stades i handlinga på eigne premissar. Meldaren avrundar med eit par språklege innvendingar til teiknsetjing og setningsstruktur.

Meldinga er ikkje spesielt lang. Handlingssamandraget er fortetta og informativt. Meldaren legg vekt på psykologisk truverd, intensitet og levandegjering (estetiske kriterium). Far-son-temaet og intrigen manglar originalitet (genetisk kriterium), medan skildringane av arbeidsliv og natur er særprega og innsiktsgjevande. Meldaren framfører argumenta sine på ein tydeleg måte og dreg klare konklusjonar. Eg vil plassere meldinga i beste kategori 1 i Lunds rangering av argumentasjonsnivå (Lund 2005), for undersøkjande og utdypande meldingar.

Eit spesielt perspektiv på norsk kultur og litteratur er ikkje synleg i meldingsteksten.

6.3.6 Ikkje nokon Homo falsus (Virtanen 2009) (Meldingstekst i vedlegg, s. 103)

Meldaren innleier med ein heilt kort introduksjon av hovudpersonen og utgangspunktet for handlinga: Den 67 år gamle einebuaren Trond er ute og luftar hunden då han møter ein annan i same ærend. Denne mannen blir ein link til hendingane frå sommaren 1948 som Trond har fortrengt. No tek han til å minnast, med blanda kjensler. Meldaren går vidare med å reflektere over at minneprosessar tek tid og ikkje kan forserast, og han undrar seg over at romanen hoppar over dei mellomliggande åra av Trond sitt vaksne liv som familiemann.

I ei lengre drøfting blir *Hevosvarkaat* samanlikna med verk av andre forfattarar. Farssøking og ambivalent farsbeundring er eit tema hos Ernest Hemingway, og etter meldarens mening kan Hemingway-inspirasjonen hos Petterson i blant bli for tydeleg. Samtidig gjer han klart at *Hevosvarkaat* sitt biletet av den søkande unge mannen i naturen – i Hemingway-ånd - er stilmessig ypparleg. Han samanliknar også med finske forfattarar som skildrar far-son-tema, pubertet og sanseleg oppvakning (Marko Tapio, Johannes Linnankoski, F.E. Sillanpää og Veijo Meri). Når det gjeld norsk litteratur vil han heller plassere Petterson i lag med Lars Saabye Christensen og Dag Solstad enn med Jan Kjærstad, fordi han tykkjест upåverka av postmodernismen og på ein måte skriv gammaldags om livet slik det er. For meldaren er poenget med samanlikninga å vise at “ei levande skildring opnar seg utvungent og uuttømeleg i mang ei retning”. Han ser altså ut til å oppfatte det “levande” (intensiteten, den røyndomsskapande evna i teksten) som ein kvalitet som gjer verket allmenngyldig.

Meldaren legg vekt på leseoppleveling og estetiske verdiar og seier at *Hevosvarkaat* framfor alt er ei lesenyting. Meldaren reflekterer over minneprosessar og ser likskapar i tema og litterær tilnærningsmåte med andre verk av norske, finske og internasjonale forfattarar. Det samanliknande perspektivet utvidar horisonten og kan truleg verke til å vekkje finske lesarar si interesse for boka. Eg vil plassere meldinga i kategori 1 i Lunds rangering av argumentasjonsnivå (Lund 2005), for reflekterande meldingar som opnar perspektiv.

Spesielle haldningar til norsk kultur og litteratur er ikkje synleg i meldingsteksten. Men meldaren viser kjennskap til norske samtidsforfattarar og brukar det aktivt i argumentasjonen.

6.3.7 Blendande om minne og sinnstilstand (Ruotsalo 2009) (Meldingstekst i vedlegg, s. 104)

I ein uvanleg lang meldingstekst blir Pettersons forfattarskap presentert i ei innleiing før meldaren i fire hovudavsnitt gjer greie for persongalleri, innhald, tema, livshaldning og litterære verkemiddel i *Hevosvarkaat*. Trond, 67 år, er hovudperson og igangsetjar for ei handling som går føre seg på to tidsplan, sommaren 1948 og notida. Notidas Trond er i ein endringsfase, han har valt å flytte til ei enklare livsform og er oppteken med kvardagssyslar, naturobservasjonar og tankar om livet slik det har vore. Trond sine minne krinsar hovudsakleg om sommaren 1948, då han og faren heldt til i ei skogbygd nær svenskegrensa. I minna inngår arbeidsfellesskap, kameraten Jon, riding på beitehestar, eit passord frå krigstida, eit vådeskot og den femtenårige Trond sitt nære forhold til faren. Gåter, spenning og medrivande skildringar av møte mellom menneske er karakteristisk for minnebileta. Meldaren framhevar kontrasten mellom den dramatiske sommaren og den stille notida og peikar på at teksten rører seg fritt mellom tidsplana. Minna blir sett i lyset av notida, og omvendt.

Drøftinga av far-son-forholdet legg vekt på det gåtefulle i faren: han deltok i motstandsrørsla under andre verdskrig og var sjeldan heime, har eit skjult forhold til ei kvinne og forlèt familien etter sommaren 1948. Slik meldaren ser det, er det den gamle Trond sitt ønskje om å få klårleik i forholdet til faren som er hovudtema i romanen. Kjenslene skiftar og er ambivalente, som dei var når han var ung. Han grublar over om han har hatt feil førestillingar om faren og om han sjølv har følgt faren sitt eksempel med å forsømme dei næreste. Her identifiserer meldaren ein slags livsfilosofi i verket: Livet må levast vidare med det ein har fått med seg eller fått tak i av proviant.

Omtalen av språk og stil i *Hevosvarkaat* er svært positiv. Meldaren merkar seg forfattaren sitt grep med å integrere naturens gang og kvardagshandlingar i komposisjonen ved å registrere detaljar i prosessane på ein nøktern, men levandegjerande måte, som også viser samanheng med sinnstilstanden i hovudpersonen. Han finn at sinnrørslene er skildra "blendande presist" i eit vakkert språk og at det oppstår poetiske strukturar av hovudpersonen sine vandrande tankar, og konkluderer med at Petterson er på toppnivå innan klassisk modernisme.

Meldaren gjer sjølv bruk av prinsipp frå modernismen ved å behandle verket som ei avslutta eining og analysere det ut frå premissane i teksten. Den litterære analysen er grundig og drøftar estetiske kvalitetar, tankestoff og samanheng mellom innhald og form. Det gjev ein

svært god inngang til verket, men som orientering og interessevekkjar for nye leسارar er innslaga av handlingsreferat for omfattande, sidan det meste blir avslørt på førehand.

Romanen blir heller ikkje sett inn ein litteraturhistorisk samanheng. Eg vil likevel plassere meldinga i øvste kategori 1 i Lunds rangering av argumentasjonsnivå (Lund 2005).

Spesielle haldningar til norsk kultur og litteratur er ikkje synleg i meldingsteksten. Men meldaren viser eit visst overblikk over norsk litteratur når han i ein innleiingskommentar seier at Per Petterson no kanskje er den norske samtidsforfattaren som er best kjend internasjonalt.

6.3.8 Farens og sonens varme og gåtefulle forhold (Ehrnrooth 2009) (Meldingstekst i vedlegg, s. 106)

Meldaren karakteriserer *Hevosvarkaat* som ei gripande forteljing som går til hjartet på lelsen. Han gjev eit samandrag av hovudmotiv og åstad (far og son-forhold som utspelar seg i etterkrigstid på den norske landsbygda med fjell og elvar) og innhald (den gamle Trond sitt nye liv som eremitt, familieforhold, møtet med naboen, minna hans om faren og andre viktige personar i fortida). Meldaren legg vekt på at faren var karismatisk, gåtefull og samansett som person (krigshelt, familiemann og familieskulkar). Han gjer også greie for hesten sin plass i hendingsrekka, gjennom riding på beitehestar og som del av eit passord frå motstandsrørsla.

Petterson sin forfattarskap blir kort presentert, og meldaren ser det som fullt fortent at han mottek prisar og er høgt vurdert internasjonalt. Han avrundar med å karakteriserer teksten som “praktfull, magisk sterkt medrivande, skjønnlitterært sjølvstendig fascinerande”. Han meiner at forfattaren har evna til å kome under huda på romanskikkelsane og at han gjengjev stemninga i det norske landsbygdlandskapet på ein livaktig måte.

Meldinga har eit greitt innhaldsreferat og identifiserer romanen sitt tema. Meldaren vurderer innhald og form og argumenterer ved hjelp av positive karakteristikkar som kunne trenge utdjuping. Merknadene til personteikning og skildringar av natur er noko generelle. Eg vil plassere meldinga i kategori 2 i Lunds rangering av argumentasjonsnivå (Lund 2005), noko, men begrensa vurdering. Spesielle haldningar til norsk kultur og litteratur er ikkje synleg i meldingsteksten, men meldaren legg ei viss vekt på skildringane av norsk natur.

6.3.9 Tankar og arbeid (Neimala 2009) (Meldingstekst i vedlegg, s. 107)

Meldaren innleier med å uttrykkje glede over at Per Petterson no er omsett til finsk. Ho

samanfattar kort kvalitetane i *Hevosvarkaat* ved å karakterisere den som “klok” (peikar mot tankeinnhald, livshaldning) og “vakker” (peikar mot estetiske drag ved teksten). Det lengste avsnittet i meldinga presenterer forteljarstemma i romanen, 67-åringen Trond, einebuar i ei avsidesliggjande hytte ved elvebreidda som minnest barndommen og sommaren 1948. Den førte med seg endringar, og meldaren viser ved sitat korleis det påverka Trond si fysiske sansing av tilværet: “Skilnadene mellom varme og kulde, lys og mørker, fiolett og grått var annleis”. Ho framhevar at Trond er ein observatørtype som registerer og samanliknar. Han har også eigenskapane til ein filmregissør som biletlegg motsetningsfylte kjensler og fenomen (lyst og mørkt, det som varer og det som går sund).

Meldaren meiner at omsetjinga har godt språk for det vakre, men viser døme på ordbruk som ho finn påfallande i skildringar av kvardagsliv. Ho avsluttar meldinga med å kommentere si eiga leseoppleving. Den knyter ho til Trond sin manglande sans for moderne underhaldning, og ho konstaterer at ho sjølv ikkje har kome på å sakne underhaldning under lesinga av *Hevosvarkaat*.

Meldinga er kort, velskriven og poengtert. Meldaren legg vekt på gripande innhald, Trond si observerande livshaldning og det visuelle preget i teksten, men ho konkretiserer elles svært lite i høve til handling og tema. Den viktige sommaren 1948 er nokså utydeleg, far-son-forholdet blir ikkje nemnt og Trond sin far er også heilt fråverande i meldaren sin tekst. Ho utdjupar heller ikkje kva ho siktar til når ho seier at romanen er “klok”. Perspektivet er altså snevert og argumentasjonen lite utbygt, men meldinga kan fungere godt som eit lesetips. Eg vil plassere den i kategori 3 i Lunds rangering av argumentasjonsnivå (Lund 2005). Spesielle haldningar til norsk kultur og litteratur er ikkje synleg i meldingsteksten.

6.3.10 Per Pettersons *Hevosvarkaat* (Tanskanen 2010) (Meldingstekst i vedlegg, s. 108)

Meldaren presenterer *Hevosvarkaat* som ei svært leseverdig bok. Innhaldet gjer inntrykk og teksten er estetisk god. Romanen har eit langsamtempo, men det er liv og spenning under overflata. Det er lite av innhaldsreferat i meldinga, berre ei kort skisse av hovudpersonen og utgangspunktet for handlinga: Trond, 67 år og enkjemann, lever eit einsamt og enkelt liv med hunden sin i ei hytte i skogen nær svenskegrensa. Eit møte med ein kjenning frå fortida får minna til å dukke opp. Spenninga i romanen er knytt til skildringa av Trond sine tankar og minne, seier meldaren. Den fangar lesaren, som også kan identifisere seg med hovudpersonen si tilnærming til smertefulle minne. Skal han bere på dei eller isolere seg frå dei?

Hevosvarkaat er relevant lesnad for både menn og kvinner uavhengig av alder, meiner meldaren, og det er ei bok som blir verande i lesaren sitt minne. Ho avrundar med å peike på at det norske skoglandskapet fungerer som ei fin ramme kring portrettet av Trond.

Meldaren introduserer intrigen utan å utdjupe, og stiller eit viktig allmenngyldig spørsmål utan å svare. Ho argumenterer med at innhaldet er gripande og spennande, legg vekt på lesing som identifikasjon og gjer seg tankar om målgruppe. Meldinga er fint formulert i ei litt langsam og dvelande form, som meldaren også seier er karakteristisk for boka som blir omtalt. Eg vil plassere meldinga i Lunds kategori 3, kjenneteikna av forbrukarrettleiande preg (Lund 2005).

Spesielle haldningar eller forventningar til norsk kultur og litteratur er ikkje synleg i meldingsteksten. Men meldaren gjer eit poeng av at det norske skoglandskapet er ei svært fin ramme kring handlinga.

7 Analyse av bokmeldingar: Finsk i Noreg

7.1 Kari Hotakainen: Kjærlekslengt på finsk (Hotakainen 2009)

Kari Hotakainens forfattarskap er frå før kjent i Noreg gjennom romanane *På hjemmefronten* (2004), som han fekk Nordisk Råds litteraturpris for, og *Isakkatedralen* (2006).

Originalutgåva av *De skjødesløse* kom ut i 2006 med tittelen *Huolimattomat*. Fleire meldarar i Noreg og Finland ser romanane som ein trilogi som har myten om den finske mannen som gjennomgangstema. I *De skjødesløse* er temaet knytt opp til ei rammeforteljing delvis i kriminalromanen si form, der forfattaren sitt hovuddærend er å kaste lys over einsemd og seksualitet og pornoindustrien sitt spelrom i det moderne samfunnet. Han har eit til dels kritisk blikk på sitt eige heimland, til dømes heiter det i romanen om nasjonen Finland: “[...] dette mørke landet som var så gjerrig på hud” (Hotakainen 2009 s. 19).

Det er registrert 11 meldingar av *De skjødesløse* i norske aviser. 10 av meldingane er analyserte, og dei varierer i lengd frå 867 til 5026 teikn (med mellomrom), med ei gjennomsnittslengd på 2788 teikn. I høve til argumentasjonsnivå har eg plassert tre meldingar i kategori 1 (øvste nivå), fire i kategori 2 og tre i kategori 3. Åtte av meldarane er stort sett positive til romanen både når det gjeld innhald og form, medan to er svært negative. Innvendingane til desse to gjeld særleg komposisjon og stil og behandlinga av romanen sitt

tankestoff. Språket er nøkternt, og ein refererande stil erstattar av og til replikkar og direkte attgjeving av scener. Dei to meldarane meiner at dette skaper ein uheldig distanse til romanfigurane og at heile framstillinga lid under mangel på liv, truverd og kjensler. Personteikninga er karikert, og det er “[...] ingen kontakt mellom språket og noe sant menneskelig”, seier meldaren i *Klassekampen* (Riopelle 2009). Når det gjeld kognitivt innhald, peikar dei på at ei påståeleg forteljarstemme ikkje gjev rom for nyansar i tenkinga kring menns einsemd og seksualitet, slik at den nymoralistiske grunnhaldninga i boka blir ståande uimotsagt. Andre meldarar rosar forfattaren for å gå djupt i stoffet, og meldaren i *Stavanger Aftenblad* seier såleis at Hotakainen “[...] treffer den eksistensielle planken” (Wold 2009). Fleire framhevar den nøkterne, asketiske stilten og meiner at den også fungerer i personskildringane, og dei fleste set pris på Hotakainen sin absurde humor. To meldingar er av terningkasttypen. *De skjødesløse* får høvesvis fire og fem i terningkast, men meldarane seier ikkje kva som manglar på at dei gjev toppkarakter. Fem meldarar set romanen inn i ein samanheng med litteratur av andre forfattarar (Michel Houellebecq, Georges Simenon, Sjöwall&Wahlöö, Sara Stridsberg, Charles Bukowski, Chuck Palahniuk, Kurt Vonnegut, Kjell Askildsen, Karin Fossum, Gert Nygårdshaug, Arto Paasilinna).

Det er del synlege uttrykk for haldningar og forventningar til finsk litteratur og kultur i meldingane av *De skjødesløse*. Her kan ein merke seg at romantemaet og forfattaren sin innfallsvinkel i ikkje liten grad inviterer til kommentarar om Finland og finskheit: Romanen tek for seg finske mannsmytar og skildrar dei dels i karikert form, dels meir realistisk og innlevande, og forteljarstemma har ei kritisk haldning til heimlandet, mellom anna vist i sitatet ovanfor med karakteristikken av Finland som eit mørkt og seksualfiendtleg samfunn. Nokre av meldarane tek då også opp denne og liknande språkbruk i sine eigen tekstar. Ein meldar gjev uttrykk for at det eksisterer generelle forventningar til finsk litteratur i Noreg ved å seie at *De skjødesløse* “[...] har det meste nordmenn kan ønske seg av en finsk roman” (Gabrielsen 2009). Nærmare bestemt gjeld det “de tørre, vemodige observasjonene”, personar utan ansiktsmimikk og dialogar som er “renhogde og frydefullt kontante” og dessutan uføreåtseielege. Han har også ein litt tvitydig kommentar til omsetjinga, som han finn “[...] oppsiktsvekkende god, med et klart og konsist språk som er bedre enn det man finner i mange norske romaner”. Merknaden er nok meint som ros til omsetjaren, men kan også lesast som eit uttrykk for at meldaren har lågare forventningar til det språklege nivået i ein finsk roman enn i ein norsk roman. Ein annan kuriositet står *Dag og Tid*-meldaren for, som seier at det finske etternamnet Korhonen “[...] fungerer godt på vestnorske dialektar”, underforstått: finske

namn er litt merkelege (Surén 2009). Elles markerer fire av overskriftene at meldinga har eit finsk tema: "Ensom finsk ømhet", "Kjærlighetslengsel på finsk", "Finsk kjærighet" og "Fandenivoldsk finne". To meldarar gjev uttrykk for at dei kjenner Hotakainen sin forfattarskap, den eine kjem også med ei generell utsegn om at ho er begeistra for finsk litteratur og sjeldan har blitt skuffa. Ein meldar meiner at Hotakainens analyse av kjærleikens kår kan vere like relevant for Skandinavia som for Finland.

7.1.1 Ømhettens harde kår (Gabrielsen 2009) (Meldingstekst i vedlegg, s. 108)

Meldaren innleier med å karakterisere romanen som krim-liknande og presenterer dei sentrale personane og intrigen: etterforskaren Antero Mokka kallar inn Laila Korhonen til avhøyr om den forsvunne Harri Bostrøm. Einsem og kjærlekslengt er eit fellestrekk ved desse tre. Men forfattaren har også eit anna ærend. I eit innleiande kapittel skildrar romanen i satirisk form den historiske utviklinga av pornoindustrien, med oppdikta aktørar, og meldaren forklarer for lesaren kven som må ha vore modellar for framstillinga. Richard Florida: "The creative class" får såleis hos Hotakainen ein finsk vri i Richard Pakila: "Den skapende og knullende klassen". Romanen skuldar pornoindustrien for å forsterke og utnytte einsem og kjærlekslengt, og blant konsekvensane i forklaringsrekka inngår også kjøpegalskap og framandgjering.

Meldaren finn ikkje noko spesielt nytt i dette tankeinnhaldet. Han reflekterer i staden over den litterære bruken av pornografitemaet i Hotakainens roman og i ein seinare utgjeven roman av amerikanske Chuck Palahniuk, der pornografireferansane i begge tilfelle er så uttalte at han meiner bøkene sjølv kan kallast pornografiske, og han stiller spørsmål til om pornografi får litterær legitimitet straks den blir framstilt som ein kommentar til samfunnsutviklinga.

Meldaren set pris på forfattarens stil og form. Dialogane har "nerve" – det kan tolkast som truverd og intensitet – og persontekninga er asketisk. Hovudpersonen er skildra som svært einsam, og her relaterer meldaren til litterære skikkelsar hos Kjell Askildsen. Forfattaren avstår frå å svartmåle elendet i livet, men tilbyr i staden "en merkelig, litt skjev type menneskekjærighet", altså kjærleik i ein kontekst av avvik og annleisheit. Meldaren får her assosiasjonar til den amerikanske forfattaren Kurt Vonnegut.

Meldaren har ein personleg, reflekterande stil. Han er oppteken av tankeinnhaldet i romanen, diskuterer pornografi som tema og verkemiddel og har ei god grunngjeving av kva han set pris på ved dei estetiske kvalitetane i romanen. Meldinga kan plasserast i kategori 1 i Cecilie

W. Lunds inndeling av argumentasjonsnivå (Lund 2005). Meldingar på dette nivået er analytiske og nyanserte, og dei reflekterer og opnar perspektiv.

Kunnskap, haldningar, forventningar, markørar til det finske: Meldaren seier at boka har det meste nordmenn kan ønskje seg av ein finsk roman, og peikar med det på at det finst forventningar til finsk litteratur i Noreg. Han ser ut til å meine at forventningane til det finske blir oppfylte mellom anna gjennom “de tørre, vemodige observasjonene”, personar utan ansiktsmimikk og dialogar som er “renhogde og frydefullt kontante” og i tillegg uføreåtseielege. I ein kommentar til omsetjinga seier han at den er “[...] oppsiktsvekkende god, med et klart og konsist språk som er bedre enn det man finner i mange norske romaner”. Merknaden er rosande meint, men kan også tolkast som at meldaren har lågare forventningar til det språklege nivået i ein finsk roman enn i ein norsk roman.

7.1.2 I driftenes vold (Alnæs 2009) (Meldingstekst i vedlegg, s. 109)

Meldaren referer hendinga som set handlinga i romanen i gang, og introduserer kort dei to hovudpersonane Mokka og Leila. Ho gjev romanen sjangeretiketten fabel, etter først å ha konstatert at den liknar på ein kriminalroman. Ho drøftar temaet i romanen, som ho identifiserer som einsemd og seksualitet som samfunnsproblem og individuelt problem. Samfunnsstrukturen legg til rette for pornoindustrien, som menn villeg lèt seg påverke av, medan kvinnene har andre ønskje og forventningar. Hovudpersonane Mokka og Leila representerer mannen som lengtar og kvinna som behandlar. Meldaren framhevar forfattaren sin språklege originalitet, som ho finn i slåande formuleringar, kontrastar, biletspråk, humor og effektfull utnytting av klisjear. Ho har også ei positiv vurdering av forfattarens haldning til temaet han skriv om, og til at det trass alt finst håp og optimisme i romanen. Her argumenterer ho ut frå ei moralsk grunngjeving.

Meldaren er svært positiv til boka ho melder og siterer frå romanen for å underbygge meiningsane sine. Ho karakteriserer Hotakainens stil som “ellevill” og “slagferdig”, og det verkar som om ho i sin eigen tekst ønskjer å leggje seg nær opp til forfattarens skrivemåte, som ein impresjonistisk kritikar. Stilen hennar er biletrik med mange karakteriserande adjektiv, og som heilskap kjennest det noko overdrive og uelegant, som i følgjande passasje: ”Men da den vidunderlige kjærligheten til slutt kommer på banen, skriver denne finnen om den og erotikken på et vis som får Salomos Høysang til å ligne en brosjyre fra Coop”.

Meldinga kan plasserast i kategori 2 i Lunds inndeling av argumentasjonsnivå, “noko, men begrensa vurdering” (Lund 2005).

Kunnskap, haldningar, forventningar, markørar til det finske: Meldaren omtalar forfattaren som “denne finnen”. Om romanen sin underliggjande bodskap seier ho at det finst håp og optimisme “[...] i den andre enden av det finske mørket”.

7.1.3 Fandenivoldsk finne (Krøger 2009a) (Meldingstekst i vedlegg, s. 110)

Ingressen peikar på sjanger (harselas), tema (pornografi og seksuell frigjering) og haldning i verket (nymoralistisk) og inneheld også ei tilråding (leseverdig). Som innleiing siterer meldaren ein karakteristikk av Finland henta frå romanen, ”[...] dette mørke landet som var så gjerrig på hud” (Hotakainen 2009 s. 19), som på ein effektiv måte viser ei haldning i forfattaren sin tekst: nasjonen Finland har eit problem i høve til temaet pornografi og seksuell frigjering. Om lag halvparten av meldinga er handlingsreferat (om romanen si framstilling av den fotografitekniske utviklinga som leier til pornoindustri og om forretningskvinna Leila, etterforskaren Mokka, offeret Boström og kriminalintrigen). Meldaren gjev forfattaren karakteristikken “ingen stor stilist”, men har likevel ei positiv vurdering av enkelte estetiske sider ved verket. Ho framhevar såleis at romanen har “fandenivoldsk driv” (som eg tolkar som medrivande forteljeteknikk med preg av noko laussleppt) og gode spissformuleringar. Ho konkluderer med at romanen er “nokså rotete” utan å konkretisere nærmare; her kan ein tenkje seg at ho siktar til enkeltelement som ikkje er godt nok integrerte i heilskapen.

Meldaren er heller ikkje imponert over det kognitive nivået i romanen, men ho meiner at Hotakainen evnar å gje presist uttrykk for det ho litt flytande kallar tidsånda. Her skil ho ikkje mellom moralen i boka og forfattaren sin moral, som Per Thomas Andersen framstiller som eit problem i litteraturkritikk (Andersen 1987), og ho gjev Hotakainen merkelappen nymoralist som tek avstand frå og set likskapsteikn mellom fri seksualitet og porno.

Meldinga har eit klart og enkelt språk og gode grunngjevingar for meldaren sitt syn. Ho kommenterer stiltrekk og tankestoff og gjev lesaren eit tydeleg inntrykk av romanen gjennom handlingsreferat og sitat. Tilrådinga “leseverdig” har eit visst forbrukarrettleande preg. Det uttrykkjer ikkje den største entusiasme, men seier noko om at innhaldet i boka har allmenn interesse og at det er noko å hente her. Eg vil plassere meldinga i kategori 2 i Lunds inndeling av argumentasjonsnivå, “noko, men begrensa vurdering” (Lund 2005).

Kunnskap, haldningar, forventningar, markørar til det finske: Meldaren følgjer opp forfattaren sin karakteristikk av Finland som eit “mørkt land” og markerer det finske i uttrykk som “finske skjebner” og “den finskemannens ubotelige ensomhet”.

7.1.4 Konstruksjon og patos (Surén 2009) (Meldingstekst i vedlegg, s. 111)

Meldaren innleier med å reflektere over presset som kviler på litterære prisvinnarar. Det er vanskeleg å følgje opp ein suksess, og dette har til fulle slått til for den tidlegare Nordisk Rådvinnaren Hotakainen og romanen *De skjødesløse*. Boka held ikkje mål slik meldaren ser det, korkje i innhald eller form. Hovudpersonane er karikaturar utan psykologisk truverd, og intrigen er usannsynleg. Når det gjeld komposisjon er han misnøgd med at romanen for ein stor del er halden i refererande form, med få framstillingar av scener og situasjonar og desto meir av klisjear og allmenne observasjonar. Det gjer at innhaldet ikkje blir levande nok, personane blir distanserte og teksten blir påstandar. Meldaren seier rett ut at han saknar noko ”som gjer augneblinken interessant”. Og han finn fleire veikskapar ved komposisjonen: Kapitlet om fotografiet si utvikling er overflødig, dei kommenterande visdomsorda har därlege poeng og freistnaden på å variere forteljeteknikken ved hjelp av perspektivskifte strandar på grunn av at forteljarstemma heile tida tek kontrollen. Forteljarstemma er i tillegg svært påståeleg og gjev lite rom for å utvide tankeperspektivet i romanen, og dette ser ut til å vere ei hovudinnvending for meldaren. Han viser elles tematiske tilknytingspunkt til annan litteratur, nemner Sjöwall&Wahlöö og samanliknar avhøyrsscenene i *De skjødesløse* med tilsvarande scener hos Sara Stridsberg. Her fell Hotakainen gjennom, fordi preget av autentisitet sviktar. Men når romanen viser fram den mørke samfunnsforståinga si utan utanomsnakk, finn meldaren ein interessant likskap med verk av filmskaparen Kaurismäki og den amerikanske forfattaren Charles Bukowski.

Meldaren tilkjenner romanen underhaldningsverdi, men ut over det legg han ikkje fingrane i mellom når han skal gjere greie for det han ikkje likar. Han er gjennomgåande ironisk i tonen, stiller insinuerande spørsmål og verkar opprørt, nærmast krakilsk over at det er mogleg å skrive som Hotakainen denne gongen gjer. Han dreg også forfattaren si haldning og oppriktigheit i tvil ved å hevde at han manglar engasjement i stoffet og truleg har skrive romanen berre for få publisert ei ny bok. Det ekstra affektasjonsleddet i argumentasjonen som Per Thomas Andersen gjer greie for (Andersen 1987) er tydeleg her. Men meldaren legg verkeleg også vinn på å få fram dei saklege grunnane til at han må trekke den negative konklusjonen ”slapp”, ”uengasjerande” og ”uspennande”. Han tek i bruk heile spekteret av

vurderingskriterium og underbyggjer meaningane sine grundig med argumentasjon og sitat. Den ironiske forma er utvilsamt overdriven, men eg vil likevel plassere meldinga i kategori 1 i Lunds rangering av argumentasjonsnivå (Lund 2005).

Kunnskap, haldningar, forventningar, markørar til det finske: Meldaren legg vekt på at forfattaren skildrar Finland som “[...] eit land av seksuell frustrasjon og for mykje klede”. Han finn at romanfigurane er framstilte som karikaturar av finske personar, og slår sjølv til med ein svært usakleg kommentar til det finske etternamnet “Korhonen”, som han seier “[...] fungerer godt på vestnorske dialektar” – underforstått finske namn er merkelege, vestnorske dialektar har særprega kraftuttrykk.

7.1.5 De vanskelige driftene (Johnsen 2009) (Meldingstekst i vedlegg, s. 113)

Meldaren innleier med ei personleg ytring om at ho likar finsk litteratur svært godt og at ho heller ikkje denne gongen er blitt skuffa. Ho har lese dei to tidlegare omsette bøkene av forfattaren og slår fast at Hotakainen igjen gjev leseglede, sjølv om *De skjødesløse* har eit dystert tema knytt til einsemd, fri sex og porno. Ho introduserer hovudpersonar og intrige, refererer hovudtrekka i handlinga og poengterer at framstillinga har eit samfunnskritisk ærend: den stiller spørsmål til kor vidt pornografi er frigjerande, og den kastar lys over at menn og kvinner har ulike seksuelle ønskje. Meldaren finn mange gode kvalitetar ved boka. Rett nok fengde ikkje starten, og ho tilkjennegjev at ho fyrst oppfatta den som krim. Ho karakteriserer forfattaren som “sprelsk” og “rappkjefta” og nemner politiavhøyret mellom Mokka og Leila som døme på “fornøyelig lesning”. Det humoristiske, ustyrlege og slagferdige blir framheva, men ho peikar også på “det såre” under overflata.

Meldaren får fram at romanen er samansett, men går ikkje inn på drøfting av tema og form. Ho legg vekt på å karakterisere og referere og gjev *De skjødesløse* terningkast 4, utan å utdjupe kva som manglar på toppkarakter (bortsett frå den lite fengjande starten). Eg vil plassere meldinga i kategori 3 i Lunds inndeling av argumentasjonsnivå, med kjenneteikn handlingsreferat og karakteriserande stil (Lund 2005).

Kunnskap, haldningar, forventningar, markørar til det finske: Meldaren kjenner Hotakainen sin forfattarskap og annan finsk litteratur, og ho gjev uttrykk for gode leseerfaringar og positive forventningar.

7.1.6 Ensom finsk ømhet (Roll 2009) (Meldingstekst i vedlegg, s. 114)

Over halvparten av meldarens tekst er handlingsreferat som gjer greie for hovudpersonane Mokka, Leila og Boström og kriminalintrigen som utgjer ramme for romanen. *De skjødesløse* er ikkje krim, slår meldaren fast, men den liknar, og “kakedrysset” av krim gjer boka endå meir attraktiv. Han nemner godt språk og velfungerande stiltrekk i romanen (one-liners, ironi, satire, absurditet), gjer ei samanlikning med Arto Paasilinna sine bøker og hevdar at dei nemnde stiltrekka gjer Hotakainen til ein “mørkere” og “flere favner” djup forfattar enn Paasilinna. Denne argumentasjonen heng etter mi meining ikkje heilt godt i hop, sidan slike stiltrekk i seg sjølv ikkje garanterer for “djup” litteratur. Han konkretiserer ikkje kva slags djupn han siktar til, og lesaren får heller ikkje vite noko om kva Paasilinna står for. Meldaren ser boka i samanheng med dei to føregåande, *På hjemmefronten* og *Isakkatedralen*. Alle tre drøftar myter om den finske mannen, og han oppfattar *De skjødesløse* som siste del av ein triologi. Pornografi, einsemd og kjærleik er tema i tredje del, og meldaren reknar det for ein positiv kvalitet at forfattaren er optimistisk på kjærleikens vegner. ”Og så har han troen på kjærligheten!” er meldarens oppsummering, og han gjer såleis ei form for moralsk vurdering av forfattaren si haldning.

Meldinga er kort og prega av karakteriserande adjektiv, dei fleste nokså generelle (“velskreven”, ”underholdende”, ”morsom”, ”knallsterk”). Her er også setningskonstruksjonar med haltande grammatikk og påfallande ordbruk, til dømes ”Pornografi er en agenda blant disse ensomme mennene [...]”, ”Men at kakedrysset av krimsmak er med på å gjøre denne morsomme boken mer sukkulent, er uten tvil”. På grunn av høg referatprosent, karakteriserande stil og svakt utbygd argumentasjon vil eg plassere meldinga blant forbrukarrettleiingane i kategori 3 i Lunds inndeling av argumentasjonsnivå (Lund 2005).

Kunnskap, haldningar, forventningar, markørar til det finske: Overskrifta ”Ensom finsk ømhet” markerer at meldinga har eit finsk tema. Essensen av dei finske mannsmytane som blir drøfta i triologien er ifølgje meldaren “[...] at den finske mannen er ensom og blyg og ikke kommer frem før etter minst fire drinker”.

7.1.7 Kjærlighetslengsel på finsk (Faldbakken 2009a) (Meldingstekst i vedlegg, s. 114)

Meldaren formulerer romanen sitt tema i eit innleiande spørsmål om korleis det står til med kjærleiken sine kår i Finland og Skandinavia. Slik han les *De skjødesløse*, er utsiktene

“temmelig bleke”. Han framhevar at forfattaren har ei eiga evne til å “sette ting surrealistisk på spissen”, og seier med det noko om at Hotakainen sin sjanger ikkje fyrst og fremst er tradisjonell realisme. Spissformuleringa i *De skjødesløse* gjeld intimitet og kjærleik, som er vanskeleg å oppnå i dagens samfunn. Det meste er redusert til pornokonsum og sjekking, og alternativet er einsemd. Meldaren viser korleis dei tre sentrale skikkelsane i romanen, Mokka, Leila og Boström, har sine måtar å forholde seg til problemet på. Han meiner at forfattaren behandler temaet på ein innsiktsfull måte, både når det gjeld individuelle sider (einsemd, menns kjensleliv) og samfunnstilhøve (sexindustri, konsumsamfunn). Han har sans for Hotakainens stil, som han karakteriserer som “nöktern”, samtidig som det er kontrastar i det språklege uttrykket - humoren er alvorleg og sjølv overdrivingane er asketiske. Meldaren avrundar sjølv med ei nöktern, men likevel sterkt tilråding: “Han er meget lesbar.”

Meldaren uttrykkjer seg velformulert og klart. Han kommenterer tema og verkemiddel, får fram særpreget ved forfattaren og gjer innhaldsreferatet interessevekkjande. Han går ikkje spesielt djupt inn i stoffet, og han gjev romanen terningkast fem utan å seie kva som manglar på at den oppnår toppkarakter. Eg vil plassere meldinga i kategori 2 i Lunds inndeling av argumentasjonsnivå (Lund 2005), karakterisert av noko, men begrensa vurdering.

Kunnskap, haldningar, forventningar, markørar til det finske: Overskrifta “Kjærlighetslengsel på finsk” markerer at meldinga har eit finsk tema. Meldaren ser ut til å meine at det ikkje er nokon skilnad på Finland og Skandinavia når det gjeld spørsmålet om kjærleikens kår.

7.1.8 Finsk kjærlighet (Johnsen 2009) (Meldingstekst i vedlegg, s. 115)

Meldinga er plassert i avis under sjangervignett Krim, og meldaren tilkjennegjev forvirring. Ho venta ein kriminalroman av vanleg slag der etterforsking har ein vesentleg plass og lesaren får presentert ulike løysingsframlegg til ei kriminalgåte. Sjølv om denne forventninga vart skuffa, har ho likevel hatt ei god lesaroppleving. Ho legg hovudvekt på møtet mellom etterforskaren Mokka og kvinnen han skal avhøyre, Leila, men meiner at *De skjødesløse* også har eit samfunnsperspektiv ved at den skildrar møte mellom ulike samfunnslag. Ho finn at parallelhandlingar og veksling mellom direkte og indirekte tale gjer boka spennande og lettlesen og framhevar altså dei stiltrekka som gjev intensitet og framdrift. Sidan kjensler har brei plass i romanen, tilrår ho den til lesarar som likar kjærleiksromanar eller psykologiske romanar. Meldinga er kort og enkel i form og innhald, og forbrukarrettleiingsperspektivet er

dominerande. Eg vil derfor plassere den i kategori 3 i Lunds inndeling av argumentasjonsnivå (Lund 2005).

Kunnskap, haldningar, forventningar, markørar til det finske: Overskrifta “Finsk kjærlighet” markerer at meldinga har eit finsk tema.

7.1.9 Alle ensomme sjeler (Wold 2009) (Meldingstekst i vedlegg, s. 115)

Meldaren innleier med å reflektere over at kriminalromanar som også tek opp eksistensielle tema er sjeldan vare. Han nemner døme på forfattarar i sjangeren som gjev plass for det eksistensielle (Simenon, Fossum, Nygårdshaug), og slår fast at Hotakainen kan gå inn blant desse. Meldaren viser her at han set pris på at kriminalromanar også har tankestoff med djupare mening. Han plasserer *De skjødesløse* i ein blandingssjanger av “det rent skjønnlitterære og psykologiserende krim” og understrekar at krimforma mest er ramme for ei undersøking av hovudtemaet einsemd. Han finn at forfattaren går djupt i temaet, han skriv med “innsikt” og gjev romanfigurane “liv” (peikar mot truverdig personeikning og at teksten uttrykkjer noko som kjennest sant for lesaren), og han vurderer som positivt at romanen har humor og “sitrende spenning” (peikar mot intensitet og forteljeteknisk driv).

Presentasjon av hovedpersonar og intrige tek vel halvparten av plassen i meldinga, som ikkje er spesielt lang. Meldaren får likevel sagt interessevekkjande ting om sjanger, stiltrekk og framstillingsform og framfører argumenta sine tydeleg. Språket i meldinga er presist og enkelt og har innslag av kreativ biletbruk, som når meldaren seier at ”[...] Hotakainen treffer den eksistensielle planken [...].” Eg vil plassere meldinga i kategori 2 i Lunds inndeling av argumentasjonsnivå (Lund 2005), noko, men begrensa vurdering.

Kunnskap, haldningar, forventningar, markørar til det finske: Adjektivet “finsk” blir brukt som nasjonalitetsmarkør i omtalen av forfattaren og meir karakterisering i omtalen av personeikninga i romanen: ”Han gir sine underlige finske figurer liv.”

7.1.10 De følelsesløse (Riopelle 2009) (Meldingstekst i vedlegg, s. 116)

Meldinga har overskrifta “De følelsesløse” og ingressen har adjektivet “falskt” som oppsummerande hovudbodskap. Dette speglar viktige innvendingar som meldaren har mot romanen. Han hevdar at den manglar kjensler som lesaren kan tru på, og at det er eit misforhold mellom det mørke innhaldet og forma som forfattaren har valt. Tematisk kan *De*

skjødesløse sjangerplasserast som ein dystopi, meiner meldaren, og jamfører til verk av den franske forfattaren Michel Houellebecq. Men Hotakainen fell igjennom, fordi språk og stil ikkje harmonerer med innhaldet. ”Det fins ingen kontakt mellom språket og noe sant menneskelig,” seier meldaren, og nemner som døme ein samleiescene frå avhørysrommet som han finn blotta for kjensler. Språket har altså ikkje evne til å levandegjere, og teksten blir ikkje truverdig. Til den same scenen knyter han merknader om klisjéen som litterært grep. Romanen prøver å leike med klisjéar, men dei tilvante, klisjéprega haldningane som ligg under, blir verande uforandra. Forfattaren går i det heile litt over styr i dei språklege verkemidla sine, etter meldarens mening. Som døme nemner han haltande språklege bilet som blir uttværa og mistar effekt. Meldaren kritiserer også unyanserte årsaksforklaringar og lite plass for usemje i romanen si framstilling av einsemrd, seksualitet og pornoindustrien sitt spelerom i samfunnet. Sjølv om han til dels er einig i boka sin moral, likar han svært dårlig den moraliserande forteljarstemma som kommenterer handlinga, dreg ferdige konklusjonar og vil ha lesaren på si side gjennom slagferdige, men inkjeseiande one-liners. Resultatet er litterært svakt og tankemessig einsrettande.

Meldaren er svært kritisk og viser det både gjennom argumentasjon og med ein gjennomgåande ironisk tone, som i passasjane ”Kjærlighet oppstår sjeldan, bare når man liksom minst venter det” og ”Språket i ”De skjødesløse” er ikke Hotakainens. Det har tatt kontroll og genererer seg selv”. Her viser han døme på det Per Thomas Andersen kallar affektasjonsleddet i argumentasjonen (Andersen 1987). Den ironiske stilten kan skyggje noko for argumentasjonen, men konklusjonane i meldinga er likevel godt grunngjevne ut frå estetiske og kognitive kriterium. Meldaren gjer også ei interessant samanlikning med ein relevant samtidsforfattar. Ut frå dette vil eg plassere meldinga i kategori 1 av Lunds inndeling i argumentasjonsnivå (Lund 1995).

Kunnskap, haldningar, forventningar, markørar til det finske: Adjektivet ”finsk” blir brukt som nasjonalitetsmarkør i omtalen av forfattaren. Meldaren relaterer ikkje på andre måtar til noko finsk.

7.2 Sofi Oksanen: Anoreksi, undertrykking og kulturkonflikt (Oksanen 2009)

Det tok seks år før Sofi Oksanens debutroman *Stalinin lehmät* (2003) kom i norsk utgåve. *Stalins kyr* vart lansert under litteraturfestivalen på Lillehammer i mai 2009 med forfattaren til stades. Boka fekk med ein gong mykje merksemd i media. Mange aviser hadde intervju med

forfattaren, nokre av dei i staden for melding, slik at talet på avismeldingar ikkje var så mange som ein kanskje kunne ha venta, i alle høve sett i lys av korleis vurderinga av Oksanens forfattarskap seinare berre har stige. Meldarane er jamt over samstemte og svært positive til romanen. Dei legg vekt på at den koplar politisk og personleg historie på ein særprega måte: den gjev eit truverdig portrett av estisk-finske Anna som lid av eteforstyrring, men fortel samtidig – gjennom tilbakeblikk på liva til Anna si mor og mormor - om tilhøva i Estland i sovjetida, med politisk undertrykking, deportasjonar, angjeveri og kollektivisering. Romanen tek også opp problema som kunne oppstå for estiske kvinner som flytta til Finland, i form av forventningar og kulturskilnader. Sofi Oksanen får ros for avansert forteljeteknikk, nøkternt og presist språk og ikkje minst ei psykologisk og politisk innsiktsfull framstilling som gjer stort inntrykk. To meldarar har innvendingar til dei detaljerte skildringane av hovudpersonen si eteforstyrring, som dei meiner blir for monotone og tek for stor plass i romanen, den eine seier også at slike skildringar har vorte så vanlege i litteraturen at dei har mista effekt. Fleire meldarar gjev uttrykk for at *Stalins kyr* kan ha ein politisk/moralsk verknad ved at den er “viktig”, “urovekkande”, “avslørande” og “skremmande”. Meldaren i *Klassekampen* seier at romanen avslører samanhengar “[...] som finner sted så mange flere steder enn i møtepunktet mellom Finland og det sovjetiske Estland” (Ringvej 2009), medan meldaren i *Vårt Land* siterer Oksanen på at ho er forfattar fordi ho trur bøker kan endre verda, og meldaren legg til “[...] det finnes en driv i denne romanen som får oss til å tro at hun har rett” (Riiser 2009). Tre meldarar ser romanen i samanheng med verk av andre forfattarar (Saša Stanišić, Imbi Paju, Virginia Woolf, Sylvia Plath, Marguerite Duras).

Det er registrert 12 meldingar av *Stalins kyr*, ni av desse i avisar, ei på NRK si nettside, ei i eit internettmagasin for fagrørsla og ei på partiet Venstre si heimeside. Ti av meldingane er analyserte, og dei varierer i lengd frå 911 til 5360 teikn (med mellomrom), med gjennomsnittleg lengd 3303 teikn. I høve til Lunds inndeling i argumentasjonsnivå plasserer eg seks meldingar i kategori 1, tre i kategori 2 og ein i kategori 3.

Kunnskap, haldningar, forventningar, markørar til det finske: Romanen har ei til dels kritisk framstilling av finske haldningar til Estland og estlendarar og kunne såleis gje meldarane påskot til å supplere med eigne synspunkt på til dømes finsk utanriks- eller innvandringspolitikk, men kommentarar av den typen er ikkje synlege i materialet. Ein meldar kommenterer myten om stort spritkonsum blant finske menn. Han meiner at den har rot i faktiske forhold, men at det er gjort til eit for stort poeng i romanen. Ei overskrift markerer

finsk innhald i meldinga, “Finsk og faretruende”. Ein meldar uttrykkjer forventning til neste Oksanen-bok på norsk.

7.2.1 Finsk og faretruende (Riiser 2009) (Meldingstekst i vedlegg, s. 117)

Meldaren innleier med å samanlikne *Stalins kyr* med *Hvordan soldaten reparerer grammofonen* (av Saša Stanišić, meldar nemner ikkje forfattarnamnet). Begge bøker kom på norsk i 2009, dei er skrivne av unge debutantar, dei er sjølvbiografisk baserte og skildrar tre generasjonar i tidlegare kommuniststyrte europeiske statar (Estland, Jugoslavia), der det politiske systemet har påverka folks privatliv i høg grad. Meldaren presenterer så Anna, hovudperson i *Stalins kyr*. Ho tilpassar seg livet i det nye heimlandet Finland, der det estiske må skjulast for andre, grunna prostitusjonsstempelet på estiske kvinner i sovjettida. Men tilknytinga til Estland er sterkt, og Anna og mora reiser dit med jamne mellomrom. Der lærer ho alle uskrivne reglar for kvinners oppførsel og blir ein perfeksjonist. Når ho så utviklar eteforstyrring, blir ho perfeksjonist også i det. For meldaren er Anna si oppleving av kulturkonflikten mellom det finske og det estiske, med tilhøyrande lengt til det Estland står for, sentralt i romanen. Forteljinga bevegar seg på fleire tidsplan, og skildringa av sovjettida i Estland får ein brei plass gjennom tilbakeblikk på historia til mora og mormora og nettverket av slektningar. Meldaren legg vekt på at romanen på denne måten teiknar eit tydeleg samfunnsbilete, eit sosialt kart, som demonstrerer konsekvensane av det undertrykkjande styret: det fører til økonomisk og moralsk forfall på alle nivå, offentleg og privat, og løgn, svik og bytehandel blir nødvendige verkemiddel for å overleve.

Karakteristisk for Oksanens tekst er “overskudd”, i følgje meldaren. Overskotet peikar utover det mørke romantemaet og ber bod om at det kan finnast utvegar. Ho meiner å sjå overskotet dels i den stramme forma, dels i “oppdrift” i forteljarstemma og “driv” i romanen som heilskap. Alt dette verkar med til å gje lesaren tru på at ting kan endrast. Her viser ho også til forfattarens blogg, der Oksanen tilkjennegjev at ho skriv fordi ho trur at bøker kan endre verda. Ho rundar av med å reflektere over språket som reiskap for overleving og nyskaping og gler seg over at unge forfattarar – representert ved Oksanen og Stanišić - har tru på språket og evne til å gje uttrykk for dei nye generasjonane sine livserfaringar.

Meldaren vurderer *Stalins kyr* høgt. Ho utdjupar individuelle og samfunnsmessige sider av temaet og jamfører til ein roman av ein annan relevant samtidsforfattar. Ho framhevar dei estetiske kvalitetane stram komposisjon og språkleg intensitet, ho verdset romanen sitt

tankestoff og har ei positiv vurdering av forfattaren sine intensjonar. Meldinga er velforma og har eit sakleg og presist uttrykk, men har også rom for meldaren si personlege oppleving av verket. Ho får litt trekk for ikkje å nemne namnet på den bosniske forfattaren, men eg vil likevel plassere meldinga på nivå 1 i Lunds inndeling av argumentasjonsnivå (Lund 2005).

Kunnskap, haldningar, forventningar, markørar til det finske: Overskrifta “Finsk og faretruende” markerer at meldinga har eit finsk tema.

7.2.2 Sofi Oksanen med grufull og viktig roman om kvinneliv i Estland (Kløvstad 2009) (Meldingstekst i vedlegg, s. 119)

Meldaren innleier med å tilkjennegje at *Stalins kyr* har gjort stort inntrykk, og at den har eit verdfullt innhald som bør bli kjent for flest mogleg. Som politisk roman gjev den ei avslørande framstilling av korleis Estland vart halde nede i sovjetida gjennom verkemiddel som overvaking, deportasjonar og propaganda i namnet av sosialisme. Parallelt er det ein delvis sjølvbiografisk roman om korleis ei ung kvinne hamnar i sjukdomstilstanden anoreksi. På begge plan handlar det om løgn, forteiing og kontroll. Meldaren karakteriserer romanen som “urovekkjande”, og med det seier han noko om at både kjensler og tankar vert sette i sving under lesinga. Romanen skildrar korleis makthavarane framstilte okkupasjonen som ei frigjering, og korleis Estland av verda utanfor skulle oppfattast som eit sosialistisk idealsamfunn. Meldaren presenterer hovudpersonane, estiske kvinner i tre generasjonar som gjennom historiske tilbakeblikk målber verknadene av okkupasjonen. Hovudsynsvinkelen i boka ligg hos den yngste kvinnen Anna, som er fødd i Finland. Det finske samfunnet tilbyr i prinsippet fridom, men det viser seg at KGB er til stades gjennom avlytting og overvaking av estlendarar. Anna prøver å takle tilveret ved systematisk å kvitte seg med maten ho inntek. Ho er såleis utsett for dobbel kontroll, både frå KGB og venleiksidealet i samtida.

Meldaren dreg ein parallel til Imbi Paju, estisk forfattar og filmskapar som også skildrar estisk kvinnehistorie i okkupasjonstida. Litterære framstillingar av livet bak jernteppet finst frå før og stoffet er altså ikkje originalt, men han rosar Oksanen sitt bidrag for å vere av dei aller beste, mellom anna fordi ho har eit ungt blikk og er ein fornyar av form. Han slår fast at romanen er “brutalt ærleg”, og med det tillegg han forfattaren også ein moralsk kvalitet. Han peikar på det paradoksale i at vestlege sosialistar i den tida som boka skildrar, såg sosialismen som ein føresetnad for likestillings- og miljøpolitikk, og han er kritisk til forlagsnamnet Oktober, fordi det symboliserer ei hylling av sosialistiske og kommunistiske verdiar som strir

mot haldninga i boka. Meldaren avrundar med ei normativ utsegn om at *Stalins kyr* bør lesast av alle som sympatiserer med sosialisme eller kommunisme, og tilkjennegjev med det ein politisk ståstad.

Den politiske grunngjevinga av kvalitetane i *Stalins kyr* ser ut til å vere ei hovudsak for meldaren, og han legg vekt på å biletlegge framstillinga med å sitere og referere frå boka. Han vurderer også romanen høgt for truverd, intensitet, kompleksitet og formeksperiment, utan å utdjupe eller konkretisere dette i særleg høg grad. Eg vil likevel plassere meldinga i kategori 1 i Lunds inndeling av argumentasjonsnivå (Lund 2005), for reflekterande, analytiske meldingar som viser fram kvalitetane i romanteksten undervegs.

Kunnskap, haldningar, forventningar, markørar til det finske: I høve til innhaldet i romanen kommenterer ikkje meldaren dei delane av boka som skildrar kulturmotsetnader mellom Finland og Estland og det spesielle med å vere estisk innvandrarbarn i finsk miljø.

7.2.3 Estisk skamfølelse (Stubhaug 2009) (Meldingstekst i vedlegg, s. 120)

Meldaren innleier med eit kort sitat som forklarer boka sin tittel: Stalinkua er eigentleg ei geit. Det er ei interessevekkjande opning som kommenterer løgnaspektet ved stalintida på ein slåande måte. Vidare peikar ho på ein parallel i Estlands historie i okkupasjonstida 1941-1991 og i hovudpersonen Anna sitt liv: Begge er merkte av løgn, “gapet mellom fasade og virkelighet”. Romanen skildrar Anna si eteforstyrring i detalj, men etter meldaren si mening er litterære framstillingar av anorektisk sjukdom blitt så vanlege at effekten av dette er oppbrukt. Ho rosar likevel forfattaren for å gje presise uttrykk for den sjuke si oppleving av tilstanden, i ein stil blanda av “naivitet og rå nøkternhet”. Det som verkeleg interesserer meldaren er koplinga mellom Anna sin sjukdom og Estlands historie. Anna og mora bur i Finland, og dottera får innprenta at den estiske identiteten må skjulast, fordi estiske kvinner har dårlig rykte. Hemmeleghald og skam pregar livet for dei to. Men heimlandet Estland tek stor plass i Anna sin tanke, og etter kvart kropsleggjer ho det motsetningsfylte i tilværet i form av anoreksi og rotløyse. Meldaren framhevar vellykka forteljetekniske grep i romanen. Verknadene av okkupasjon og politisk undertrykking blir speglia i små, konkrete detaljar (som kollektivbruks sine blå, fosfatgjødsla poteter), og skildringa av utryggileik, svik og brutalitet er halden i ei nøktern form som gjer eit tilsvarande sterkt inntrykk. Ho har mellom anna festa seg ved eit sitat frå ein deportasjonsscene der ein husstand blir ført vekk i lastebil. Ei av kvinnene på lasteplanet har “[...] fortsatt den samme skjeen i hånden som hun rørte i teen med en halvtime tidligere”.

Meldaren ser ut til å oppfatte forteljing som ein prosess og konstaterer såleis at “Det er store fortellinger som settes i spill i *Stalins kyr*”. Framstillinga av parallelten mellom Estlands historie og hovudpersonen Anna og kontrasten mellom nøktern stil og dramatisk innhald er viktige for meldaren si positive vurdering av romanen. Gjennom sitat og innhaldsreferat får ho fram talande, konkrete detaljar som kan levandegjere og opne perspektiv for lesaren. Eg vil plassere meldinga i kategori 1 i Lunds inndeling av argumentasjonsnivå (Lund 2005), for reflekterande, analytiske meldingar som viser fram kvalitetane i romanteksten undervegs.

Kunnskap, haldningar, forventningar, markørar til det finske: Adjektivet “finsk” blir nytta som nasjonalitetsmarkør i omtale av forfattaren. Spesielle haldningar eller forventningar til det finske er elles ikkje synleg.

7.2.4 På grensen (Ringvej 2009) (Meldingstekst i vedlegg, s. 121)

Meldaren karakteriserer *Stalins kyr* som ein heilskap der historiske, kulturelle og personlege erfaringar er skrivne saman. Romanen handlar om den unge kvinnen Anna, som har estisk mor og finsk far og lever i ei verd på grensa mellom to kulturar. Det er også ein politisk roman som skildrar Estland i sovjettida og kommenterer tilhøvet mellom Finland og dei sovjetiske naboane. Kjønnspolitikk er ei side av saka, prostitusjon er eit problem, og svik og skam fargar relasjonane mellom finske menn og estiske kvinner. Anna si mor distanserer seg frå dette ved å usynleggjere sin estiske identitet, og rår dottera til å gjere det same. Anna på si side utviklar eteforstyrring, og oppnår på denne måten kontroll over sin eigen kropp. Forteljeteknisk vekslar romanen mellom det nære, notidige og scener frå krigs- og okkupasjonstida, og meldaren peikar på tematisk likskap som strekkjer seg over forskjellige tidsplan. Anna sin bulimi står i skarp kontrast til svolten og matrasjoneringa under okkupasjonen, men samtidig er det parallellear å finne, som i den detaljerte skildringa av korleis maten ved begge høve blir nøye og planmessig utporsjonert. Karakteristisk for romanen er eit usentimentalt, men sterktverkande språk, og meldaren finn at teksten har ei udefinerbar spenning som skaper forventning i lesaren. Ho viser si begeistring for boka når ho konkluderer med at *Stalins kyr* er ein “kjærkommen imponerende roman”, og ho reknar den som politisk viktig fordi den avslører forhold som etter hennar mening også finst andre stader enn i Finland og Estland.

Meldaren er oppteken av idéinnhaldet i romanen og knyter det til eit resonnement om sjølve skriveprosessen, der kroppslege erfaringar blir “skrivne inn i” teksten og erfaringar på fleire plan blir “skrivne saman”. Ho legg opp til eit høgt abstraksjonsnivå og klarar ikkje alltid å gjere tydeleg kva ho meiner. Det kan gje seg uttrykk i språkleg og grammatikalsk uklare

setningar som denne: ”Erfaringer med svik i flere generasjoner er skrevet inn i bestrebelsene på å kontrollere kroppen slik at den ikke kan skrives inn i forholdet mellom finske menn og Sovjetunionens prostituerte.” Meldaren har altså litt å gå på når det gjeld presentasjonsform, men meldinga er elles så grundig og reflektert at eg likevel vil plassere den i kategori 1 i Lunds inndeling av argumentasjonsnivå (Lund 2005).

Kunnskap, haldningar, forventningar, markørar til det finske: Spesielle forventningar eller haldningar til finsk kultur og litteratur er ikkje synleg i meldingsteksten.

7.2.5 Står fram med veldig kraft (Norheim 2009) (Meldingstekst i vedlegg, s. 123)

Meldaren innleier med å presentere Sofi Oksanen som ein sterk romandebutan. Ho er ung, ho skriv om tema som kan synast smale (som kombinasjonen av bulimi og estisk historie), ho skriv fengjande, ligg på bestseljarlistene og har fått høgthengande litterære prisar i heimlandet. ”Kva er det med denne Oksanen?” spør meldaren retorisk før ho går nærmare inn på innhald og tema i *Stalins kyr*. Den følgjer tre generasjonar av estiske kvinner, bestemor Sofia, mor Katariina og dotter Anna. Anna har finsk far og bur med mora i Finland, men dei besøkjer heimlandet regelmessig. På eine sida er det eit idyllisk barndomsland, på andre sida opplever dei der kultukollisjon ved å bli oppfatta som finske borgarar som lever i friare og materielt betre kår i den kalde krigens tid. Men i Finland må den estiske identiteten skjulast på grunn av overvakingsfare og estiske kvinner sitt rykte. Mange ting må ein teie om, og angst og skam er ein del av kvardagen. Anna utviklar eteforstyrring, og romanen trekkjer trådar bakover til Estland i krigstida: Anna sin omgang med og forbruk av mat står i sterkt kontrast til bestemora sitt strev for å få tak i mat til seg og familien. Meldaren understrekar at *Stalins kyr* gjør sterkt inntrykk og talar til kjensler. Sterke hendingar blir skildra, og forfattaren går nært innpå og er konkret ”inntil det brutale”, som meldaren uttrykkjer det. Sjølv om språket er nøkternt, gjer Oksanen innhaldet nærmast fysisk sanseleg for lesaren. Personen Anna framstår som klar og målmedviten i sitt bulimiprosjekt og skjuler det for alle. Skildringa av Anna si skam seier noko allment om kva som hender når menneske må undertrykkje vesentlege sider av seg sjølv. Meldaren peikar også på at romanen gjev innsikt i historia til eit nærliggjande område i Europa, som er ukjent for mange, i det ho kallar ”ekstremismens hundreår”.

Meldaren har ein interessevekkjande introduksjon av forfattaren, og drøftar romanen sitt særpreg i innhald og form. Ho legg vekt på kunnskapsinhald, psykologisk truverd og estetiske kvalitetar, og eg vil plassere meldinga i kategori 1 i Lunds inndeling av

argumentasjonsnivå (Lund 2005), for reflekterande, analytiske meldingar som viser fram kvalitetane i romanteksten undervegs.

Kunnskap, haldningar, forventningar, markørar til det finske: Spesielle haldningar eller forventningar til finsk litteratur eller kultur er ikkje synleg i meldingsteksten.

7.2.6 Hardtslående sanselighet (Prinos 2009) (Meldingstekst i vedlegg, s. 124)

Meldaren gjer greie for to hovudmotiv som er kopla i hop i Oksanens roman. Det fyrste gjeld den unge kvinnen Anna som ønskjer total kontroll over eigen kropp og utviklar eteforstyrring, det andre gjeld Estland si historie under og etter sovjettida, illustrert gjennom tre generasjonar av estiske kvinner. Forteljeteknisk skjer samankoplinga av tema gjennom skildringa av kroppsleg, personleg erfaring, og romanen er komponert som ein mosaikk, der bitane viser fram ulike historiske og kulturelle røynsler. Tilhøva under stalintida i Estland er harde, med deportasjonar, angjeveri og matmangel, medan kjønnspolitikk og skjønnheitskrav verkar med til å legge premissar for Anna og mora sitt liv i Finland. Tausheit, skam og frykt er ein del av tilveret for dei to kvinnene, og kjærleiken til heimlandet Estland og alt det står for er motsetningsfylt. *Stalins kyr* gjer eit overtydande inntrykk på meldaren, både i innhald og form, i den grad at ho tilstår at ho har blitt slått “rett i bakken”. Ho trekkjer fram kvalitetane “heftig trøkk” (seier noko om intensitetsgrad og framdrift) og “sterk sanselighet” (seier noko om at teksten får lesaren til å sjå, høre, lukte, smake og kjenne). Stilen i romanen karakteriserer ho som “mettet” (seier noko om meiningsladd språk), og mosaikkpreget i forteljinga er “overdådig” (framhevar det samansette, mangefaseterte). Ho peikar også på religiøst farga symbolikk i framstillinga av Anna si eteforstyrring, der ein elskarskikkelse får overtaket over kroppen hennar: «Så mektig er min Herre og skaper, så velbehagelig er jeg for min Herre [...]»

Meldaren gjer ei grei samanfatting av tema i romanen utan å gå inn på djupare drøfting. Ho peikar på kompleksitet i teksten og får fram at den gjev innsikt så vel i enkeltpersonar sine lagnader som i historiske og kulturelle tilhøve, og ho gjer greie for stilistiske verkemiddel ved hjelp av meiningsfylte karakteristikkar og illustrerande sitat. Meldinga er konsentrert, og framstillinga er presis og sakleg, men samtidig entusiastisk. Eg vel å plassere den i kategori 2 i Lunds rangering av argumentasjonsnivå (Lund 2005).

Kunnskap, haldningar, forventningar, markørar til det finske: Noka spesiell haldning eller forventning til Finlands kultur og litteratur er ikkje synleg i meldingsteksten. Men meldaren informerer om at Oksanens nyaste roman *Puhdistus* blir omtala som ein komande klassikar i Finland, og ho avrundar med å uttrykkje glede over ei varsle norsk omsetjing av den.

7.2.7 Fram og tilbake (Hjulstad 2009) (Meldingstekst i vedlegg, s. 125)

Meldaren opnar med å presentere romanen sitt doble prosjekt: Den “[...]skriver seg innover i Annas spiseforstyrrelse, men peker samtidig utover, mot forholdet mellom Finland og Sovjetunionen”. Ho gjer greie for Anna sin bakgrunn og årsakene til at mora forbyd henne å snakke estisk. Hemmeleghald og reglar pregar oppveksten, og gapet mellom fasade og røyndom er stort. For å oppnå kontroll over eige liv utviklar Anna eteforstyrring, og meldaren peikar på at den blir framstilt som ei kroppsleggjering av Estlands historie i sovjettida. Dette ser ho som det mest interessante perspektivet i romanen. Men det gjer også komposisjonen meir oppstykka: midt i ei skildring av Anna sin kvardag kan forfattaren brått flytte fokus til Sibir, eller til hendingar frå mora sitt liv. Om språket i *Stalins kyr* seier meldaren at det er nøkternt og usentimentalt, og ho konkluderer med å gje terningkast fem, utan å utdjupe kva som manglar på toppkarakter.

Meldinga er kort og er forma som eit karakteriserande samandrag av innhald og tema i romanen, der meldaren peikar på viktige trekk utan å utdjupe. Ho og presenterer heller ikkje Oksanen sin forfattarskap. Meldinga fungerer som eit velskrive og informativt boktips, og eg vil plassere den i kategori 3 i Lunds inndeling av argumentasjonsnivå (Lund 2005), for meldingar med forbrukarretteliande preg.

Kunnskap, haldningar, forventningar, markørar til det finske: Noka spesiell haldning eller forventning til Finlands kultur og litteratur er ikkje synleg i meldingsteksten.

7.2.8 Spiseforstyrring, politisk undertrykking og kulturkrasj (Sivertsen 2009)

(Meldingstekst i vedlegg, s. 125)

Meldaren innleier med å gje *Stalins kyr* sjangermerkelappen sjølvbiografisk farga roman. Han gjer greie for tidsspenn og persongalleri og oppsummerer korleis Sofia, Katariina og Anna representerer tre generasjonar av estiske kvinner, knytt til ulike historiske epokar. Sofia opplever krig og okkupasjon, og Katariina erfarer ein kulturkollisjon når ho flyttar ut og lever som estisk kvinne i Finland. Ho kjenner skam over bakgrunnen sin, og av redsle for å bli

overvaka formanar ho dottera Anna om å teie om alt estisk. Anna er samtidig pressa av venleiksideal i tida og utviklar bulimi. Det blir eit middel til å få kontroll over eigen kropp, og ho passar på å skjule det for andre. Meldaren ser dette som ei oppfølging av prinsipp frå stalintida: sanninga skal haldast unna og løgna blir eit verkemiddel. Meldaren finn at forfattaren sin intensjon er å kople politiske og historiske hendingar saman med ei individuell sjukdomshistorie, og han gjev Oksanen honnør for å ha lykkast med eit ambisiøst prosjekt. Han framhevar truverd og realisme som kvalitetar i romanen og karakteriserer den som ”tankevekkende” og ”urovekkende”. Utan å utdjupe peikar han her på kognitive verdiar i verket som får lesaren til å vakne. Slik kan romanen også ha ein moralsk/politisk funksjon. Han kommenterer forteljeteknikk (kronologi, synsvinkel, datering, sceneskifte) og legg vekt på det fragmentariske, hektiske og kroppsnaere i uttrykket. Heilskapen kallar han for ”medrykkende skrivekunst”. Adjektivet viser til ein intensitet som fangar lesaren, og når meldaren tek omgrepene ”kunst” i bruk, gjev han til kjenne at han set verket svært høgt. Han avrundar med å plassere Oksanen i ein litterær samanheng ved å seie at romanen si grunnstemning gjev assosiasjonar til verk av Virginia Woolf, Sylvia Plath og Marguerite Duras. Her kunne eg ønskje at han hadde opna perspektivet endå meir med å nemne relevante titlar og tema.

Meldaren har grunngjevne vurderingar av innhald og form ut frå ei breidd av kriterium, og nemner forfattarar som Oksanen kan samanliknast med. Meldinga er informativ og velkomponert, undersøkjande og reflekterande, og eg vil derfor plassere den i øvste kategori 1 i Lund si rangering av argumentasjonsnivå (Lund 2005).

Kunnskap, haldningar, forventningar, markørar til det finske: Spesielle forventningar eller haldningar til finsk litteratur og kultur er ikkje synlege i meldingsteksten.

7.2.9 Grotesk nostalgi (Krøger 2009b) (Meldingstekst i vedlegg, s. 126)

Meldaren introduserer finsk-estiske Anna, den unge kvinna som er hovudperson i *Stalins kyr*. Den estiske bakgrunnen legg føringar for Anna og mora sitt liv i Finland. Estiske kvinner blir forbundne med kjønnshandel, det er vanskeleg å få arbeid og Anna sin finske far er i Russland i forretningssærend og har andre kvinner. Mora formanar dottera om å halde den estiske identiteten skjult, og Anna kjenner skam og frustrasjon og utviklar eteforstyrring. Meldaren gjer greie for forteljetekniske brot i framstillinga som får fram kontrastane mellom den fysiske svolten i sovjettida og den mentale svolten blant moderne vestleg ungdom, representert ved

Anna sine matorgiar. Denne tematiske kryssklippinga over tidsspenn er eit trekk som gjer at romanen utmerkjer seg, ifølgje meldaren. Utover dette kommenterer ikkje meldinga dei delane av *Stalins kyr* som handlar om Annas mormor og Estlands historie i okkupasjonstida.

Meldaren kritiserer forfattaren for einsformige anoreksiskildringar, men er elles svært begeistra og slår kort fast at “hun [dvs. Oksanen] er god”. I staden for å drøfte litterære verkemiddel brukar ho referat og sitat til å demonstrere kvalitetane i teksten. Sitata viser groteske drag (framstillinga av dei russiske kvinnene i foldeskjørt) og peikar på slåande kulturskilnader (framstillinga av det gjerrige “steinfinske” kaffibordet). Meldaren meiner at det er mykje nostalgi i romanen. Såleis finn ho at teksten speglar forfattaren sin sympati for det gamle Estland, delvis også ein lengt tilbake til den nøkterne sovjetida. Ho legg tilsvarende vekt på at romanen teiknar eit negativt bilet av det finske samfunnet.

Meldaren har eit noko avgrensa perspektiv på romanen, sidan ho ikkje går inn på vesentlege delar av innhaldet som gjeld Estland i okkupasjonstida. Ho gjer greie for tema og haldningar i verket og framstiller det på ein interessant måte for lesaren gjennom talande referat og sitat. Eg vil plassere meldinga i kategori 2 i Lunds rangering av argumentasjonsnivå (Lund 2005), noko, men begrensa vurdering.

Kunnskap, haldningar, forventningar, markørar til det finske: Noka spesiell haldning eller forventning til finsk kultur og litteratur er ikkje synleg i meldingsteksten.

7.2.10 Generasjonsroman (Østlie 2010) (Meldingstekst i vedlegg, s. 127)

Meldaren introduserer Sofi Oksanen og gjer greie for at romandebuten hennar i 2003 vart eit verkeleg gjennombrot som gav høgthengande litterære prisar i heimlandet. Han gjev *Stalins kyr* merkelappen generasjonsroman og kommenterer utradisjonell form: romanen har ikkje ein strengt logisk kronologi, men er samansett av scener frå ulike tidsepokar og skildrar liva til mormor Sofia i Estland og mor Katariina og dotter Anna som bur i Finland. Synsvinkelen ligg dels hos ein eg-forteljar, dels hos ein allvitande tredjepersonsfoteljar. Katariina ønskte seg vekk frå kommunismen i sovjetida og oppnådde det gjennom ekteskap med ein finsk mann, og dottera Anna ønskjer å vere finsk. Av årsaker som ikkje er heilt klare for meldaren utviklar ho bulimi. Han trur det kan botne i eit behov for kontroll over eige liv og eigen kropp, og tolkar det i så fall som “[...] en slags individuell forlengelse av det samfunnsmessige nivået i romanen”. Relasjonen mellom det kommunistiske Estland og det kapitalistiske Finland er eit

sentralt tema i romanen, slik meldaren ser det. Brodden mot det sovjetiske prosjektet er tydeleg, men romanen hyller ikkje heller det vestlege samfunnet som eit paradis. Det sterkeste politiske perspektivet i *Stalins kyr* ligg i ei form for feminism som hevdar at menn er opptekne av to ting: kvinner (som sexobjekt) og sprit. Meldaren meiner at klisjéen om finske menn og spritkonsum nok har rot i røyndommen, men han hadde helst sett at det hadde vore meir nedtona i romanen. Han avrundar med at romanen varslar ein spennande forfattarskap.

Meldaren gjer greie for *Stalins kyr* som generasjonsroman og politisk roman, og kommenterer komposisjonstrekk (broten kronologi, skiftande synsvinkel). Eg vil plassere meldinga i kategori 2 i Lunds inndeling av argumentasjonsnivå (Lund 2005), noko, men begrensa vurdering.

Kunnskap, haldningar, forventningar, markørar til det finske: Meldaren gjev uttrykk for at myten om stort spritkonsum blant finske menn har rot i faktiske forhold, men at det er gjort til eit litt for stort poeng i romanen.

7.3 Arto Paasilinna: Burlesk humor i sjette norske omsetjing (Paasilinna 2009)

Arto Paasilinna har skrive mange romanar og er omsett til ei rekke språk, og vert av mange kalla Finlands største forfattar. Det tok lang tid før Paasilinna sine bøker vart omsette til norsk, men frå og med 2005 har dei kome i ein jamn straum, og *Den senile landmåleren* er den sjette i rekka. Bøkene har blitt svært godt mottekte her i landet. Absurd humor, merkeleg persongalleri og vilt usannsynleg handlingsgang er forfattaren sitt varemerke, samstundes som det finst innslag av samfunnskritikk. Også denne gongen er meldarane jamt over begeistra, sjølv om ein viss slitasje kan merkast. Fem av meldarane verkar udelte positive og gler seg stort over leseopplevelinga, tre morar seg mindre denne gongen enn tidlegare og finn at personskildringa er stereotyp og framstillinga “for myrlendt og traurig” (Solli 2009), og at forfattaren kan samanliknast med ein litt slitsam gjest som fortel gode historier og ikkje stoppar i tide (Hidle 2009). Meldaren i *Klassekampen* meiner at Paasilinna går for langt med sin kombinasjon av nøkternheit og ellevill handling. Han opplever ironien som kalkulert, hevdar at den nøkternt forteljande stilens umogleggjer psykologisk truverdig personeikning og at romanen solar seg i si eiga merkverdigheit, som blir eit mål i seg sjølv (Øybø 2009). Med omsyn til truverd er fleire meldarar av ei anna mening; ein av dei seier at Paasilinna er “troverdig som bare det” (Olaisen 2009). Fem av ni meldarar finn samfunnskritikk og politisk brodd i romanen, ein peikar på at Paasilinna sameinar smerte og humor og at bøkene hans har

terapeutisk verknad. Tre av meldingane er terningkastmeldingar (boka får to femmarar og ein firar), ei grunngjev kvifor boka ikkje får toppkarakter, dei to andre ikkje. Det blir gjort svært få forsøk på å samanlikne *Den senile landmåleren* med verk av andre forfattarar, fleire meldarar seier då også at han er unik på sitt felt. Ein meldar meiner at Paasilinna og Kari Hotakainen til dels har same ærend, ein seier at forfattaren står i ein folkeleg forteljartradisjon (utan å nemne andre i same tradisjon) og ein får assosiasjonar til norsk bygdehumor (Sigurd Lybeck sin teikneseriefigur Bustenskjold). Meldaren i *Verdens Gang* karakteriserer romanen som “[...] handlingsdrevet på en måte som man sjeldan eller aldri ser i våre hjemlige samtidsromaner” (Faldbakken 2009b).

Når det gjeld kunnskap, haldningar, forventningar og markørar til det finske, let det til at alle meldarane kjenner Paasilinna sin forfatterskap, og fleire seier at dei set pris på den. To meldingar har overskrifter som signaliserer eit finsk tema, “Festlig finne – igjen” og “Lite nytt fra de finske skoger”. Ein meldar seier at ein kvar finsk folkeleg roman skal innehalde noko om vinterkrigen, sprit og damer, ein annan karakteriserer romanen som “praktfullt finsk”, og ein tredje kritiserer utstrekkt bruk av “[...] velkjente finske rekvisitter som sprit, badstu og sisu”. Meldaren i *Haugesunds Avis* innleier med å formulere eit inntrykk av Finland som han tenkjer seg at lesaren kan ha: “[...] sorgmodig apati dynket i sprit og temperament” (Olaisen 2009). Andre stereotypiar som blir nemnde er “finsk melankoli”, “dystre finske menn” og “finsk fjernsynsteater”. Adjektivet “finsk” blir brukt karakteriserande i uttrykka “en ny finsk reise” og “heidundrendes finsk heisatur”. Ein meldar spelar på historiske hendingar når han refererer til Finland som forfattaren sitt “hardt prøvede hjemland”, medan meldaren i *Verdens Gang* gjer ein samfunnsanalyse i kortform: “Landet som på forbausende kort tid har utviklet seg til et mønsterbruk av sosial, kreativ, teknologisk og økonomisk fremgang etter flere tiår under åket som halvfri Sovjet-vasall” (Faldbakken 2009b).

Det er registrert ni meldingar av *Den senile landmåleren* i norske aviser. Lengda varierer frå 795 til 3517 teikn (med mellomrom), i gjennomsnitt 2231 teikn. I høve til Lunds inndeling i argumentasjonsnivå plasserer eg to meldingar i beste kategori 1, fire i kategori 2 og tre i kategori 3.

7.3.1 Den senile landmåleren (Dvergsdal 2009) (Meldingstekst i vedlegg, s. 128)

Meldaren informerer om forfatterskapen og gjer klart kva som er Paasilinna sitt prosjekt: å utforske “sine landsmenns gjøren og laden”, med “burlesk humor” som litterært verkemiddel.

Ramma om forteljinga er ei reise, eit komposisjonstrekk som meldaren kjenner att frå *Kollektivt selvmord*, ein tidlegare omsett roman av forfattaren. Han introduserer hovudpersonen og nokre andre medverkande og understrekar forviklingspreget i intrigen, før han konkluderer med at *Den senile landmåleren* er svært underhaldande og fungerer som “utmerket reisefølge”, sidan den alt ligg føre som lydbok.

Meldinga er kort, men velskriven, og den peikar på sentrale kjenneteikn ved romanen og Paasilinna sin forfattarskap, framfor alt det burleske i handlingsgang og persongalleri. Meldinga er plassert under rubrikken “Lesetips” på avissida, og hører heime i kategori 3 av Lunds gradering av argumentasjonsnivå, forbrukarrettleiing med “relativt overflatisk framstilling, der handlingsreferatet eller beskrivelsen av verket dominerer” (Lund 2005).

Kunnskap, haldningar, forventningar, markørar til det finske: Meldaren gjev inntrykk av å kjenne Paasilinna sin forfattarskap. Nasjonen Finland blir framstilt som hardt prøva: “Forfatteren tar oss med på en ny rundreise i sitt hardt prøvede hjemland”.

7.3.2 Se her! Så rart! (Øybø 2009) (Meldingstekst i vedlegg, s.128)

Meldaren innleier med å reflektere over omgrepene “kultforfattar”, og peikar på at det er lesarane si tilbeding som er føresetnaden for kultstatus. Han oppfattar kultmedlemmene nærmast som ei religiøs sekt med felles rammer og regelverk som skil skarpt mellom innanfor og utanfor. Litteraturkritikarar kan også ta på seg å sortere lesarar i innanfor og utanfor-kategori, meiner meldaren, og han nemner som døme eit sitat av Marta Norheim i hennar melding av *Kollektivt selvmord*, der ho plasserer i ein tungsinns-bås dei lesarane som ikkje tykkjer romanen er underhaldande. Meldaren skildrar si eiga tilnærming til å lese Paasilinna. Han kjenner til at forfattaren har kultstatus, men er usikker på korleis han som lesar vil reagere på *Den senile landmåleren*, og det skin igjennom at kjenslene på førehand er blanda.

Meldaren gjer greie for eit karakteristisk drag ved Paasilinna sine bøker: ein nøktern forteljestil står i sterk kontrast til eit nokså vilt handlingsforløp. Den nøkterne stilens legg ikkje opp til å skape psykologisk truverd, og derfor kan både romanpersonar og handlingsgang gå i alle retningar, og alt er tillate. Stilen blir såleis ein føresetnad for struktur og persontekning. Forteljestrukturen kan likevel ha eit mønster, og her ser han likskap mellom årets roman og *Harens år*, som begge startar med ein hovudperson som forlèt kvardagen, tek ut på ei reise og etter kvart møter eit samansett og forunderleg persongalleri. Sakleg ironi er eit verkemiddel i romanen, men meldaren meiner at forfattaren tøyer strikken for langt. Under lesinga får han

etter kvart ei kjensle av at ironien er kalkulert, og han finn det lite tiltalande. Ironien solar seg i seg sjølv, og det blir noko uærleg over det. Det merkverdige i romanen blir eit mål i staden for eit middel, og han karakteriserer det som “eksotisme”. Han kritiserer også bruk av det han kallar “velkjente finske rekvisitter”. Her peikar han på at romanen tek i bruk lite originale effektar som fungerer som kulisser for å oppfylle ei forventning eller oppnå ein bestemt kalkulert verknad. Meldaren si leseoppleveling er ikkje berre negativ. Han har hatt glede av “fine passasjer” i romanen, men konkretiserer ikkje kva han siktar til, og han må alt i alt konkludere med at han høyrer til dei tungsindige i Marta Norheims kategorisering av lesarar.

Meldinga tek utgangspunkt i meldaren si forventning og personlege leseoppleveling. Han reflekterer over sine eigne reaksjonar, påviser samanheng mellom innhald og form i teksten og peikar på det han ser som manglar ved Paasilinna sin nøkterne og referande stil. Han har også tankevekkjande synspunkt på ironi som litterært verkemiddel. Meldinga er analytisk og opnar perspektiv, og eg meiner at ho kan plasserast i kategori 1 i Lunds sortering av argumentasjonsnivå (Lund 2005).

Kunnskap, haldningar, forventningar, markørar til det finske: Det er uklart om meldaren er debutant som lesar av Paasilinna, men han gjev i alle høve uttrykk for å ha kunnskap om forfattarskapen. Meldaren brukar nasjonalitetmarkøren ”finsk” som eit karakterisante adjektiv: ”[...] dermed er det klart for en ny finsk reise [...]” Meldaren viser til erfaring med framstillingar av eller førestillingar om finsk kultur og levemåte: ”Når den i tillegg lesser på med velkjente finske rekvisitter som sprit, badstu og sisu [...]”

7.3.3 Folkelig og sprudlende (Lindberg 2009) (Meldingstekst i vedlegg, s. 129)

Overskrifta oppsummerer meldaren sitt hovudinntrykk av *Den senile landmåleren*. ”Folkelig” peikar mot innhald og målgruppe (om folket, for folk flest), medan ”sprudlende” står for noko livleg og sydande som kan gå utover alle breidder. Som forfattar står Paasilinna i ein folkeleg forteljartradisjon, seier meldaren. Ho introduserer landmålar Rytkönen og hjelparens hans, drosjesjåfør Sorjonen. Møtet mellom dei resulterer i ein lengre drosjetur som utviklar seg til ein ”road movie” i litterær form. Reiseruta blir påverka av at den demente hovudpersonen av og til klarnar gjennom fysiske sanseopplevelingar – som når aromaen av konjakk får Rytkönen til å minnast hendingar og personar frå fortida og bestemmer seg for å oppsøkje ein kompis og medsoldat frå krigen, som no bur på ein gard i øydemarka. Meldaren gjengjev noko av det

som der utspelar seg og flettar samtidig inn kommentarar om at vinterkrigen, sprit og damer høyrer med i ein folkeleg finsk roman.

Meldaren opplever forteljinga som “energisk uten dødpunkter”. Ho har sans for det folkelege og assosierer til norsk bygdehumor i teikneserien *Bustenskjold* (av Sigurd Lybeck, meldaren nemner ikkje forfattarnamnet), og slår fast at romanen har underhaldningsverdi. Men ho finn at personeikninga er noko stereotyp og framstillinga litt gammalmodig. Ho viser til at Paasilinna har ein stor produksjon og høg status i heimlandet og er kjend over heile verda, og undrar seg litt over at berre seks romanar er omsette til norsk. Eit kjenneteikn ved forfattaren er at han skriv humoristisk om seriøse tema og samfunnsproblem. Meldaren siterer her forfattaren på at tungsinn er eit allment problem i Finland, og ho meiner at han gjennom bøkene sine gjer ein stor innsats for å bøte på dette.

Meldaren skildrar karakteristiske drag ved persongalleri, intrige og stil, og gjer seg tankar om folkeleg finsk forteljekunst. Ho gjev Paasilinna ros for å ha ein positiv intensjon med det han gjer og peikar på at bøkene hans har mentalhygienisk verknad. Eg vil plassere meldinga i kategori 2 av Lunds gradering av argumentasjonsnivå, “noe, men begrenset vurdering” (Lund 2005).

Kunnskap, haldningar, forventningar, markørar til det finske: Meldaren ser ut til å ha forventning om at ein folkeleg finsk roman skal inkludere elementa vinterkrig, sprit og damer. Om vinterkrigen seier ho: “Det kan virke som den er en mytisk størrelse for mange finner.” Ho kommenterer finsk tungsinn og nyttar nasjonalitetsmarkøren som karakteriserande adjektiv i uttrykket “heidundrendes finsk heisatur”.

7.3.4 Kostelig galskap (Ottesen 2009) (Meldingstekst i vedlegg, s. 130)

Meldaren meiner at *Den senile landmåleren* på alle måtar er typisk for Paasilinna, og gjer greie for kva han legg i det. Han framhevar forfattaren sine evner til å konstruere ein handlingsgang “[...] med komplikasjoner og hendelser det bare er finske Arto Paasilinna som er i stand til å utpønske”. Han legg vekt på det burleske og muntre i uttrykket, kombinert med det vilt usannsynlege, og finn også noko “rørende” som talar til kjensler, her kan han sikte til venskapsforholda som avteiknar seg midt i galskapen. Romanen har også eit samfunnskritisk ærend, ifølgje meldaren, og han rosar forfattaren for å ha ei gjennomtenkt holdning til samfunnsspørsmål, i dette høvet landbrukspolitikk. Meldaren konkluderer med at heilskapen

er “praktfullt finsk”, utan å utdjupe kva han eigentleg legg i kvalitetene “finsk”. Han krediterer også omsetjaren for godt språk.

Meldaren viser kjennskap til forfattaren og forklarar dei spesielle kvalitetane i forfattarskapen. Han er begeistra for innhald og form som gjev ei underhaldande leseoppleveling, men framhevar også den samfunnskritiske bodskapen. Når han gjev forfattaren honnør for ei gjennomtenkt og samfunnsmedvitne holdning, vurderer han ut frå moralske og politiske kriterium. Eg vil plassere meldinga i kategori 2 av Lunds gradering av argumentasjonsnivå, “noe, men begrenset vurdering” (Lund 2005).

Kunnskap, haldningar, forventningar, markørar til det finske: Meldaren viser god kjennskap til forfattarskapen. Uttrykket “praktfullt finsk” – som han nyttar som ein oppsummerande karakteristikk av romanen – viser at han har ei oppfatning av spesielle eigenskapar knytt til det å vere finsk, utan at han konkretiserer til kva det er. Kan hende går han ut frå at lesarane av Aftenposten har ei felles forståing av omgrepene.

7.3.5 Finmasket skråblikk (Olaisen 2009) (Meldingstekst i vedlegg, s. 131)

Meldaren innleier med å formulere eit inntrykk av Finland som han tenkjer seg at lesaren kan ha: “[...] sørgmodig apati dynket i sprit og temperament”. Han vedgår at Paasilinna sin forfattarskap delvis går god for dette. Han nemner forfattaren sin høge status i heimlandet og seier seg glad for at Paasilinna no også blir omsett til norsk. Han karakteriserer *Den senile landmåleren* som “Et fornøyelig stykke samtidslitteratur [...]” og poengterer at boka kan lesast i løpet av ein kveld. Opningssekvensen der den demente hovudpersonen set seg inn i ei drosje blir referert. Den utgjer opptakta til ei lengre reise med “[...] en rekke utfordringer underveis [...]. Resten av handlingsreferatet er lite konkret, men meldaren legg vekt på at forfattaren skildrar situasjonar frå finsk daglegliv, “[...] troverdig som bare det”, og han ser ut til å meine at biletet av folk flest også er gjenkjenneleg for norske lesarar. Paasilinna sitt varemerke er stillfaren humor som har stor underhaldningseffekt. Meldaren poengterer at romanen også er samfunnskritisk og fungerer som “et tankevekkende speilbilde av det moderne mennesket. En finmasket øyeblikksanalyse av nåtiden”. Men han gjer ikkje forsøk på å utdjupe innhald eller resultat av denne analysen. Når det gjeld stil og form set han pris på ukomplisert språk, variasjonar i hendingstilføring og eit persongalleri “[...] til å spise opp”. Han avrundar med å tilrå boka som særleg høveleg ein dag det regnar.

Meldaren er svært positiv til innhald og form, legg vekt på truverd i framstillinga og at boka er lettlesen. Mykje av argumentasjonen er påstandar som ikkje blir nærmare utdjupa. Boka får terneringskast fem av meldaren, men han seier ikkje noko om kva som manglar på å gje ein seksar. Eg vil plassere meldinga i kategori 3 av Lunds gradering av argumentasjonsnivå, forbrukarrettleiing med meir karakteristikkar og påstandar enn argumentasjon (Lund 2005).

Kunnskap, haldningar, forventningar, markørar til det finske: Meldaren gjev inntrykk av å kjenne forfattarskapen gjennom eiga lesing, og han uttrykkjer glede over at stadig fleire av forfattaren sine romanar er tilgjengelege på norsk. Han skisserer ei oppfatning av finskheit som han trur eksisterer blant norske lesarar: “[...] sørgmodig apati dynket i sprit og temperament”.

7.3.6 Opprør i utkanten (Faldbakken 2009b) (Meldingstekst i vedlegg, s. 132)

Meldaren innleier med å sjå forfattaren Paasilinna i samanheng med kollegaen Kari Hotakainen. Som forfattarar har dei noko til felles: dei vrangjer innsida ut på heimlandet og skildrar “bruddflatene i moderne finsk samfunnsliv”. Staten Finland har utvikla seg til eit mønsterbruk på mange felt, slik meldaren ser det, men han peikar på at dei to forfattarane viser fram eit meir illusjonslaust bilet av landet. “Uimotståelig overbærenhet og vidd” kjenneteiknar tilnærningsmåten hos begge.

Meldaren gjev deretter eit samandrag av handlinga i *Den senile landmåleren*: Den pensjonerte og aldersdemente landmålaren Rytkönen allierer seg med ein drosjesjåfør og tek ut for å finne att haldepunkta i tilværet, og endar opp på eit gardsbruk i villmarka hos ein soldatkamerat frå krigstida. Denne har bestemt seg for å leggje ned bruket og tilbakeføre det til villmark, fordi drifta ikkje løner seg under den rådande landbrukspolitikken. Rytkönen, sjåføren og fleire medverkande tek del i den omstendelege og drastiske destruksjonsprosessen. Meldaren ser eit EU-perspektiv i framstillinga av korleis gjennomregulert landbruk påverkar livet i utkantane, og han gjer merksam på at boka vart skiven medan EU-medlemskap vart debattert i Finland. Når det gjeld komposisjon og stil, framhevar han ein laussleppt handlingsgang der det bizarre har stor plass. Han kallar romanen “handlingsdriven”, og kommenterer at dette er eit fråverande trekk i dei fleste norske samtidsromanar. Han peikar også på at boka har eit kjensleinnhald av “ekte indignasjon” og “finsk melankoli”.

Meldaren gjev eit godt bilet av innhald, form og politisk tendens i romanen. Han gjer ei relevant samanlikning med forfattarkollega Hotakainen og kommenterer at forteljeteknikken

skil romanen frå norske samtidsromanar. Han set pris på preget av ektheit og konkluderer med å gje boka terningkast fem. Her kunne ein ønskje seg at han utdjupa kva som mangla i høve til ein seksar. Eg vil plassere meldinga i kategori 1 av Lunds gradering av argumentasjonsnivå, “analytisk og nyansert vurdering” (Lund 2005).

Kunnskap, haldningar, forventningar, markørar til det finske: Meldaren kjem med ei utsegn som er ein karakteristikk av det moderne Finland: “Landet som på forbausende kort tid har utviklet seg til et mønsterbruk av sosial, kreativ, teknologisk og økonomisk fremgang etter flere tiår under åket som halvfri Sovjet-vasall.” Meldaren seier at romanen har eit stort innslag av finsk melankoli.

7.3.7 Festlig finne – igjen (Hidle 2009) (Meldingstekst i vedlegg, s. 133)

Meldaren karakteriserer Paasilinna sine romanar som finskevitsar i bokform. I den sjette på norsk viser han igjen det særpreget som meldaren set pris på: blikket for “det skakke og rare” og ein “særegen ømhet for dystre finske menn”. Og han får lesaren til å le! Men samtidig gjev ho uttrykk for at ho held på å gå lei. Ho samanliknar leseopplevelingen med å ha ein gjest på besøk som fortel underhaldande skrøner. Historiene er gode, men det kan bli for mykje og for lenge. Når det gjeld *Den senile landmåleren*, vedgår ho at det også er ei god historie, og ho gjev eit raskt og svært overflatisk omriss av den. Ho framhevar det burleske i innhaldet og at Paasilinna på dette feltet overgår alle andre, og peikar på at romanen har eit landbrukspolitisk tilsnitt som også er relevant i Noreg. Omsetjaren får ros for godt språk.

Meldinga er kort og poengtert og forma kring meldaren si leseoppleveling. Ho får fram særpreget ved forfattaren (burlesk humor, blikk for outsidertypar og den finske mannen, innslag av samfunnskritikk) og reflekterer over korleis stiltekk og forteljeform ved gjentaking kan trøyte ut lesaren. Eg vil plassere meldinga i kategori 2 av Lunds gradering av argumentasjonsnivå, “noe, men begrenset vurdering” (Lund 2005).

Kunnskap, haldningar, forventningar, markørar til det finske: Meldaren samanliknar romanen med finskevitssjangeren. Ho gjev uttrykk for å kjenne att biletet av “dystre finske menn” frå tidlegare lesing av Paasilinna. Ordspelet i overskrifta “Festlig finne – igjen” signaliserer at meldinga har eit finsk tema.

7.3.8 Lite nytt fra de finske skoger (Solli 2009) (Meldingstekst i vedlegg, s. 133)

Meldaren introduserer forfattaren, slår fast at Paasilinna er den mest populære forfattaren i

Finland no og at han stort sett skriv romanar med handling frå finsk miljø. Slik også med *Den senile landmåleren*, som startar med at ein drosjesjåfør plukkar opp ein desorientert gammal mann som står midt i vegbana. På drosjeturen nordover klarnar det for den pensjonerte landmålaren Rytkönen, og han bestemmer seg for å oppsökje ein soldatven frå krigstida. Etter mange absurde opplevingar kjem landmålaren og sjåfören fram til venen sitt soldatbruk. Der deltek dei i ei total rasering av gardsanlegget, ei handling igangsett av eigaren som ein protest mot den finske staten sin landbrukspolitikk.

Meldaren finn boka mindre underhaldande enn dei ho tidlegare har lese av forfattaren.

Meldinga si overskrift, *Lite nytt fra de finske skoger*, uttrykkjer kanskje noko av problemet: Humoren går på tomgang og kjennest ikkje ny lenger. Absurde innslag i handlinga er ikkje nok, det blir for “myrlendt og traurig”, som ho uttrykkjer det, og innhaldet gjev assosiasjonar til finsk fjernsynsteater, som ikkje er favoritten hennar på underhaldningsfronten. Boka tek seg rett nok opp mot slutten, då tolv franske damer på overlevingstur blandar seg med dei gamle pansersoldatane, og meldaren konkluderer med å gje terningkast fire.

Meldaren legg vekt på romanen sin underhaldningsverdi og grunngjev kvifor ho meiner den ikkje er heilt vellykka. Innhaldsreferatet gjev eit godt bilet av handlinga og utgjer det meste av meldingsteksten. Eg vil plassere meldinga i kategori 3 av Lunds gradering av argumentasjonsnivå, forbrukarrettleiing med tilråding eller åtvaring (Lund 2005).

Kunnskap, haldningar, forventningar, markørar til det finske: Meldaren har lese fleire av Paasilinna bøker. Meldaren får assosiasjonar til finsk fjernsynsteater og gjev uttrykk for at ho ikkje har eit spesielt godt forhold til det. Overskrifta *Lite nytt fra de finske skoger* markerer at meldingsteksten har eit finsk tema.

7.3.9 Senilitet inga hindring (Kvamsdal 2009) (Meldingstekst i vedlegg, s. 134)

Meldaren stiller eit retorisk spørsmål om kva som kunne ha skjedd om ein lokal drosjesjåfør i avisas sitt nedslagsfelt hadde opplevt noko liknande som det som utspelar seg i Paasilinna sin roman: ein drosjesjåfør (Sorjonen) blir praia av ein hugselaus eldre mann (Rytkönen), og ei heilt spesiell handling blir rulla i gang. Meldaren presenterer resten av romanen sitt persongalleri og gjev det karakteristikken “fullstendig vanvittig”, samansett med “vanleg suveren eleganse” frå Paasilinna si side. Meldaren ser det som eit meisterstykke at forfattaren får hendingane i boka til å framstå som truverdige når eit så merkverdig persongalleri utgjer basis. Han relaterer til si eiga leseoppleving og tilstår at han får sympati med romanpersonane

i den grad at han ønskjer dei må lykkast sjølv i sine mest vanvittige førehavande, til dømes raseringa av krigskamerat Mäkitalo sitt gardsbruk. Meldaren peikar på at Paasilinna ofte skriv om menneske i ytterkanten av storsamfunnet. Dei kan vere utsette for urett og finn sine eigne måtar å ta att på. Paasilinna sin versjon av “det vesle mennesket sin kamp mot overmakta” er svært sympatisk, etter meldaren si meinings.

Den lokale innfallsvinkelen til meldinga verkar frisk og original og kan truleg tene til å vekkle lesarane si interesse. Meldaren gjev eit presist og livfullt bilet av personar og episodar i boka og legg inn personlege kommentarar undervegs, som “Kan det verta betre?”, Bør ikkje slike folk lukkast?”. Han legg vekt på at romanen har truverd midt i det usannsynlege og at den får lesaren til å leve seg inn i romanpersonane og deira prosjekt. Meldaren vurderer romanen også frå eit moralisk og politisk perspektiv og gjev Paasilinna honnør for å tale den vesle mannen si sak. Eg vil plassere meldinga i kategori 2 av Lunds gradering av argumentasjonsnivå, “noe, men begrenset vurdering” (Lund 2005).

Kunnskap, haldningar, forventningar, markørar til det finske: Meldaren gjev inntrykk av å ha god kjennskap til Paasilinna sine bøker.

8 Litteraturliste

- Alnæs, M. (2009, 1. mars). I driftenes vold. [Bokmelding av *De skjødesløse*, av Kari Hotakainen]. *Aftenposten*. Henta frå <http://www.retriever.no/>
- Andersen, P.T. (1987). Kritikk og kriterier. *Vinduet*, (3), 17-25
- Askildsen, K. (1969). *Omgivelser*. Oslo: Aschehoug
- Askildsen, K. (2009). *Saari*. Helsinki: Like
- Cannelin, K., Cannelin, A., Hirvensalo, L. & Hedlund, N. (1984). *Suomi-ruotsi suursanakirja. Finsk-svensk storordbok*. Porvoo: Werner Söderström
- Dvergsdal, A. (2009, 20. mars). Den senile landmåleren. [Bokmelding av *Den senile landmåleren*, av Arto Paasilinna]. *Dagbladet*. Henta frå http://www.dagbladet.no/tekstarkiv/artikkel.php?id=5001090045409&tag=item&word_s=senile%3Blandm%E5leren
- Ehrnrooth, P. (2009, 8. desember). Isän ja pojan lämmin ja arvoituksellinen suhde. [Bokmelding av *Hevosvarkaat*, av Per Petterson]. *Karjalainen*. Henta frå http://www.karjalainen.fi/scripts/edoris/edoris.dll?tem=lsearchart&search_idoc=5543753

- Faldbakken, K. (2009a, 22. mars). Kjærlighetslengsel på finsk. [Bokmelding av *De skjødesløse*, av Kari Hotakainen]. VG. Henta frå <http://www.vg.no/rampelys/artikkel.php?artid=542050>
- Faldbakken, K. (2009b, 18. april). Opprør i utkanten. [Bokmelding av *Den senile landmåleren*, av Arto Paasilinna]. VG. Henta frå <http://www.retriever.no/>
- Frobenius, N. (2008). *Jeg skal vise dere frykten*. Oslo: Gyldendal
- Frobenius, N. (2009). *Pelon kasvot*. Helsinki: Tammi
- Gabrielsen, B. (2009, 21. februar). Ømhetens harde kåر. [Bokmelding av *De skjødesløse*, av Kari Hotakainen]. *Dagens Næringsliv*. Henta frå <http://www.retriever.no/>
- Hakala, R. (2009, 26. august). Kesän ja lapsuuden loppu. [Bokmelding av *Hevosvarkaat*, av Per Petterson]. *Pohjolan Sanomat*. Henta frå http://www.pohjolansanomat.fi/cs/Satellite?c=AMArticle_C&childpagename=PSA_ne_wssite%2FAMILLayout&cid=1194624780378&p=1192554074182&pagename=PSAWrappes
- Hakalahti, N. (2010, 8. februar). Kauhua kirjallisessa maailmassa. [Bokmelding av *Pelon kasvot*, av Nikolaj Frobenius]. *Aamulehti*. Henta frå <http://www.aamulehti.fi/teema/kritikit/169495.shtml> Roten lenke! I funksjon pr 9.11.2010
- Herner, E. (1999). *Svenska recensenter läser finska böcker: En studie av receptionen av finsk prosa, översatt på 1960-talet*. Södertälje: Almqvist & Wiksell International
- Hidle, M. (2009, 21. april). Festlig finne – igjen. [Bokmelding av *Den senile landmåleren*, av Arto Paasilinna]. *Stavanger Aftenblad*. Henta frå <http://www.retriever.no/>
- Hjulstad, G. (2009, 3. juli). Fram og tilbake. [Bokmelding av *Stalins kyr*, av Sofi Oksanen]. *Trønderavisen*. Henta frå <http://www.retriever.no/>
- Hotakainen, K. (2009). *De skjødesløse*. Oslo: Cappelen Damm
- Huhtanen, J. (2010, 2. februar). Omintakeinen historiallinen taideromaani. [Bokmelding av *Pelon kasvot*, av Nikolaj Frobenius]. *Lapin Kansa*. Henta frå http://www.lapinkansa.fi/cs/Satellite?c=AMArticle_C&childpagename=LKA_newssite%2FAMILLayout&cid=1194635051736&p=1194613395268&pagename=LKAWrappe
- Hämäläinen, T. (2009, 17. juli). Paluu kesään 1948. [Bokmelding av *Hevosvarkaat*, av Per Petterson]. *Helsingin Sanomat*. Henta frå <http://www.hs.fi/kirjat/artikkeli/Paluu+kes%C3%A4n+1948/HS20090717SI1KU02v37>

- Ikävalko, M. (2009, 21. september). Kjell Askildsen – Saari. [Bokmelding av *Saari*, av Kjell Askildsen]. *Savon Sanomat*. Henta fra
<http://www.savonsanomat.fi/viihde/kirjat/kjell-askildsen-saari/484956>
- Johnsen, A.L. (2009, 9. mars). De vanskelige driftene. [Bokmelding av *De skjødesløse*, av Kari Hotakainen]. *Fredriksstad Blad*. Henta fra
<http://www.f-b.no/kultur/bokanmeldelser/de-vanskelige-driftene-1.1806527>
- Johnsen, M.F. (2009, 27. mars). Finsk kjærlighet. [Bokmelding av *De skjødesløse*, av Kari Hotakainen]. *Trønderavisa*. Henta fra <http://www.retriever.no/>
- Kløvstad, J. (2009, 30. mai). Sofi Oksanen med grufull og viktig roman om kvinneliv i Finland. [Bokmelding av *Stalins kyr*, av Sofi Oksanen]. Henta fra
<http://www.venstre.no/print.php?article=20860>
- Kononen, S. (2009, 8. desember). Muumipappa ja Max von Sydow. [Bokmelding av *Saari*, av Kjell Askildsen]. *Karjalainen*. Henta fra:
http://www.karjalainen.fi/scripts/edoris/edoris.dll?tem=lsearchart&search_idoc=5576807
- Krøger, C. (2009a, 2. mars). Fandenivoldsk finne. [Bokmelding av *De skjødesløse*, av Kari Hotakainen]. *Dagbladet*. Henta fra
<http://www.dagbladet.no/kultur/2009/03/02/567416.html>
- Krøger, C. (2009b, 13. juli). Grotesk nostalgi. [Bokmelding av *Stalins kyr*, av Sofi Oksanen]. *Dagbladet*. Henta fra <http://www.dagbladet.no/kultur/2009/07/13/581688.html>
- Kvamsdal, N. (2009, 14. juli). Senilitet inga hindring. [Bokmelding av *Den senile landmåleren*, av Arto Paasilinna]. *Hordaland*. Henta fra <http://www.retriever.no/>
- Lappalainen, O. (2009, 5. november). Toisen asteen kirjallisuutta. [Bokmelding av *Pelon kasvot*, av Nikolaj Frobenius]. *Parnasso*. Henta fra
<http://www.parnasso.fi/kritiikit/2009-11/toisen-asteen-kirjallisuutta/>
- Lindberg, E. (2009, 27. mars). Folkelig og sprudlende. [Bokmelding av *Den senile landmåleren*, av Arto Paasilinna]. *Nasjonen*. Henta fra <http://www.retriever.no/>
- Lund, C.W. (2005). *Kritikk og kommers: Kulturdekningen i skandinavisk dagspresse*. Oslo: Norsk kulturråd
- Neimala, K. (2009). Ajatuksia sekä työntekoa. [Bokmelding av *Hevosvarkaat*, av Per Pettersson]. *Suomen kuvallehti*, 93 (38), 62
- Norheim, M. (2009, 4. juni). Står fram med veldig kraft. [Bokmelding av *Stalins kyr*, av Sofi Oksanen]. Henta fra <http://www.nrk.no/nyheter/kultur/litteratur/1.6638432>

- Norontaus, K. (2009, 29. august). Paluu lapsuuden kesään. [Bokmelding av *Hevosvarkaat*, av Per Petterson]. *Turun Sanomat*. Henta frå <http://www.ts.fi/online/kulttuuri/arviot/kirjat/70736.html>
- Nummelin, J. (2010, 4. januar). Edgar Allan Poe ja sarjamurhaajan tapaus. [Bokmelding av *Pelon kasvot*, av Nikolaj Frobenius]. *Turun Sanomat*. Henta frå <http://www.ts.fi/online/kulttuuri/arviot/kirjat/100297.html>
- Oksanen, S. (2009). *Stalins kyr*. Oslo: Oktober
- Olaisen, A. (2009, 15. april). Finmasket skrablakk. [Bokmelding av *Den senile landmåleren*, av Arto Paasilinna]. *Haugesunds Avis*. Henta frå <http://www.h-avis.no/puls/finmasket-skrablakk-1.1771047>
- Ollikainen, H. (2009). Poen elämäkerta Poen tyylillä. [Bokmelding av *Pelon kasvot*, av Nikolaj Frobenius]. *Ruumiin kulttuuri*, 26 (4), 70
- Orhanen, P. (2009a, 4. november). Konna vai sankari. [Bokmelding av *Pelon kasvot*, av Nikolaj Frobenius]. *Ilkka*. Henta frå <http://www.ilkka.fi/teemat/teemataarticle.jsp?article=454546> Roten lenke! I funksjon pr 29.1.2011
- Orhanen, P. (2009b, 30. juli). Seikkailu sisimpään. [Bokmelding av *Hevosvarkaat*, av Per Petterson]. *Ilkka*. Henta frå <http://www.ilkka.fi/teemat/kulttuuriteemataarticle.jsp?article=437382> Roten lenke! Verksam 29.1.2011
- Ottesen, S.J. (2009, 5. april). Kostelig galskap. [Bokmelding av *Den senile landmåleren*, av Arto Paasilinna]. *Aftenposten*. Henta frå <http://www.retriever.no/>
- Paasilinna, A. (2009). *Den senile landmåleren*. Oslo: Aschehoug
- Petterson, P. (2003). *Ut og stjæle hester*. Oslo: Oktober
- Petterson, P. (2009). *Hevosvarkaat*. Helsinki: Otava
- Petäjä, J. (2009, 6. oktober). Kun todellisuus alkaa kopioida kirjallisutta. [Bokmelding av *Pelon kasvot*, av Nikolaj Frobenius]. *Helsingin Sanomat*. Henta frå <http://www.hs.fi/kirjat/artikkeli/Kun+todellisuus+alkaa+kopioida+kirjallisutta/HS20091006SI1KU03ta6>
- Poutiainen, H. (2010, 20. juli). Poe pääsee kulttuurisen ahdistuksen kuvajaiseksi. [Bokmelding av *Pelon kasvot*, av Nikolaj Frobenius]. *Karjalainen*. Henta frå http://www.karjalainen.fi/scripts/edoris/edoris.dll?tem=lsearchart&search_idoc=5801983

- Prinos, A.M.K. (2009, 21. juni). Hardtslående sanselighet. [Bokmelding av *Stalins kyr*, av Sofi Oksanen]. *Aftenposten*. Henta frå <http://www.retriever.no/>
- Pulli, T. (2009, 3. desember). Kohtauksia, liikkeitä, näkökulmia. [Bokmelding av *Saari*, av Kjell Askildsen]. *Parnasso*. Henta frå <http://www.parnasso.fi/kritiikit/2009-12/kohtauksia-liikkeita-nakokulmia/>
- Raevaara, T. (2010). Nikolaj Frobenius. Pelon kasvot. [Bokmelding av *Pelon kasvot*, av Nikolaj Frobenius]. *Tähtivaeltaja*, 29 (1), 34-35
- Rantanen, K. (2009, 23. desember). Kirjallinen helmi. [Bokmelding av *Saari*, av Kjell Askildsen]. *Turun Sanomat*. Henta frå <http://www.ts.fi/online/kulttuuri/arviot/kirjat/98297.html>
- Riiser, L. (2009, 28. mai). Finsk og faretruende. [Bokmelding av *Stalins kyr*, av Sofi Oksanen]. *Vårt Land*. Henta frå <http://www.retriever.no/>
- Ringvej, M. (2009, 30. mai). På grensen. [Bokmelding av *Stalins kyr*, av Sofi Oksanen]. *Klassekampen*. Henta frå <http://www.retriever.no/>
- Riopelle, F.J. (2009, 9. mai). De følelsesløse. [Bokmelding av *De skjødesløse*, av Kari Hotakainen]. *Klassekampen*. Henta frå <http://www.retriever.no/>
- Roll, S. (2009, 16. mars). Ensom finsk ømhet. [Bokmelding av *De skjødesløse*, av Kari Hotakainen]. *Adresseavisen*. Henta frå <http://www.adressa.no/kultur/bok/bokanmeldelser/article1293265.ece>
- Rosvall, M. (2009). Nikolaj Frobenius. Pelon kasvot. [Bokmelding av *Pelon kasvot*, av Nikolaj Frobenius]. *Portti* (4), 117-118
- Ruotsalo, J. (2009, 29. oktober). Häikäisevästi muistista ja mielentilasta. [Bokmelding av *Hevosvarkaat*, av Per Petterson]. *Uutispäivä Demari*. Henta frå http://www.demari.fi/index.php?option=com_content&task=view&id=7881&Itemid=139 Roten lenke! I funksjon pr januar 2011
- Saurama, M. (2009, 5. oktober). Keskkittynytä kuvausta. [Bokmelding av *Saari*, av Kjell Askildsen]. *Uutispäivä Demari*. Henta frå http://www.demari.fi/index.php?option=com_content&task=view&id=7470&Itemid=139 Roten lenke! I funksjon pr januar 2011
- Sivertsen, S. (2009, 4. juli). Spiseforstyrring, politisk undertrykking og kulturkrasj. [Bokmelding av *Stalins kyr*, av Sofi Oksanen]. *Stavanger Aftenblad*. Henta frå <http://www.retriever.no/>

- Solli, S. (2009, 30. april). Lite nytt fra de finske skoger. [Bokmelding av *Den senile landmåleren*, av Arto Paasilinna]. *Altaposten*. Henta frå <http://www.retriever.no/>
- Stubhaug, H. (2009, 29. mai). Estisk skamfølelse. [Bokmelding av *Stalins kyr*, av Sofi Oksanen]. *Morgenbladet*. Henta frå <http://www.morgenbladet.no/article/20090529/OBOOKER/609993993>
- Surén, O.W. (2009, 6. mars). Konstruksjon og patos. [Bokmelding av *De skjødesløse*, av Kari Hotakainen]. *Dag og Tid*. Henta frå <http://www.retriever.no/>
- Tanskanen, L. (2010, 26. februar). Per Pettersonin Hevosvarkaat. [Bokmelding av *Hevosvarkaat*, av Per Petterson]. *ET-Lehti*. Henta frå <http://www.nettiet.fi/forum/kulttuuri/697-Lukupiirissa--Per-Pettersonin-Hevosvarkaat.html>
- Tidningarnas forbund. (udatert). *Tidningspress i Norden 2009*. Henta 18. juni 2011 frå <http://www.sanomalehdet.fi/index.phtml?l=sv&s=120>
- Virtanen, A. (2009, 30. september). Ei mikään homo falsus. [Bokmelding av *Hevosvarkaat*, av Per Petterson]. *Parnasso*. Henta frå <http://www.parnasso.fi/kritiikit/2009-09/ei-mikaan-homo-falsus/>
- Wold, K. (2009, 31. mars) Alle ensomme sjeler. [Bokmelding av *De skjødesløse*, av Kari Hotakainen]. *Stavanger Aftenblad*. Henta frå <http://tinyurl.com/6ejk24t>
- Yli-Lonttinen, T. (2009, 14. august). Ikävä velloo läpi elämän. [Bokmelding av *Hevosvarkaat*, av Per Petterson]. *Kainuun Sanomat*. Henta frå http://www.kainuunsanomat.fi/cs/Satellite?c=AMArticle_C&childpagename=KSA_ne_wssite%2FAMILLayout&cid=1194624112323&p=1194613516391&pagename=KSAW_rapper
- Ylitalo, R. (2009). Saaressa jokainen liike merkitsee. [Bokmelding av *Saari*, av Kjell Askildsen]. *Särö*, (3), 46
- Østlie, J.-E. (2010, 8. februar). Generasjonsroman. [Bokmelding av *Stalins kyr*, av Sofi Oksanen]. Henta frå <http://www.aktuell.no/anmeldelser/article4849299.ece>
- Øybø, M. (2009, 21. mars). Se her! Så rart! [Bokmelding av *Den senile landmåleren*, av Arto Paasilinna]. *Klassekampen*. Henta frå <http://www.retriever.no/>

Personleg kommunikasjon:

Jan Kløvstad (e-post, 13. desember 2010)

Tellervo Laine, statsautorisert tolk og omsetjar, Vadsø

Oversyn over artikkelbasar og nettsteder som er søkt i etter bokmeldingar

Aleksi <http://aleksi.btj.fi/>

Arto https://arto.linneanet.fi/vwebv/searchBasic?sk=fi_FI

Aschehoug <http://www.aschehoug.no/>

BIBSYS Ask <http://ask.bibsys.no/ask/action/resources?lang=nb>

Bokavisen <http://www.bokavisen.no/>

Boknett <http://www.boknett.no/>

Brages Pressarkiv <http://www.bragespressarkiv.fi/start/>

Cappelen Damm <http://www.cappelendamm.no/>

Kiiltomato <http://www.kiiltomato.net/>

Kritiikkiportti <http://www.kiiltomato.net/>

Like <http://www.like.fi/>

Norske og nordiske tidsskriftartikler (Norart) <http://www.nb.no/baser/norart/>

Oktober <http://www.oktober.no/>

Otava <http://www.otava.fi/>

Retriever/Atekst <http://www.retriever.no/>

Tammi <http://www.tammi.fi/>

Vedlegg

Bokmeldingar i fulltekst

Kjell Askildsen	s. 83
Nikolaj Frobenius	s. 88
Per Petterson	s. 98
Kari Hotakainen	s. 108
Sofi Oksanen	s. 117
Arto Paasilinna	s. 128

Utelatne meldingar:

Ikävalko, Marko. Kjell Askildsen – Saari. [Bokmelding av *Saari*, av Kjell Askildsen].

Keskisuomalainen, 5.11.2009 (Same forfattar som og svært lik Askildsen 1)

Koppelo, Heli. [Bokmelding av *Saari*, av Kjell Askildsen]. *Cosmopolitan* [datering?] (vist til på forlaget Likes heimeside. Ikkje verifisert)

Lappalainen, Otto. [Bokmelding av *Pelon kasvot*, av Nikolaj Frobenius]. *Salon Seudun Sanomat*, 20.1.2010 (same forfattar som Frobenius 3)

Ylönen, Sirpa. Moraalin ja kauneuden keskipisteessä. [Bokmelding av *Pelon kasvot*, av Nikolaj Frobenius]. *Warkauden Lehti*, 11.2.2010 (seint registrert)

Andreassen, Pål. [Bokmelding av *De skjødesløse*, av Kari Hotakainen]. *Moss Avis*, [datering?] (vist til på forlaget Cappelen Damms heimeside. Ikkje verifisert)

[Bokmelding av *Stalins kyr*, av Sofi Oksanen]. *Ny Tid*, [datering?] (vist til på forlaget Oktobers heimeside, ikkje verifisert)

Kløvstad, Jan. Sofi Oksanen med grufull og viktig roman om kvinneliv i Estland.

[Bokmelding av *Stalins kyr*, av Sofi Oksanen]. *Fædrelandsvennen*, 30.5.2009 (Identisk med Oksanen 2, ifølgje Jan Kløvstad i mail av 13.12.2010)

Kjell Askildsen

1. Ikävalko, Marko. Kjell Askildsen – *Saari*. Savon Sanomat, 21.9.2009 (Ikävalko 2009)

Eg har alltid likt Kjell Askildsen. Kortromanen *Saari* er eit kjenslevart og minutiøst verk. Forfattaren sløsar ikkje med orda. Berre det blir sagt som er vesentleg.

Boka er dyktig omsett til finsk av Tarja Teva. Det ytre og layouten er blitt ein nesten like god prestasjon av den anonyme formgjevaren, ikkje ein gong innsidetekstane er mislykka. Slik burde brukargrensesnittet som heiter bok vere alltid. Ei overgripande erfaring, som det er skrive ei verd inn i.

Den norske forfattaren har hittil i mi lesing av verka alltid vore ypparleg; ein av dei beste av dei nolevande forfattarane. Det kan vere at ei øyensynleg enkelheit og lite format ikkje tiltalar alle leesarar.

Eg blir imidlertid fascinert av Askildsens lakoniske måte å skildre ting på. I novellesamlinga *Thomas F's siste opptegnelser til almenheten* skildrar han alderdommen slik som eg ikkje kan hugse at nokon andre har gjort så dyktig. *Saari* gjer bortimot det same med ei ganske klassisk skildring av sjalusi. Det og til slutt berre det er det viktige i ordkunsten; å gjere ordet til kjøt.

1079 teikn

2. Saurama, Matti. Keskittynyttä kuvausta. [Konsentrert skildring]. Uutispäivä Demari, 5.10.2009 (Saurama 2009)

Norske **Kjell Askildsen** sine noveller er omsette til finsk i gledelig mengd. No er turen komen til kortromanen *Saari*. I romanens tette sentrum er fire personar, fyrvaktaren Mardon, kona hans Maria og dottera Marion, samt ein sommargjest, forfattaren Albert Krafft.

Fyrvaktarfamilien lever eit avgrensa og isolert liv. Når den framande kjem blir kvinnenes interesse vekt for den framande, som er gift. Den erotiske ladingas visar dirrar i kjenslenes fordunkla vindstille.

På fyret er ein kikkert, som Krafft i tillegg til Mardon følgjer hendingane på øya gjennom. I kikkerten kan ein holde auge med nesten ei kvar rørsle som blir gjort på øya. Tilfluktsstader finst omtrent ikkje. Alt er synleg, alle ser.

Den reserverte Mardon anar at det av sommargjestens ankomst følgjer vanskar. Den framande er i vanar og tankar annleis enn den vesle familiens medlemmer. Danning og jordnærheit støyter mot kvarandre, jamvekta er borte.

Når Maria og Marion blir forelska i Krafft, dekkjer han ikkje over eigne begjær. Han blir glad i den unge Marion, men attrår på eit anna plan også Maria.

Mardon er van med å vere øya sin eineherskar. No knuser ein annan mann magien av maktsfären hans. Han toler ikkje kvinnenes augeflørt og interesse for mannen.

Sitt eige problem skjøttar han på menns vis med øl og brøling. Kvinnene set seg imot, har på ein måte overtaket, men fryktar vald

Mardon er rettlinja og toler heller ikkje protestar. No når alt er trua, gjentek han sin yndlingstanke: det finst ikkje rettferd i verda.

Mardon endar med å jage Krafft vekk frå øya, men hendt er hendt, ting er ikkje lenger avhengig av det. Romanen endar med å stanse i ein tilstand av openheit og på terskelen til noko nytt.

Krafft tenkjer på sin eigen kjærleik og forholdet til kona Helen. Han undrar på om kjærleik er å trenge nokon, om mennesket må kunne verje seg og andre frå sine eigne kjensler?

Når på øya alt har tvinna seg om fyrvaktarens makt, er det som om kvinnene har venta på øyeblikket då alt ville begynne å rakne. Som om det falmande livet alt i alt ville ha venta på det.

Marion får kraft til sitt håp. Ho fattar mot ved tanken på å forlate øya. Maria avviser mannen sin og drøymer om Krafft. Kvinnene vaknar til kvinnelegheita si og Krafft til si mannlege tiltrekningskraft.

På øya lever ein i eit nett av kryssande sjalusi, kvar og ein finn sin smertes mål. Ulevde verder rører på seg, opnar seg og begynner å rakne, går i stykke, blir tilskitna og begynner å danne seg på ein ny måte.

I funksjon av katalysator forstår også Krafft betre seg sjølv. Prosessen som er komen i gang får vekkje i han behovet for endring. Berre Mardon mistar noko, herredømmet hans styrtar saman.

Grovheit, hersking, fortrenging av kjensler og nekting av erfaring fungerer ikkje lenger. Hendingane forårsakar ein inneslutta reaksjon i han. Han lir eit sviande nederlag, blir verande áleine med si kompromissløyse og sitt hat.

Kikkert i handa

Askildsen skriv tekstar som er fortetta og lada av stemming. Dei ytre hendingane er sparsame, men skildringa av det indre er konsentrert og skarpsynt. Fyrkikkerten er også i hans hand.

Hendingane veksler slik at ein kan seie at den eine går over den andre, så plutselig veksler synsvinklane og subjekta. Personane blir blanda saman med kvarandre, alle knyter seg uløyseleg saman.

Romanen søker tanken om frigjering. Målet for hendingane er ikkje å løyse opp, men med dei er verdenes uunngåelege flytting sann. Det er som om kvar og ein lyste opp den andre, kvar på sin måte, også den steile Mardon blir blind av det blendande lyset.

Forfattaren trengjer djupt inn i personane sine sinn. Han er nå delaust ærleg, han plukkar allmenne grunnsetningar og lovmessigheiter gjennom nokre få personars få øyeblikk. Spenninga varer gjennom den korte romanen.

Askildsen har skrive ein intens og avslørande studie om menneskets innerste så vel som dei skjulte tankanes, dei slokna håpas og dei ustelte vananes skadelegheit.

3950 teikn

3. Pulli, Tarja. **Kohtauksia, liikkeitä, näkökulmia. [Møte, rørsler, synsvinklar].**

Parnasso, 3.12.2009 (Pulli 2009)

“Frå rommet sitt ser ho bort til bakgarden til den raude hytta”, begynner *Saari*. Romanen presenterer i si fyrste setning eit vesentleg aspekt ved forteljeteknikken: frå ein stad ser ein mot ein annan stad. Den som ser og opplever og frå kven sitt rom blir gátfullt.

Kjell Askildsen skreiv romanen i 1969. Det er då også på tide å få den på finsk. **Tarja Teva** har gjort ei følsom og vibrerande omsetjing. *Saari* er ein skarp, vakker, grusom, storlått komposisjon, ein studie i sjalusi og einsemd. ”Kva er det å elske?” spør den siste sida nesten monumentalt, og let vere å svare.

Romanen har fire personar: fyrvaktaren Mardon, kona Maria, dottera Marion og forfattaren Albert Krafft, som kjem til øya som sommargjest. Mardon les (med kona forsvunnen frå sysnkretsen) blad ”som han har bestilt på postordre, merk diskret forsendelse”; der er også bilde. Maria blir varm når ho ser Krafft i augene. Marion fingrar med sigarhylsa hans. Krafft prøver å ikkje tenkje på si eiga kone og tenkjer på Maria og Marion, skiftevis eller samtidig. Mora overgår dottera i erotiskhet, for ”vulgaritet er erotikkens stimulans”.

Desse fire observerer, attrår, misunner og hatar kvarandre, kvar sin gong, på kvar sin måte og kvar til si tid. Den eine synsvinkelen glir snedig til den andre, og ein kan ikkje alltid vere sikker på gjennom kven sine auge ein ser. Askildsen er ein meister i å klappe og sidestille scener på ein slik måte at leseren også ser alternative scener som skuggar i bakgrunnen. I ein scene står Mardon og Maria på den eine sida av døra, inne, på den andre Krafft og Marion. Mardon er sjalu, slår kona si og frittar ho ut om ho no ville vere i Marions stad. Slik klipper og flyttar seg Askildsen:

”Maria ser på mannen sin. Krafft løfter handa og stryk varleg Marions hår, kinn, og Marion böyer hovudet.”

Askildsen har kraftfulle bilde – fyrtårn, øy –, som kunne synast platte, om dei ikkje vart brukte så ubemerk og kyndig. Mardon har ein gong funne to ihelfrosne personar på øya. Fyrst såg dei ut som om dei var levande, når den eine hadde augene opne, men ved nærmare ettersyn la han merke til at dei ikkje lenger kunne bergast. Dette bildet er betydningsfullt. Det fortel ikkje berre om kvaliteten på forholda mellom menneska på øya, men også om personane si konturlausheit. Mardon, Maria og Marion er alle variasjonar av det same namnet. Forfattaren Krafft betraktar dei, av og til også langt borte frå i kikkerten.

Saari høyrer til dei stille gledene i dette årets omsette litteratur. Når den tek slutt, har ein lyst å lese den på nytt med det same, for kanskje å få auge på alt eller i det minste noko som ikkje vart oppdaga under fyrste lesing. Også omslagsbildet er stilfullt. Åra treffer vatnet og føder bølgjerørsler, ringar, som utvidar seg, strekkjer seg ut, flyttar seg framover, fjernar seg. Når ein er langt borte, ser ein ikkje lenger kvar i frå rørsla fekk si begynning.

2920 teikn

4. Kononen, Suonna. Muumipappa ja Max von Sydow. [Mummipappa og Max von Sydow]. Karjalainen, 8.12.2009 (Kononen 2009)

”One of the most acclaimed modern writers in Norway”, ein av Noregs mest lovpriste samtidsskriftarar, er Wikipedia sin karakteristikk av Kjell Askildsen.

Like [forlag, min merknad], som presenterer nordisk litteratur på ein fin måte, har gjeve ut omsetjingar av Askildsen tidlegare.

No er kortromanen *Omgivelser* (1969) si finske omsetjing *Saari* [Øya, min merknad] for handa.

Saari er ein strengt konsentrert, skodespellknande nordleg robinsonade, som i *Mummipappaen og havet*-stil utspelar seg med fyrøya som kulisse. Ein forfattar som kjem til øya for å arbeide, blandar seg inn i fyrvaktarfamiliens fredelege liv.

Naturlegvis fell både fyrvaktarens dotter og kone for forfattaren. Ved å flytte sjakkbrikkene granskar Askildsen begjær og sjalusi.

Saari har ei kraftig stemning som nærmar seg Ingmar Bergmans filmar. Lesaren ventar beint fram at Max von Sydow med utståande auge styrtar fram frå nærmaste tørrfur og går til åtak.

918 teikn

5. Rantanen, Kimmo. Kirjallinen helmi. [Ei litterær perle]. Turun Sanomat 23.12.2009 (Rantanen 2009)

Idéen lite er meir blir fullt ut verkeleggjort i norske Kjell Askildsens prosa. Han pratar ikkje, men set på papiret berre det vesentlege. Likevel pustar teksten og er ein nøkkelen til mange ulike tolkingar.

Askildsen er særleg kjent som novellist, også hos oss. Tre samlingar av han er omsette til finsk. Den nyaste omsetjinga er kortromanen *Saari* [Øya, min merknad] som rett nok kom ut i original alt for førti år sidan. Det gjer ikkje noko, for *Saari* er fin og tidlaus prosa.

Skodeplassen er ei lita fyrøy, der det bur ein fyrvaktar med kona og dottera si. Til øya er det kome ein forfattar, som med sin blotte eksistens bryt den rådande freden.

Forfattaren, som er gift, begjærer fyrvaktarens kone og dotter, og dei forfattaren. Fyrvaktaren er sjalu, og ikkje utan grunn, sjølv om han slett ikkje veit alt det som lesaren veit.

Askildsen teiknar kunnig korleis fire menneske lever ved sida av kvarandre, men som framande for kvarandre. Kvar og ein i si eiga verd, midt i forventningar, håp og frykt, i kamp med samvitet sitt.

”Han sit på senga. Fyrvaktaren sit ved kjøkkenbordet. Maria ligg med ansiktet mot vindaugelet. Marion sit på golvet på rommet sitt ...” Med få, tilsynelatande inkjeseiande ord, kan ein fortelje mykje.

Askildsen skifter synsvinkel på ein dyktig måte. Ei enkelt setning, straks etter ei anna setning sett med ein annan persons auge. Dette skjer med forbløffande lettheit. Askildsen er ikkje på noko stadium i nærleiken av å rote med si eiga fingerferdigheit.

Lesaren veit heile tida meir enn personane i boka, blir derfor tvinga til å ta stilling til det dei gjer og lever med i alle sine sinnsrørsler.

Verda av i dag trur at det er nødvendig å rope for å bli høyrt. Askildsen støyar ikkje, også kviskring er tilstrekkeleg eller til og med det å la ein ting vere usagt. *Saari* er ei lita litterær perle.

Tarja Teva, som også tidlegare har omsett Askildsen, har igjen gjort utmerkt arbeid.

1903 teikn

6. Ylitalo, Riikka. Saarella jokainen liike merkitsee. [På øya betyr kvar rørsle noko]. Särö, 2009, nr 3, s. 46 (Ylitalo 2009)

Kjell Askildsen (f. 1929) er ein norsk forfattar som har fått verka sine omsette til over femten språk. Han er særleg kjent som ein novellistikkens meister. Askildsen fekk i år Sveriges Akademis nordiske pris. Kortromanen *Saari* (*Omgivelser*) er eitt av Askildsens mest sentrale verk. Den kom ut i Noreg i 1969 og er no omsett til finsk. Like [forlag, min merknad] har tidlegare utgitt tre novellesamlingar av han.

Saari fortel om livet til ein familie på tre personar og forfattaren Albert Krafft på ei einsleg øy. Skildringa av forholdet mellom personane og spenningane er detaljert. I bokas presentasjonstekst blir verkets verd samanlikna med Ingmar Bergmans filmar, der det ofte blir skildra ”den brutale råskapen som blir dekka av danningas glasur”.

Til familien som bur på øya høyrer fyrvaktaren Mardon, kona hans Maria og deira 20-årige dotter Marion. Forfattaren Kraffts nærvær på øya kallar fram skjulte kjensler i dei. I boka blir særleg sjalusi behandla, den forkudrar forholdet mellom familiemedlemmene. I romanen blir det mellom anna fastslått at den sjalu er ”ein god observatør, men ein elendig analytikar”. Når ein les *Saari* festar ein seg ved at det til personane sin oppførsel som regel blir fortalt ein eller annan grunn. Oftast veit personane til og med denne grunnen sjølv:

”Fyrvaktaren er på veg opp med hendene fulle av varer - - og Krafft spør om han skal hjelpe, men fyrvaktaren svarar nei takk, dei veg ikkje så mykje, svaret er så usant at ein kunne oppfatte det uvennleg, men det har det tydelegvis ikkje vore, og derfor spør Krafft tross alt, nesten altfor mangeordig fordi han kjenner at fyrvaktaren synest at ønsket er barnsleg, han fortset forklaringa si for å forsikre mannen ord for ord om at motivet er vaksent - -.”

Krafft analyserer sin eigen oppførsel og veit også sjølv at han handlar kalkulert. Kraffts ønskje, som det blir snakka om i utdraget, er å kunne besøke fyret. Han trur at den lange forklaringa gir ønsket truverdigheit. Det er betydningsfullt at i utdraget søker ein også å analysere fyrvaktarens oppførsel. Er denne vennleg eller uvennleg mot Krafft?

I boka blir personane sine rørsler skildra like minutiøst som om dei sjølv følgjer etter kvarandre. På den nakne øya er ein kontinuerleg under andres observasjon. I følgjande utdrag følgjer fyrvaktaren Krafft i kikkerten:

”Krafft går inn igjen for å hente stolen og den svarte permen. Klokka er elleve. Han ser korleis Maria går mot utedoet, det same ser fyrvaktaren. Maria kan sjå gjennom sprekka alle Kraffts rørsler: han let att permen, reiser seg opp, legg permen på stolen, går nokre steg

närmare utan å vike blikket frå utedoet; Maria kjenner det som om sprekka i veggen veks og blir altfor stor til å kunne dekkje henne. Plutseleg hugsar Krafft fyret og det at han kanskje blir sett i kikkerten; då snur han og går bak nordveggen, ut av synskretsen, men ikkje bort frå Marias synskrets --.”

Ei slik skildring er typisk for romanen. Ved hjelp av den blir det uttrykt korleis kvar rørsle har betydning, og korleis ein kvar innbyggjar på øya veit at han sjølv blir følgt. På den andre sida skaper øya forutsetningar for nesten fulltids overvaking av andre si verksemد.

Når Krafft ein gong diskuterer med Marion, kjenner ho ”smertefull avstand til seg sjølv”. Då er spontan oppførsel umuleg. Krafft tenkjer ut nøyaktig det neste han seier, og veit korleis kvar setning høyrest ut. Det verkar som om innbyggjarane på øya handlar så overhodet, av den grunn er det også overraskande når nokon ikkje handlar eller snakkar slik som det er forventa.

Askildsens roman er underhaldande og tilbyr samtidig filosofiske tankar. Ein må halde ut dei nærmaste sitt nærvær til tross for sjalusi og andre personlege kjensler. Det dreiar seg også om ein psykologisk intelligent roman, som kunne tenkjast interessant for ein stor lesarkrets. Forhåpentlegvis vil det av Askildsens produksjon bli omsett meir i framtida.

3913 teikn

Nikolaj Frobenius

1. Petäjä, Jukka. Kun todellisuus alkaa kopioida kirjallisuutta. [Når røyndommen begynner å kopiere litteraturen]. Helsingin Sanomat, 6.10.2009 (Petäjä 2009)

Norske Nikolaj Frobenius dykker til djupnene i Edgar Allan Poes sinn

Pelon kasvot [Fryktas ansikt, min merknad] av Nikolaj Frobenius (f. 1965), som akkurat no gjestar Finland, er ein forvirrande roman.

Den norske forfattaren fyrste roman i finsk omsetjing representerer ikkje den omsette litteraturens dusintilbod. Forfattaren har valt det berande temaet dristig og originalt. *Pelon kasvot* er ei forteljing om den særegne venskapen mellom forfattaren som vart berømt i USA gjennom diktet *Rammen*, Edgar Allan Poe (1809-1849) og kritikaren Rufus Wilmont Griswold (1815?-1857), som skreiv forfattaren delvis oppdikta biografi. Griswold verka som kritikar i Graham's Magazine etter Poe.

Så til dei därlege nyhenda. Det dristige emnevalet er delvis ei belastning og ei begrensing for den ambisiøse romanen.

Nikolaj Frobenius, som allereie har skrive åtte romanar, lykkast i å få *Pelon kasvot* til å likne på sin gjenstand i veremåte og skapnad.

Romanen andar av skrekk, vondskap og redsle, den framstiller overnaturlege hendingar, hemmelege sjellelege rørsler og livets hallusinatoriske avspeglingsar, slik som ein kan vente av ein roman som har som hovudperson forfattaren av *Marie Rogêt's mysterium*, *Berenike* og

Gulltordivelen, Edgar Allan Poe, som fekk det andre etternamnet sitt etter den rike tobakkshandlaren frå Richmond, fosterfaren.

Hans biologiske mor – ei skodespelarinne, døydde då Edgar Allan Poe berre var to år, skodespelarfaren forlet familien straks barnet var fødd. *Pelon kasvot* er imidlertid ikkje ein reint biografisk roman, for den er samtidig detektivforteljing, mordmysterium og skrekkforteljing. *Pelon kasvots* tilknyting til biografiske data treng ein ikkje vere redd for. Romanen gjev lesaren ubemerkta dei nødvendige fakta om Poes liv. Eigentleg kan for mykje kunnskap om forfattarens dystre liv til og med forstyrre lesinga. *Pelon kasvot* er ei fiktiv forteljing om ein historisk persons liv slik som det kunne ha vore.

Kva er så poenget i *Pelon kasvot* eller den endelege tanken som opnar den? Kva fortel romanen om, dersom ikkje om Edgar Allan Poe?

Romanens utgangspunkt byggjer på Poes og Griswolds gjensidige konkurranseforhold og den motviljen dei gjensidig kjende for kvarandre. Desse kjenslene endrar seg til eit motstrebande venskap, for begge treng den andre på sin eigen måte – og det som er viktigast, for karrierens skuld. Dei er liksom ein føresetnad for kvarandre.

Griswold gjer plass for to dikt av Poe i tidenes fyrste lyrikkantologi frå USA. Det er etter Poes meining skamlaust lite.

I den tilsynelatande venskapens namn følgjer etter dette ein lågsinna kampanje, der begge hemningslaust kastar skit i augene på kvarandre.

Som romanens leitetema stig også fram svik og hemn.

Romanens kanskje mest interessante tematiske element dreiar seg om plagiering, i fleire tydingar. Ein gåtefull mulatt set ut i livet dei vonde skrekkgjerningane og morda som er skildra i Poes noveller, og New Yorks politi prøver desperat å oppklare dei.

I dette spelet avspeglar røyndommen kunsten og ikkje motsett. Den etterrapar litteraturen. Plagiering høyrer også med til Poes eiga verksemrd. Han prøver å svartmåle den jamgamle Henry Wadsworth Longfellow med å skulde han for å plagiere engelske lyrikarar. Ein del av klagemåla framfører han anonymt eller med å plagiere seg sjølv under falskt namn anonymt. *Pelon kasvot* er eigentleg ein pastisj over Poes tidsalder. Historien ville kanskje ha fungert betre dersom den hadde vore heilt frigjort frå historiske skikkelsar. No smakar den i blant for mykje av alternativ historieskriving, som har som kommandoord: *kva om ... Pelon kasvot* er i botn og grunn ein amerikansk roman. Når ein les den, kjem ein ikkje i tankar om at forfattaren i det heile teke kunne vere norsk. Nokre vil det sikkert tiltale at forfattarens opprinnelige nasjonalitets løyser seg opp til usynleg, andre igjen irriterer det.

3874 teikn

2. Orhanen, Pentti. Konna vai sankari. [Skurk eller helt]. Ilkka, 4.11.2009 (Orhanen 2009a)

Eit godt drama treng sin skurk og sin helt. Mange hugsar Peter Schaffers skodespel Amadeus, som steig til verdensrenomme som film. Ved passeleg å bearbeide fakta blir det i den

konstruert ei kraftig spenning mellom Wolfgang Amadeus Mozart og middelmåtigheten som misunte han, hoffkomponisten Antonio Salieri.

Denne grunnkonstellasjonen i Amadeus kom uunngåeleg i tanken når eg las Nikolaj Frobenius (f. 1965) sin roman *Pelon kasvot* [Fryktas ansikt, min merknad]. Der har den norske forfattaren teke som emne den amerikanske lyrikaren og novellisten Edgar Allan Poe (1809-1949) sitt dystre og brusande liv.

Salieris rolle i romanen får den i si tid verdsette litteraturredaktøren Rufus Griswold (1812-1857), som like eins er ein verkeleg historisk person. På same måte som Salieri kan han bruke makta som den samfunnsmessige posisjonen tillet han. Mot det er den skapande kunstnaren som fører eit haldningslaust liv, kraftlaus.

Men Frobenius si oppstilling er ikkje like svart-kvit som i Amadeus. I *Pelon kasvot* er så vel Poe som Griswold mangefasetterte skikkelsar, som har eit innfløkt forhold seg i mellom. Med tillegg av ein kunstnarleg-religiøs lidenskap er det prega av nymotens homoerotiske vibrasjonar.

Eintydige heltar eller skurkar er det ikkje i *Pelon kasvot*. Om ein då ikkje reknar Samuel for skurk, den albino slaveguten som følgjer Poe trufast som ein hund.

I det minste er Samuel kriminell. For å vise tilbeding og truskap overfor Poe, som han tilber som sin meister, set han i verk dei brotsverka som denne skriv om i skrekkforteljingane sine. På fiksionsplanet er Samuel – til tross for den kvite fargen - Poes mørke side. Det andre eg, som gjer det som Poe berre førestilte seg.

Eg veit ikkje kor mange av hendingane i Frobenius sin roman som er historisk haldbare. I det minste følgjer hendingane i Poes liv hovudsakleg dei fakta som biografiene tilbyr.

Men når vi les *Pelon kasvot* som roman, har det når alt kjem til alt ikkje så stor betydning kva for nokre av komponentane i forteljinga som historisk verkeleg har hendt. Eit viktigare spørsmål er det derimot om den fungerer som kunstverk.

Pelon kasvot etterlet imidlertid til lesaren ei ubestemmeleg kjensle. Frobenius skriv godt og personane hans er interessant gåtefulle.

Men på ein eller annan måte er Frobenius si romanverd innestengt fullpakka; det er som om lufta skulle forsvinne ut av den. Iallfall hadde eg åndelege pustevanskar under mi lesing.

Om det då ikkje er den dyktige forfattarens tilskjorta verkemiddel som fører Poes overspentete kjensler til lesarens hud. Han opplevde jo det å bli levande begravd som ei spesielt skrekkevekkjande sak. Dette skrekkbiletet kjem att mange gonger i produksjonen hans.

Pelon kasvot overfører den som ei estetisk oppleving til lesarens erfaring.

3. Lappalainen, Otto. Toisen asteen kirjallisuutta. [Andre grads litteratur]. Parnasso, 5.11.2009 (Lappalainen 2009)

"Kva kjem fyrst, litteraturen eller røyndommen? Kva kjem fyrst: Mordet eller skildringa av mordet? Kva kjem fyrst: frykta eller setninga som skildrar den?"

Edgar Allan Poes drøfting utkristalliserer godt dei sentrale tema i **Nikolaj Frobenius** sin roman. *Pelon kasvot* [Fryktas ansikt, min merknad] representerer ein trend som har stige til popularitet dei siste åra. Det er for dei danna og sikkert også dei skolerte underhaldande metafiksjon, faksjon eller meir allment andre grads litteratur. Trendy eller ikkje, men denne pakken som får deg heilt på kroken er samansett av riktige biografiske fakta, oppdikta figurar og dramatisk oppblåste konfliktar.

Tidsbiletet - USAs austkyst på fyrste halvdelen og midten av 1800-talet – dryp av ei mørk gotisk stemning. New York får endå til tilnamnet Gotham. Den lesarvennlege montasjeteknikken inkluderer også avisartiklar og brev, som ber med seg farne tiders stemningar, i romanen.

Kva er sanning, kva er myte? Når ein er fordjupa i romanen, plagar spørsmålet ikkje. Eg fordjupa meg fyrst i etterhand i Poes biografi og forteljingane i **Jaana Kaparis** utmerkte Poe-samling *Kootut kertomukset* [Samla forteljingar, min merknad] (Teos 2006).

Alt i alt er det berre å lette på hatten for Frobenius. *Pelon kasvot* er i si fleirtydighet eit riktig overflødigheitshorn. Den liknar like godt på Poe som på den skrekkromantiske stilens utvikla av Poe. Det er uforklarlege mysterium, spennande brotsverk, rette og falske leietrådar så vel som delforklaringar som etterlet seg opphissande lakuner. Det er meir eller mindre innbitt lastefullheit så vel som sunn kunstnarleg ærgjerrigkeit og eufori, men også stormannsgalskap som fører til undergang.

Norske Nikolaj Frobenius (f. 1965) er ingen nybegynnar, sjølv om **Pirkko Talvio-Jaatinens** høgklassig omsette *Pelon kasvot* fyrst no bringer han innanfor finskspråklege lesarars rekkevidde. Gjennombrotet fekk han alt i 1996 med romanen *Latours katalog*, som fortel om tida og miljøet kring marki de Sade.

Pelon kasvot, som kom ut i original siste år, er ikkje berre ein historisk spenningsroman. Den er gjevande å lese også frå ein notidssynsvinkel som ei skildring av kunstnarlivets konfliktar og spenningane i den litterære institusjonen. Romanen er basert på det kronglete forholdet mellom Poe og Rufus Griswold, som avskydde kvarandre, men som motvilleg samarbeidde med kvarandre. Særleg den av "Berenike"-forteljinga forarga Griswold viser seg i krigen mot Poe som ein skremmande fundamentalist, men eig også menneskelege trekk og viser seg kanskje endå til å bli Poes ettermæles bergingsmann.

Mozart hadde sin **Salieri** og **Kivi** sin **Ahlqvist**, men spørsmålet er ikkje svartkvitt om begavelse eller mangelen på det. Frobenius viser bitande ironisk tilfeldigheita og relativitetene i det å bli i historien og bli gløymt av den. Ein eigen dyster tråd til mysteriet kjem av "lausungebroren" som har svarte røter, men er fødd som albino, som Frobenius har skapt til Poe.

4. Ollikainen, Heikki. Poen elämäkerta Poen tyylillä. [Poes biografi i Poes stil]. Ruumiin kulttuuri 2009, nr 4, s. 70 (Ollikainen 2009)

Edgar Allan Poe blir kjend med den akta litteraturredaktøren Rufus Griswold, når denne redigerer antologiar av amerikansk litteratur. Poe er ikkje fornøgd med Griswolds utval, og mennenes fragmentariske forbindelse begynner å bli prega av ein gjensidig skepsis og vondskapsfullheit.

Dette motsetningsforholdet veks til eit annleis trekantdrama, når nokon begynner å setje i verk gong på gong dei blodige gjerningane skildra i Poes forteljingar. Røyndommen imiterer fiksjonen på ein nedrig måte, og mistankane blir retta mot forfattaren sjølv.

Romanen følgjer Poes livshistorie frå begynnelse til slutt. Som kjent vrakar skodespelarfaren familien sin når guten er eit par veker gammal. Mora dør i tuberkulose når Edgar ifølgje Frobenius er tre år. Fosterforeldra, som han får mellomnamnet Allan i frå, held guten i tukt og formaning.

Barndommens bryske erfaringar set sitt merke på den følsomme guten. Bortsett frå korte øyeblikk av å lykkast følgjer motgangane kvarandre i Poes liv. Forfattarens arbeid av alle slag er ikkje tilstrekkeleg til å sikre livsophaldet, fattigdommen trengjer seg inn gjennom dører og vindauge.

”Alt vi gjer er styrt av frykt eller bestrebelse etter å gjere seg fri frå fryktas nevar.” Slik tenkjer han.

Poe blir ofte fortent halden for å vere grunnleggjar av fleire sjangrar. Kriminalforteljingane hans innleidde denne greina av spenningslitteraturen, skrekkhistoriene har inspirert talrike skrekkmakarar og fantasyforfattarar, også science fiction-folka finn i han eit tidleg førebilete. Norske Frobenius skriv dyktig i Poes ånd og imiterer stilen hans og også forteljemåten. Eit openbart omhyggeleg bakgrunnsarbeid fører lesaren til begynnelsen av 1800-talets USA, til byar og dei litterære sirklane i landet med raske omveltingar. Han byggjer sin eigen versjon av Poes biografi, etterverda har jo altfor mykje sett sin lit til Griswolds forklaringar.

Frobenius er også kjent som filmmanusforfattar – openbart derfor baserer teksten seg sterkt på det visuelle. Ei fin bok, ei skarpsynt fiktiv livsskildring.

2061 teikn

5. Nummelin, Juri. Edgar Allan Poe ja sarjamurhaajan tapaus. [Edgar Allan Poe og tilfellet med seriemordaren]. Turun Sanomat, 4.1.2010 (Nummelin 2010)

Professor Liisa Steinby hevda for ei tid sidan i grunngjevinga av den innleiane Finlandia-juryen sitt val at skjønnlitteraturen er krimifisert. Ei bok der det ikkje ein gong absolutt er påkrevd, kan innehalde mord, parteringar, skrekk. Dette gjer litteraturen i Steinbys auge til ein del av det kapitalistiske underhaldningsmaskineriet.

Mange skunda seg å gå i mot påstanden, men det er lett å vere einig i den når ein les norske Nikolaj Frobenius, kjend som filmmanusforfattar, sin roman *Pelon kasvot*. Det er merkeleg å sjå ein seriemordarthiller i *Keltainen kirjasto* [Det gule bibliotek, forlagsserie, min merknad].

Nokon vil halde dette for ein skandale: er det ikkje tilstrekkeleg mange vakre og djupsindige kvalitetsromanar i verda?

Frobenius sitt verk er av såpass god kvalitet at det kanskje ikkje er stoff til ein skandale. Men på den andre sida er verket heller ikkje så kvalitativt godt at det kjennest grunngjeve å ta det inn i Keltainen kirjasto. Til det er boka ein smule for maniert.

Det er allereie eit triks at bokas hovudperson er ein av verdas mest kjende skrekkforfattarar, Edgar Allan Poe, som imidlertid også er halden for å vere ein av litteraturhistoriens viktigaste forfattarar.

Til all lykke oppklarar Poe tross alt ikkje brotsverk, som i nokre av dei nye seriane, der sjølv Dante Alighieri verkar som detektiv. Poe er midt i ein brotsverksserie der det av novellene hans, som "Om morda i Rue Morgue", blir teke mønster for gåtefulle og brutale mord. Samtidig kjempar Poe mot ein annan kritikar, Rufus Griswold. Denne har motvilleg, med avsky for Poe og hans tekstar, teke med i den omfattande diktantologien berre tre av Poes dikt, og Poe held dette for ei enorm krenking. Frobenius behandlar gjennom forfattarane sin fiendskap tema som plagiering, svindel og svik, så vel som venskap, men på ingen måte djuptgåande. Behandlinga av Poes adoptivfars slavehald heng ikkje tilstrekkeleg godt saman med den sentrale tematikken.

Frobenius si kunnskapsmengd er rosverdig. Heldigvis skryt han ikkje av kunnskapen sin, til dømes blir Poes siste utgjevne verk, den dystre kosmogonien *Eureka* (1848), nærmast berre nemnt i ein dialog. Ein svakare forfattar ville prate på om dette side opp og side ned. Frobenius har også klart fråtsa i kunnskap om amerikansk litteratur frå midten av 1800-talet, og frå sidene fell fleire gløymde og mindre gløymde forfattarar enn mange rekk å lære seg i si levetid.

Men Frobenius får så likevel ikkje tilstrekkeleg djupn til historien sin. *Pelon kasvot* forblir til tross for fengslande element og forteljareksperiment, tradisjonell moralitet over korleis det jordiske renomméet er forgjengeleg.

Vidare har boka eit par merkelege feil. I 1840-talets USA var trikotstoff neppe kjent. Noko anakronistisk er også skildringa av politiets arbeid.

2788 teikn

6. Huhtanen, Jouni. Omintakeinen historiallinen taideromaani. [Original historisk kunstroman]. Lapin Kansa, 2.2.2010 (Huhtanen 2010)

Norske Nikolaj Frobenius (f. 1965) som har skrive 8 romanar, har fått unødig lite merksemd hos oss. Frobenius, kjent som romanforfattar, essayist og filmmanusforfattar, sitt gjennombrot var *Latours katalog*, som kom ut i 1996 og fortel om marki de Sade sin tenar, og vart gjeven ut i fjorten land. Også *Pelon kasvot* [Fryktast ansikt, min merknad] har fått mykje internasjonal merksemd, ikkje utan grunn. Det er ein særdeles vellykka historisk roman, som sameiner på ein original måte biografiske element og fiktiv forteljing med kvarandre.

Frobenius skriv innsiktsgjenvande og og kraftig prosa, som er prega av språkets rytme, rikt ordtilfang og overraskande assosiasjonar. *Pelon kasvot* skildrar forfattaren Edgar Allan Poes

(1809–1849) og den verdsette litteraturredaktøren Rufus Griswolds (1812–1857) innvikla yrkesmessige og personlege forhold, som var prega av gjensidig misunning og tvangstankar. I starten av venskapen i 1841 hadde Poe enno ikkje gjort gjennombrot på det litterære feltet i USA, sjølv om også Griswolds ry enno let vente på seg.

Pelon kasvot er eit detaljrikt verk som smakar av liv. Det kan kallast både røvarroman, historisk roman, spenningsroman og kvifor ikkje stavis også skrekkforteljing – heilt i Poe si ånd. Dei kronglete menneskelege relasjonane og andre intrigar er sterkt framme i verket. Forteljingas Poe prøver å dra fordel av bekjentskapen med Griswold, men blir skuffa i forventningane sine. Griswold på si side beundrar Poes litterære begavelse, men held verka hans for å vere umoralske. Han ser seg sjølv som ein Guds utsending som har til oppgåve å øydeleggje Poes ry og litterære bane.

Frobenius, som har studert film i London, har fortenestefullt sett seg inn i så vel 1800-talets mentalitet som sjangertypiske element for skrekkromantikken. Han skildrar stilbevisst forferdelege brotsverk og andre hendingar som opprører sinnet, som samtidig kan bringe til lesarens tanke verdsbiletet i Poes verk. Forfattaren viser si dømmekraft ved at han i desse skildringane ikkje så mykje fører inn overdriven vald, men snarare målar fram melankolskprega stemningar og dunkle sjelelandskap kjende frå Frankenstein, Dracula, Faust, Prometheus og andre skrekk-klassikarar.

Frobenius sin synsvinkelteknikk minner om William Faulkners særegne presentasjonsmåte. Ei særleg takk fortener *Pelon kasvot* for den slåande stilene og språklege nøyaktigheten si skuld. Uttrykket er som regel kort og virkningsfullt, men også i lengre skildringar har Frobenius i språket ein klar medrivande rytme og utvungen framovergåande taktfastheit. Vidare er verket av tekstype og oppbygning gledeleg mangeskiftande, idet det inneholder blant anna Poes og Griswolds brevveksling, avisnyheter og gravskrifter så vel som diverse reiseskildringar.

2749 teikn

7. Hakalahti, Niina. Kauhua kirjallisessa maailmassa. [Skrekk i den litterære verda]. Aamulehti, 8.2.2010 (Hakalahti 2010)

Norske Nikolaj Frobenius' *Pelon kasvot* minner om den italienske suksessforfattaren Umberto Ecos *Rosens navn*. På same måte som Ecos bok tileignar Frobenius' verk seg trekk frå kriminalromanen, og begge romanar peikar på forfattarens belestheit.

Pelon kasvot klarar ein ikkje å legge frå seg. Romanen byggjer delvis på historiske fakta, men ei fiktiv forteljing stig på vengene, og blir ikkje verande i skuggen av fakta. Frobenius er ein utruleg historieforteljar, ein komposisjonens meister. Mellom startens og sluttens symmetri byggjer Frobenius ei medrivande, men passeleg hølete forteljing. Av Frobenius er det fortent kome ein ny tittel i Tammis *Keltainen kirjasto* [Det gule bibliotek, min merknad].

I forteljingas sentrum er forfattaren Edgar Allan Poe og litteraturredaktøren Rufus Griswold, som også er ein historisk person. Forholdet mellom Poe og Griswold er ikkje heilt som Mozarts og Salieris, men uvilje og andre trasige trekk forgiftar forholdet mellom mennene. Så er det også Poes bleike følgjande beundrar Samuel, som lir av tvangstankar, som har ein sentral rolle. Verkets tre mannlege hovudpersonar viser seg fram gjennom alle sine mørke sider.

Pelon kasvot minner også om *Rosens navn* på den måten at den kan lesast som ei rein spenningsbok. Eco lanserte omgropa “den naive lesaren” og den “medvitne lesaren”. I Ecos roman finn den medvitne lesaren mellom anna ein parodi på ein kriminalroman, og også i *Pelon kasvot* er det mykje å finne.

I tillegg til at ein under lesinga av *Pelon kasvot* bit negler, legg ein samtidig merke til at romanen grublar over narsissisme, lysta til å bli berømt, misunning, einsemd, den litterære verdas nederdrektness.

I januar var det 200 år sidan Poes fødsel.

“Dersom Poe hadde levd i vår tid, ville han sannsynlegvis ha vore ei dyrka stjerne – noko mellom Jim Morrison og Michael Jackson”, profilerer forleggjaren hovudpersonens historiske førebilete. Det skulle ikkje forundre meg om *Pelon kasvot* vil skape ein Poe-boom.

Pirkko Talvio-Jaatinens omsetjing er overtydande, særleg beundra eg kor dyktig ho har fått grep om stilten i breva til den halvvegs skrivekyndige Samuel.

2115 teikn

8. Poutiainen, Hannu. Poe pääsee kulttuurisen ahdistuksen kuvajaiseksi. [Poe blir eit spegelbilete av kulturell angst]. Karjalainen, 20.7.2010 (Poutiainen 2010)

Friedrich Nietzsche skreiv i 1899: ”Eg brukar menneske berre som eit kraftig forstørrelsesglas, som ein kan sjå ein allmenn, men latent og vanskeleg gripbar fare gjennom.” Edgar Allan Poe, skrekknovellas og den tragiske lyrikkens meister, ville kunne ha sagt dei same orda i sitt dødsår eit halvt hundreår tidlegare. I dag kunne ein seie det same om Nikolaj Frobenius sin roman *Pelon kasvot* [Fryktas ansikt, min merknad], som for fyrste gong lykkast i å bruke Poe sjølv som eit spegelbilete for kulturell angst.

Den halvvegs historiske romanens dominerande perspektiv tilhører Poe og hans nærmaste fiende, kritikaren og kyrkjemannen Rufus Griswold.

Dei litterært akta mot kvarandre kjempande mennene lever som i ei fløyelskledd skuestikke: Den danna klassens halvaristokratiske vaneforventningar støyper av smidig oppførsel eit harnisk, og i det hutrar begge med sine personlege demonar.

Poe, som blir forfølgd av eit minnebilde av mora som døydde i tuberkulose, sublimerer det makabre og proklamerer det til sjølve skjønnheten, medan den velberga og i åndas formaning oppdregne Griswold avviser den lokkande vondskapen, og opptek som sin guddommelege misjon å knekke den ein gong for alle.

Dersom desse kontrastane skisma er tidsbiletets katalysator for Frobenius, er deira sjelelandskap som oljestrimer over eldhav. Poe er sjølv allereie i flammar; Griswold stirrer i flammanes djup og merkar til sin skrekk at djupet ser tilbake.

Som skrekksynenes sjåar er Poe vant til å halde sinnet for ein avgrunn, der han står på kanten og føler svimmelheit og skrekk. Frobenius skildrar Poes sinnsrørsler særdeles nyansert og med respekt for det sannsynlege.

Størst innsikt viser iallfall det at han sjølv også begynner som skrekkforfattar og også fabulerer eit eige skrekkevakkjande djup i Poe: fyrst då, når det frå denne avgrunnen kryp eit verkeleg menneske som begynner å verkeleggjere skrekkforteljingane i det verkelege livet, er Poe verkeleg ansikt til ansikt med sin eigen avgrunn.

Avgrunnens auge tilhøyrer den dvergaktige albinoen Joseph, ein mulatt-usling som Poe kjende som ung, som betraktar Poes forteljingar som eit kart til ei ny framtid. Joseph er ikkje berre blant dei mest isande skikkelsane i romanen, i han utkristalliserer seg også det mest brennande etiske temaet i *Pelon kasvot*.

Om ein så trur, som Poe, at å fortelje skrekkbilete er å mane sinnets mørke sider, korleis kan ein forhindre at ein samtidig slepper dei same kreftene fri ein annan stad?

Morgondagens menneskehett, slik som Josephs "Meister" har forutsagt i det han har skrive, blir fri frå si frykt berre ved å møte den ansikt til ansikt, eit forskrekka ansikt om gongen, men den same frigjeringa fengslar andre ansikt, og kan gje frykta endå større makt.

2747 teikn

9. Rosvall, Matti. Nikolaj Frobenius. *Pelon kasvot*. Portti, 2009, nr 4, s. 117-118 (Rosvall 2009)

Kjernen i Nikolaj Frobenius' roman *Pelon kasvot* har rot i verkelegheita og fortel om Edgar Allan Poes liv slik som det var. Ikkje desto mindre er den oppdikta og har til og med ganske særprega ambisjonar. Heilt sikkert blir ikkje alle ambisjonar klarlagde, men historien til ein lyrikar av Poes format er heller ikkje tidlegare fortalt med ein tilsvarande intensitet.

Poe levde sitt korte liv i fattigdom og med berre motvilleg anerkjenning. Størstedelen av elendigheita si hadde han sjølv skaffa seg, for han hadde ubeherska vanar og temperamentet til eit ganske uberekneleg menneske. Eit ry fekk han fyrst etter at han var død, men då er det også eit ry som det ikkje finst maken til.

Frobenius har som idé å føre sin Poe fram gjennom prøvingane som ein som sjikanerer andre forfattarar og som sjølv blir sjikanert av dei. Historiene nemner som ein av hans hovudforfølgjarar Rufus Griswold, som åla seg nær Poe berre for å få materiale til å sverte han. Ugjerninga hans heldt fram etter at Poe var død, men den hadde mista trykket, og Griswold kunne ikkje gjere noko med følgjene av alt dette.

Pelon kasvot er imidlertid ingen litteraturhistorisk studie, men derimot ei forteljing om verdas svartheit, og den stiller på mange måtar spørsmålet: Kva er sanning? Av det begynner også romanens eigentlege oppdikta historie.

Poe lykkast tidleg mot sin vilje å skaffe seg ein "disippel", slavesonen Samuel utan skulegang, som lærer seg å lese gjennom å lese Poes forteljingar. I hans tanke er Poe Meisteren og profeten som skriv for at skrifa hans ein gong skal gå i oppfylling. Når Samuel veks opp avvist av Poe, følgjer han i skuggen av Poe og begynner å verkeleggjere Poes fryktelege fantasiar. Han prøver å berge Meisteren sin og på den måten gjere han udødeleg. Tanken er like vanvittig som Poes verkelege liv.

Griswolds deltaking i forteljingas gang blir til slutt overraskande liten, Frobenius har blitt fullstendig riven med av Poes lidingar, heller ikkje ein ubetydeleg Griswold kjennest i stand

til å rokke ved hendingssforløpet i noko retning. Poe avskyr Samuel slik at han prøver å ta livet av han.

Pelon kasvot er eit merkeleg litterært arbeid, utanfor alle sjangrar. Det kastar lys over den verkelege Poe, men berre som ein fiksjon utan bevisverdi. Romanen er fengslande også som eit stykke Amerika i fyrste halvdel av 1800-talet; til dømes New York blir der teikna som ein ganske kaotisk og ubestemmeleg stad – allereie på den tid. Den som kjenner sin Poe godt finn etter alt å dømme mangt å bli inspirert av i detaljane, men Frobenius passar seg for å analysere Poes forfattartype eller betydninga av tekstane hans. Han berre målar det lerretet som Poes ville syner på papiret kjem frå.

Tittelen på den finske utgåva har ein lyst til å kritisere litt. Det er tale om frykt i teksten, men ikkje om dens ansikt. Når det blir sagt at frykta får eit ansikt, betyr det ei konkretisering som det ikkje er grunnlag for i boka. Samuel seier – slik det også lyder i den norske originaltittelen – at han skal vise frykta [til menneske]. Trusselen om å vise frykta er i seg sjølv betydeleg meir skremmande enn trusselen om å vise eit ansikt.

3170 teikn

10. Raevaara,Tiina. Nikolaj Frobenius. *Pelon kasvot*. Tähtivaeltaja, 2010, nr 1, s. 34-35 (Raevaara 2010)

Forfattarar i Finland så vel som elles i verda har dei siste åra flittig gripe tak i verkelege menneskeskjebner og gjort dei delvis til fiksjon. Til dømes Eeva-Liisa Manner skildra Helena Sinertos tenkte liv i romanen *Runoilijan talossa* [I poetens hus, min merknad] og Jari Tervo har skrive på nytt historia om krigstida i Finland. Gamle og også litt ferskare mytiske skikkelsar er resirkulerte på akkord: Da Vinci-koden knyter saman til éi historie den alternative livshistoria til Jesus og renessansetidas geni, Elizabeth Kostova bygde til grev Dracula ei geografisk og politisk fortid i si bok *Historiantutkija* [Historieforskaren, min merknad].

Norske Nikolaj Frobenius skriv i romanen *Pelon kasvot* [Fryktas ansikt, min merknad] om forholdet mellom Edgar Allan Poe og litteraturforskaren Rufus Griswold i fiktiv form. Livet til dei to har rett nok ikkje mykje behov for noko oppdikta: Poes skjebne er gjennomført elendig, full av sjukdom og død hos dei nærmaste, pengeknipe og ulykke. Også Griswold og Poes forhold verkar i lyset av reine fakta verkeleg besynderleg. Dei vekselvis rosa og skjelte ut den andre sine arbeid under deknamn og opent, og dei vart forelska i den same kvinnen. Tydelegvis hadde iallfall Griswold ei slags elsk-hat-tvangsforestilling til Poe.

Frobenius har altså skrive ei bok om menneskeskjebner som er fulle av dramatikk. Romanen går gjennom Poes liv med å vende på det som er kjent. Mor hans dør tidleg, og guten blir oppdregen i familien til forretningsmannen John Allan. Poes ekteskap, produksjon og karriere som journalist så vel som hans død er kjent frå før av gjennom biografiar.

Folk som drøymer om ein forfattarkarriere burde slett ikkje lese verk som fortel om Poe, i den grad deprimerande er skjebnen hans. Frobenius opnar til desse hendingane heldigvis også andre nyansar og kjensler – av Poe teiknar han eit ganske truverdig, mangesidig portrett. Griswold blir ved sida av han ein svak, sjølvmotseiande skikkelse. Handlinga stampar framover som ei forteljing om begge, men Griswolds merksemld er heile tida i Poe, ikkje i han sjølv.

Pelon kasvot kunne ha vore eit fint verk om livet til eit gåverikt unntaksmenneske med tilbøyeligheter til angst og panikk. Nikolaj Frobenius har imidlertid etterstreba å gjere det til noko anna: spenningsroman, ei alternativ historie som kunne lenke Poes eigenarta produksjon til livet hans. For dette formålet har han bygd romanens sideintrige (eller er det hovudintrige?), eit vennskapsforhold som kjem for ein dag frå Poes barndom, med albinonegerlausungen Samuel. Denne åndeleg svekka personen listar rundt i mørkret, held seg særleg til gravplassar, og for å behage Poe begynner han å realisere denne sine blodige visjonar. Poe fjernar Berenikes tenner berre i ei novelle, Samuel gjer det i verkelegheita. Tammi har gitt ut *Pelon kasvot* i serien *Keltainen kirjasto* [Det gule bibliotek, min merknad]. Lesaren ventar altså av verket kvalitet og klassikarstoff – på ein feil måte som ikkje passar til boka. Albinonegerlausungefigurar kjennest ikkje passande til *Keltainen kirjasto*. Eigentleg ikkje ein gong til heile romanen.

3011 teikn

Per Petterson

1. Hämäläinen, Timo. Paluu kesään 1948. [Tilbake til sommaren 1948]. Helsingin Sanomat, 17.7.2009 (Hämäläinen 2009)

Prislønna norsk roman fortel om far og son, brør og svik.

Hevosvarkaat [Hestetjuvar, min merknad] er norske Per Pettersons (f. 1952) fyrste omsette verk til finsk. Andre stader er Petterson alt kjent og anerkjent.

Han debuterte i 1987 med ei novellesamling, og har gjeve ut seks romanar så vel som essay. *Hevosvarkaat* kom ut i 2003, og det førte til eit gjennombrot: etter nasjonale priser fekk den tre franske så vel som IMPAC Dublin-litteraturprisen, som etter Nobelpriisen er verdas største pris i pengar.

I år fekk Petterson Nordisk Råds litteraturpris for romanen frå siste år, *Jeg forbanner tidens elv*.

Hevosvarkaat fortel om 67 år gamle Trond, som flyttar til det søraustlege Noreg, mellom skogar og sjøar, til eit hus som er under oppussing. Kona er død i ei bilulykke, og systera av kreft. Dei to døtrene bur andre stader.

I nabolaget bur ein yngre mann. Denne viser seg å vere ein barndomskjenning frå sommaren 1948, og minna om det kjem tilbake til Tronds tanke. Det var siste sommaren med faren før dennes "svik". Forholdet mellom den 15-årige guten og faren er ei av bokas kjernar: felles arbeid på garden, høyberging, tømmerfløyting.

Med skognaboen Lars sin storebror Jon drog Trond også "på hestetjuveri", det vil seie rei på hestar som beita i nabolaget. Derav romanens tittel.

Det har imidlertid også ei anna tyding, slik ting ofte har i Pettersons tekstar: det var motstandsrørslas passord i krigstida. Frantz som hjelper til med tømmerfelling i 1948 fortel Trond om farens arbeid som førar for filmar og menneske over grensa til Sverige. Ifølgje

fotnotane gjekk hendingane føre seg i Bjørkelangen i Høland, og derifrå kom ein seg over til Värmland.

Dei som har gitt boka ein finsk tittel har ikkje ønskt ikkje å ta i betraktning denne viktige andre tydinga, som bringer krigstida sterkt med seg inn i romanen.

Sommaren 1948 etterlèt Jon av vanvare geværet sitt i eit hjørne av rommet utan å fjerne patronen. Ein av hans tvillingsmåbrødre, Lars, tek våpenet og skyt bror sin ved vådeskot. Til hendinga er det i romanen ein førutgåande variant, nemleg at tyskarane skaut ein av Trond sine onklar, også ein tvilling.

I motstandsarbeidet under krigen var faren i lag med Jon si mor, og i hennar selskap erfarer også Trond tiltalande og lokkande kjensler.

Sommaren 1948 blir avslutta med eit brev frå faren, der han fortel om at ei anna tid er komen og at det på svensk side i Värmlandsbanken i Karlstad kan hentast pengar som er komne inn frå tømmerfløytinga.

Romanens 67-årige Trond på si side synest ikkje å vere medviten om å ha gløymt sine eigne døtre, som kjem fram frå den eine sitt overraskingsbesøk i skoghytta. Besøket blir avslutta med ønske om at faren i det minste skaffar telefon til den bortgøymde hytta.

Romanens menneskelege relasjoner og hendingar er prega av arbeid. Også teksten vekkjer tankar om arbeid, omsorgsfullt og på mange plan. Stilen er reflektert, språket herda av mange leseerfaringar og “det verkelege livet”. Katriina Huttunen heng i si omsetjing ikkje alltid riktig med i forfattaren sine svingar.

3035 teikn

2. Orhanen, Pentti. Seikkailu sisimpäään. [På eventyr til det inste]. Ilkka, 30.7.2009 (Orhanen 2009b)

Når boktittelen er *Hevosvarkaat* [Hestetjuvar, min merknad] leier det i fyrste omgang tankane lett til det ville vestens eventyr. Men norske **Per Pettersons** (f. 1952) vesle roman er alt anna. Eventyr, ja, men eit eventyr til hovudpersonens fortid og farsforhold.

Åstaden er ei avsidesliggjande bygd i det søraustlege Noreg, nær svenskegrensa. Dit har einstøingen Trond Sander slått seg ned for pensjoniståra. Dagane går med til å reparere det forfalne småbruket og observere naturen.

Korleis det no var, har Trond fått til nabo ein kjenning frå ungdomstida, Lars Haug, som fører Tronds tankar til den dramatiske sommaren 52 år tidlegare. Til dei siste månadene som han tilbrakte i lag med far sin.

Farens gåtefulle forsvinning har blitt verande ubearbeida av sonen, og av dette oppstår romanens spenning. Av korleis det uavslutta farsforholdet og ungdommens sommars skakande, men under overflata trykte minne har forma av Trond det mennesket som han no er.

Utfordrande form

Trond Sanders utanforståandeskap og reserverheit fører uvilkårleg til tanken løytnant Glahn i **Knut Hamsuns** (1859-1952) *Pan*. Men Petterson er ikkje den unge Hamsun-like symbolistiske nyromantikaren, men ein kvardagsrealist utan store fakter.

Kvardagens fortetta realistiske skildring er ei ytterst utfordrande skjønnlitterær form. Korleis fortelje om vanlege syslar slik at lesaren erfarer tekstens på vesentlegheiter nivå og ikkje berre som ei minutiøs gjengiving av tinga og handlingane.

Denne kunsten kan den amerikanske novellisten **Raymond Carver** (1938-1988), som Petterson har nemnt som eit førebilete. Dessverre, i det minste i *Hevosvarkaat* når han ikkje alltid opp til nivået av Carvers realisme.

Dramaet i *Hevosvarkaat* går føre seg i Trond Sanders indre, og det lykkast Petterson med å skape fruktbart mangetydig, til tider også spennande. Men det fordjupast ikkje nettopp omstendelige skildringar av korleis den gamle mannen kokar kaffi og fyrrer i omnen.
1945 teikn

3. Yli-Lonttinen, Tuija. Ikävä velloo läpi elämän. [Lengselen bølgjer gjennom livet]. Kainuu Sanomat, 14.8.2009 (Yli-Lonttinen 2009)

"*Eg ser at han saknar far sin, enkelt og klart, og håpar at det berre kunne vere så enkelt.*"

Den 67-årige Trond som har trekt seg tilbake som eremitt i dei norske skogane, minnest, lengtar og kan ikkje forstå kvifor og kvar faren drog ein gong i tida.

Trond stengjer som ung mann faren ute frå tanken, men gjennom livet bølgjer lengselen

Etter at faren reiste endrar alt seg: "*Fargane var annleis, luktene annleis, dei inste kjenslene mine var annleis. Varme og kulde, lys og mørker, skilnadene mellom det fiolette og grå var annleis, det same var skilnadene mellom frykta mi og gleda mi.*"

"*Tok du plassen som eigentleg var min*", tenkjer Trond når han har møtt sonen til farens elskarinne.

Trond får ikkje svar på spørsmåla sine, men den nedstemte aldrandemannens tankar klårnar etter kvart som mannen lèt minna kome.

I det siste kapitlet er mora allereie sterkt med. Den unge Trond går lett mot det komande og minnest farens råd: det er jo vi sjølv som bestemmer når det gjer vondt.

Sommaren som eit vass-skilje

Norske **Per Pettersons** *Hevosvarkaat* er lagt til notida og etterkrigs-Noreg, farens og sonens siste sommar i lag.

Når Trond minnest, utstråler historien mannlegheit: energisk høyberging, grovt skogsarbeid, dristig fløyting.

Faren er eit stor ideal for den unge mannen, og kjenslene hans vekslar frå dyrking til sjalus, når den unge mannen blir forelska i den same kvinna som faren.

Guten får vite at faren er med i motstandsrørsla. Også mange andre saker får forklaring når han minnest den varme sommaren som fungerer som eit vass-skilje.

Korleis faren fann løysingar

50 år seinare, i tusenårets siste månader flyttar Trond, som har mist kona og systera, til skogtorpet.

Hän held livet sitt i haugen ved hjelp av små reglar: med kleda på får ein ikkje lov til å gå og legge seg, og til måltid må ein skifte til rein skjorte.

Han har ikkje lyst til å endre seg til ein skiten einebuar, men har til hensikt å berge seg i den avsidesliggjande hytta ved litt etter litt å reparere den. Når det er noko Trond ikkje kan, tenker han på korleis faren løyste saka.

Hevosvarkaat er ei lesenyting midt i det bedøvande krimtilbodet om sommaren.

2178 teikn

4. Hakala, Raija. Kesän ja lapsuuden loppu. [Sommarens og barndommens slutt].

Pohjolan Sanomat, 26.8.2009 (Hakala 2009)

Nordisk Råds litteraturpris for siste år blei i vår tildelt norske Per Petterson. Prisromanen *Jeg forbanner tidens elv* er enno ikkje omsett til finsk, men medan ein ventar på det kan ein lese Pettersons forrige roman, *Hevosvarkaat* (Ut og stjæle hester, 2003) som kom ut på finsk i juli.

Hevosvarkaat [Hestetjuvar, min merknad] er Per Pettersons internasjonale gjennombrotsroman. Den har vunne mange heidersprisar, og omsetjingssrettane er selde til litt over førti land. Med rette.

I *Hevosvarkaat* gjer såvel stil som innhald inntrykk. Denne romanen er ikkje berre til å kikke innom i, men og til å fordjupe seg i.

Min far, helten

Romanens intrigemessige sentrum er eit par sommarmånader i året 1948. Femtenårige Trond Sander tilbringer sommaren med far sin i ei seterhytte på elvebredden nær svenskegrensa. Mor og syster har blitt igjen i Oslo.

Staden er kjent for faren frå før. Faren hadde i den tyske okkupasjonstida verka i motstandsrørsla og halde hytta som ein göymestad i transporten av beskjedar og også menneske over grensa til svensk side. Farens fortid klarnar for sonen likevel fyrst med tida.

Far og son kjem godt overeins med kvarandre. Sonen beundrar faren, og farens forhold til guten er varmt og kameratsleg. Når Trond får endå ein god kamerat i Jon som bur i nabologet, ser sommaren ut til å bli reint fullkommen.

På ein måte er det også slik, og nettopp derfor ser ikkje den unge Trond eller vil ikkje sjå det som hender midt framfor augene hans og som kjem til å endre også hans liv grunnleggjande.

I romanen nærmar ein seg sommarens hendingar frå to sider, frå den unge og gamle Trond sin synsvinkel. Som kontrast til ungdomssommarens kraft- og fridomskjensler skriv Petterson om den gamle Trond, som nærmar seg sytti, si innbittheit i det same området på terskelen til vinteren.

Trond har mista kona si i ei ulykke, og har bestemt seg for å trekke seg tilbake til einsemd, slå seg ned i landskapet frå slutten av barndomstida og sjølv skape slutten av livet sitt. Han trur ikkje på skjebnen, men blir likevel nøydd til å justere planane sine.

Kunnig og dristig

Hestetjuveriet har i romanen to vesentlege innhaldsmessige betydningar. For unge inkjeanande gutar betyr det eit konkret ulovleg eventyr i den rike bondens hesteinnhegning. For Tronds far er det passordet frå okkupasjonstida.

Ei av romanens sterke sider er kor dyktig Petterson fortel om Trond som går frå blåøygd tillit til ei observerbar verkelegheit, om eit ung menneske si manglande evne og vilje til å sjå bak hendingane, til det skjulte.

Praktfullt er også dristigheita i forfattaren sitt grep med å skildre ulikt arbeid, enten det så er spørsmål om farens eller gutens kraftoppvisningar eller gamle Tronds kvardagslege syslar. Ein forfattar som stolar på si dyktigkeit ilar ikkje berre frå den eine dramatiske hendinga til den andre i frykt for at lesaren skal kjede seg.

Petterson gir seg i kast med ein romantradisjon og samtidig med boka sitt tema med Dickens si hjelp. Gamle Trond les stadig Dickens og spesielt David Copperfield.

Så vel i Copperfield som i *Hevosvarkaat* blir mennesket sine muligheter til å bli hovudperson i sitt eige liv overvegde, i staden for at ein når ulykkene kjem blir forbitra og overlet seg til å drive ikring. I Hevosvarkaat er den viktigaste farsarven: ”Du bestemmer sjølv når det gjer vondt.”

I Per Pettersons forteljekunst er det ikkje berre å resignere og spørje. Der vågar ein også å gjere val og å føreslå svar. Og det kjennest godt, kraftig niste mellom alle slags litterære hurtigmattilbod.

3520 teikn

5. Norontaus, Katariina. Paluu lapsuuden kesään. [Tilbakereise til barndommens sommar]. Turun Sanomat, 29.8.2009 (Norontaus 2009)

Denne finstemte boka er medrivande fortalt, men det er fåfengt å søkje originalitet i den. *Hevosvarkaat* [Hestetjuvar, min merknad] av vinnaren av Nordisk Råds litteraturpris 2009, Per Petterson, fortel om 67 år gamle Trond, som har gjort eremitt av seg og vender tilbake til barndommens sommarlandskap i grensetraktene mellom Noreg og Sverige. Litt etter litt dreg den kjende plassen og eit ansikt frå fortida Tronds minne tilbake til barndommen på 1940-talet.

Minna tek med til overflata den siste sommaren med faren og den dramatiske tvangsvoksteren inn i voksenlivet. Røtene til to familiars tragediar, som blir komprimerte til éin sommar, strekkjer seg til aktiviteten i motstandsrørsla under krigen. Bokas tittel refererer til så vel gutanes strekar som til eit passord i motstandsrørsla.

Petterson behandler tenåringsgutens indre verd på ein vellykka måte. Nettopp små sprell og observasjonar skildra i romanen blir utført av ungdom som balanserer usikre i mellomlandskapet mellom barndommen og voksenlivet. Like eins får forfattaren eit naturleg grep på sjelelandskapet til mannen som er blitt gammal utan å ha merka det sjølv. Kvardagen

til enkemannen som bur i ei oppussingstrengande rønne krinsar kring huslege syslar, noko som opprettheld tilhøvet til ei organisert verd, og kring lufting av hunden.

Den finstemte boka er medrivande fortalt, men det er fåfengt å søkje originalitet i den. Ein har jo sett desse smertesøte barndomsmindna, heller ikkje det evinnelige farsforholdet bringer med seg noko nytt. Far er stadig vekk mål for beundring og kjelde til smerte, og intrigen er elles også mogleg å gjette på førehand.

Det kanskje mest interessante ved boka er då også skildringane av livet på landet på 1940-talet. Høyonn og tømmerfløyting blir skildra på ein realistisk måte, og ved sidan av å få den kulturhistoriske kunnskapen, kan lesaren nesten lukte høyet, dei felte furene og hestane som sveittar i heten.

Grenseområdets natur er heile tida nær i forteljinga: stille, men sterkt. Gaupa tassar stille i møte på den mørke vegen, og å vakte på snøfallet utgjer ein stor del av Tronds kvardag. Regndansen med faren på tunet reinsar kroppar og sjeler, og i bakgrunnen strøymer heile tida ei elv som transporterer for ei stund svensk vatn over til norsk side.

Merkverdig teiknsetjing er eit litt forstyrrende element i leseopplevelingen. Gjeld det også i den norskspråklege originalen, eller er det berre eit spørsmål om omsetjaren eiga løysing? I alle høve rømmer dei lange setningane tråd av og til frå hendene.

2540 teikn

6. Virtanen, Arto. Ei mikään homo falsus. [Ikkje nokon Homo falsus]. Parnasso, 30.9.2009 (Virtanen 2009)

Tittelen *Hevosvarkaat* [Hestetjuvar, min merknad] bringer i tanken Det ville vesten, men når romanens hendingar er lagt til Noreg og ikkje til det mytiske Vesten, kan ein tenkje at tittelen peikar på gutanes utviklingsstadium, der dei ikkje meir er heilt barn, men vaksenalderen er også enno ein mørk stad.

Romanens forteljar og hovudperson er den 67 år gamle einebuaren Trond, som resignert, irritert og nedstemt minnest sommaren i året 1948. Minnet begynner med at han når han luftar hunden møter ein annan mann som er ute og bevegar seg med hunden sin. Mannen har ein del nøklar til ei virkelighet som ligg over 50 år tilbake i tida, som Trond har snudd ryggen til.

Per Petterson forstår at det å minnast ikkje er samlebandsarbeid. Betydningane stig langsomt opp til overflata, og traumatiske knutar kan ein ikkje rive opp med makt.

Tronds kone er død, og kontakten med to døtre som bur på andre stader er tilfeldig. Trond har ikkje ein gong skaffa telefon til den avsidesliggjande bustaden sin. Det er interessant, og også pussig, kor beslutsomt det i romanen blir gått utanom alle åra tilhøyrande familielivet; som verkelege og merkbare er karrig notid og betydningane av den rike, dramatisk avbrotne ungdomstida synleg.

Ernest Hemingway har skrive nokre uslæleg fine noveller om ungdomsalderen, og stadvis kjennest det som om Petterson stig nesten altfor nøyaktig i læremesteren sine fotspor. Registreringa av den unge erfararens og naturens innbyrdes forhold er imidlertid ein stilpastisj

i toppklass. Søkinga etter faren, farsbeundring og farsbildets samanbrot høyrer til eit hemingwayaktig livsbilete.

Den beundrande sonen, den samanbrytande faren og tilværets traume er på ein kjent måte også i **Marko Tapios** sentrale romanars tematikk. Den unge mannen i sine pubertetsår i fløytingsarbeidslandet vaknar til ei blyg-grov sanselegheit, som ein kan finne samanlikningspunkt med kven veit kvarifrå, frå **Linnankoski, Sillanpää** eller **Veijo Meris** *Om ein ishockeyspelars sommar*. Med eksemplas rikelegheit prøver eg å framheve at ei levande skildring opnar seg utvungent og uuttømmeleg i mang ei retning. Det ville vere ein overtredelse å prøve å referere frå eit så fint verk. Ein får altså anklage meg for at eg seier altfor lite. Per Pettersons *Hevosvarkaat* er framfor alt ei lesenyting slik som **Andreï Makines** *Det russiske testamentet* eller **Ethan Canins** *Luftas keisar*. Petterson skriv på ein passande måte gammaldags, heilt som om ein enno ikkje hadde lagt merke til postmoderne verdiar og betydningas inflasjon, alt har si eiga vekt, og likevel er alt sviktande. Livet er det. Så sjelfulle og fysisk kjennande menneske er ikkje forfattaren i stand til å trylle vekk, slik som ein eller annan homo falsus. I staden for **Jan Kjærstad** sidestiller eg då også Pettersen heller med **Lars Saabye Christensen** og **Dag Solstad**.

Katriina Huttunens omsetjing er naturleg og god. Med denne og andre verk frå den siste tida begynner det å sjå ut til at Det gule bibliotek har fått ein viktig utfordrar i Otavas bibliotek.

3010 teikn

7. Ruotsalo, Juhani. Häikäisevästi muistista ja mielentilasta. [Blendande om minne og sinnstilstand]. Uutispäivä Demari, 29.10.2009 (Ruotsalo 2009)

Sinnets og minnets rørsler er gripne i eit blendande presist og vakkert språk.

Norske **Per Petterson** (f. 1952) mottok i går i Stockholm dette årets Nordisk Råds litteraturpris.

Nøyaktig sagt går prisen til Pettersons nyaste roman frå i fjor, *Jeg forbanner tidens elv* (Kiroan ajan virran). Den har enno ikkje nådd å bli omsett til finsk.

Den nye finske omsetjinga er Pettersons gjennombrotsbok frå 2003. Den har brukt forfattaren utstrekkt internasjonal anerkjenning og talrike prisar. I verda er han kanskje akkurat no den mest kjende norske samtidsforfattaren.

Petterson begynte som novellist i 1987, og *Hevosvarkaat* er den sjette boka hans. Omsetjinga til finsk er den fyrste av mannen, verka er i alt åtte.

Minne og livsendring

Den konsentrerte romanens hovudperson og eg-forteljar er den 67 år gamle nordmannen Trond. Forteljingas notid ser ut til å datere seg til århundreskiftet.

I teksten er det to andre tidsplan. Tekstens dramatiske sentrum er sommaren 1948. Gjennom sommarminnet blir det filtrert tankebilde også frå åra med verdskrigens tyske okkupasjon og undergrunnsmotstand.

Notidas Trond venner seg til ei livsforandring, fordi kona hans døydde for tre år sidan. Han har flytta permanent til ei gammal, avsidesliggjande skoghytte nær grensa til Sverige. Huset er det same som han som 15-åring tilbrakte sommaren 1948 saman med far sin i.

Trond er ikkje komen til skogen for å døy og ikkje eingong heller for å vere einebuar. Han sokjer ei livsform der tida kan få fullare innhald. Betydninga av heimesyslar, vedarbeid og observasjon av naturen er synleg i forteljinga. Nødvendige varer og nabohjelp skaffar Trond seg av innbyggjarane i den nære bygda.

I gang er sjølvtransaking og vurdering av det forgangne. Minna blir aktiverte, av seg sjølv eller ved å lokke dei fram bevisst. Derfor er han også komen hit.

Vendepunktas sommar

Sommaren 1948 er minnets berande bygning. I teksten grip det over i notidas stille liv. Sommaren blir tolka i lyset av notida, og notida blir møtt gjennom sommarminnet. Tidsrørsla er ytterst smidig i teksten.

Sjølv om Trond og faren bur i Oslo i 1948, har dei kjende i bygda, eigen plass i dugnadene og i anna beskjeftigelse der. Trond har som kamerat naboen Jon, som er like gammal. Største moroa i gutane sine sommareventyr er å ”gå på hestetjuveri”. Det betyr å ri utan lov og sal på den lokale storbonden sine beitehestar.

Brått går sommaren ekstase i stykke. Jon har skjødeslaust gått frå eit ladd våpen i gangen, som dei tiårige tvillingane Lars og Odd begynner å tulle med. Lars kjem av vanvare til å skyte tvillingbroren. Plaga av skuld forsvinn Jon frå staden.

Anna endrar seg også, iallfall når ein minnest det i etterhand. Trond begynner å kjenne samhøyrigheit med faren, som er annleis enn før. Han deltek i husets og bygdas arbeid på ein nær likeverdig måte. I notida vaknar spørsmålet om kva som kanskje var innbilt i dette.

Tronds sommarkjensler er ikkje utan konfliktar. Han kan ikkje tolke alle sosiale kodar og teikn, fordi han ikkje veit tilstrekkeleg om faren sitt liv. Han kjem til å sjå faren og ei ung kvinne (som er gift) i ein delikat situasjon. Faren er slik også ei forvirrande gåte.

Farens gåter

Trond var vant til at faren i krigstida og også etter det var berre sjeldan å sjå heime i Oslo. Faren var anteken å ha noko å gjere med motstandsrørsla (om den saka kunne ein jo ikkje snakke).

Om sommaren fortel ein som heiter Franz meir til Trond. Bygda var ein viktig del av motstandsrørslas kurerrute til Sverige og tilbake. Faren hadde halde gøymestad og etappepunkt i ei avsides seter (ikkje i den same som Trond i sine minne hugsar).

Då Franz vart kjend med faren, var kurerane sitt kodeord ”ute og stele hestar!”. Faren hadde del i dei dramatiske hendingane der rørsla si lokale grein var nære på å bli teken. Kvinnen som hadde eit forhold til faren som forvirra Trond, hadde vore aktiv i den hemmelege verksemda.

Mange sosiale mønster kunne avleie seg frå motstandstida. For Trond var dei ikkje enno, i 67-årsalderen, blitt heilt klare.

I skildringa av det forgangne er medrivande møte, gåter, også spenning. Dei er ei motsetning til notidas stille liv, men på ein eller annan måte også grunnen til det. Ein eigen gnist er at den nærmaste naboen viser seg å vere Lars, barndomstidas tragedies skuldlause skuldige.

Det skarpaste av sommaren 1948 sine vendepunkt kjem i slutten av den. Då Trond vender tilbake til skulen i Oslo, blir faren framleis verande på landet. Snart sender han eit brev, der han med beklaging seier farvel til familien. Trond ser han aldri meir.

Klassisk praktfull modernisme

Til tross for effektfulle handlingsscener er romanens eigentlege tema i sinnsrørlene. Som leiande tema stig fram behovet for å klare opp i forholdet mellom far og son i etterhand. Kjenslene veksler frå hengivenheit og idealisering til tvil, kanskje også til bitterheit. Grunnla eg livet mitt på feilaktige førestellingar om far min, tenkjer Trond spørjande.

Lengselen som er skapt etter farens fråvær er alt døydd bort, eller er den ikkje? Tronds forhold til mora egna seg ikkje til ei erstatning. Mora blir verande ein sideskikkelse, og hennar bitre visning er sørgeleg, men ikkje bevegande.

Trond blir nøydd til å tenkje på om han utan å ville det har gjenteke farens mønster. Også han har kanskje forsømt sine nærmaste. Kona og systera sin samtidige død har vekt meir kjensle av einsemd. Den stig til overflata då dottera Ellen kjem på overraskingsbesøk til hytta.

Det dreiar seg ikkje om anger. Livet kan berre levast med den provianten som har samla seg eller er blitt igjen. Også noko som liknar på fatalismen dukkar opp i tankane.

Sinnets og minnets rørsler er gripne i eit blendande presist og vakkert språk. Det er i den klassiske modernismens toppnivå. Tankens og sinnets flyttingar skaper til det sine eigne poetiske strukturar.

I sitt praktfulle språk registerer Petterson naturens skifte og vanlege kvardagshandlingar detaljert, ikkje bedøvande, men dempa dynamisk. Samanhengen med sinnstilstandar er sterkt. Slik kan det oppstå overtydingar om korleis det fulle livets retningsliner heretter kan vere å finne.

6137 teikn

8. Ehrnrooth, Pertti. Isän ja pojant lämmin ja arvoituksellinen suhde. [Farens og sonens varme og gátefulle forhold]. Karjalainen, 8.12.2009 (Ehrnrooth 2009)

Den norske forfattaren Per Petterson (f. 1952) fekk i år Nordisk Råds litteraturpris for ein roman som enno ikkje er omsett til finsk. Hans tidlegare roman *Hevosvarkaat*, som kom ut på norsk i 2003, har no fått finskspråkleg drakt.

Boka er ei hjarteskjerande rørande forteljing framfor alt om ein fars og ein sons varme og til dels gátefulle forhold i åra etter krigen på den norske landsbygda i eit landskap med mektige fjell og elvedalar.

Sekstisjuårige Trond lever livet nesten som eremitt i ei forfallen gardsrønne som han har kjøpt, og som han etter beste evne pussar opp. Som følgje har han berre hunden Lyra og meir tilfeldig naboen Lars, som overraskande viser seg å vere ein kjenning frå barneåra.

Kona er død, dei vaksne borna er komne på avstand, og dei ofte traumatiske hendingane frå krigen og dei følgjande barneåra gjev ikkje fred. Den gamle mannen vender i minna sine tilbake til dei tidene.

Tronds mor, den beste venen Jon og hans vakre mor, naboen Franz og framfor alt faren, som karismatisk er levande i minna, vender tilbake til draume- og minnebilda i einebuarens sinn.

Eventyr

Tronds far er ein gåtefull person som er ei merkeleg blanding av motstandsrørslehelt, kjærleg ektemann og familieoverhovud, så vel som på den andre sida ein familieskulkar som flyktar frå ansvaret sitt og innleier eit nytt kvinneforhold. Faren og sonen Trond erfarer i lag også fullstendig ville eventyr.

Uforgløymeleg er skildringa av rideturen deira langs elvebreidda frå heimtraktene i Noregs fjellområde og langt inn på svensk side, medan dei følgjer ein tømmervase som tidlegare var velta ut i elva for transport

Hestane er ein viktig del av romanens hendingskjede. Også verktittelen utgår frå at Jon og Trond som gutar dreg "ut og stele hestar", altså utan lov ri på naboen, storbonden, sine hestar, og så vart dette namnet brukt som passord i motstandsrørsla i den tyske okkupasjonstida.

Hevosvarkaat har fått rikeleg internasjonalt ry og har ofte fått prisar, og ikkje utan grunn, for så praktfull, magisk sterkt medrivande og skjønnlitterært særprega fascinerande er teksten. At Per Petterson har klart så utruleg fint å smyge seg inn under romanfigurane sitt "skinn" og så handgripeleg livfullt inn i den særprega stemninga i det norske landsbygdlandskapet!

2306 teikn

9. Neimala, Kaisa. Ajatuksia sekä työntekoa. [Tankar og arbeid]. Suomen kuvalehti, 2009, nr 38, s. 62 (Neimala 2009)

Norske Per Petterson skriv nøyaktige observasjonar om skilnader i tilværet i fortid og notid. Katriina Huttunens omsetjing av *Hevosvarkaat* [Hestetjuvar, min merknad] er det fyrste verket av Per Petterson som er kome på finsk. Det var verdt å omsetje.

Romanen er klok og vakker. Omsetjinga fangar opp det vakre på ein naturleg måte. Det vanskelege har heller vore å fortelje om kvardagslivet. Ein dødssjuk gammal mann "skrantar", ein lamma hund fell "til stovlespissanes rot", og "vasen" av tømmer som har samla seg mellom steinane i elva blir løyst opp ved å bruke "pålar" som er kvista frå små furuer. Neppe. Forteljaren, 67-åringen Trond, kjenner garantert fløytevokabularet. Han lever i ei avsidesliggjande hytte i ei bygd ved elvebredden, han prøver å vere einebuar og minnest barndommens somrar, særleg forandringas sommar 1948. "Det er som om eg hadde begynt på livet på nytt", tenkjer han. "Skilnadene mellom varme og kulde, lys og mørker, fiolett og grått var annleis". Gjennom nøyaktige observasjonar registrerer han skilnader i tilværet då og i notid, endringa i livets stemmer, rørsle og arbeid.

Forteljinga har rikeleg både av hendings- og kjenslehandling, også frå den tyske okkupasjonstida. Lys og mørker, å elske og å gje slepp på, det å holde og det å gå i stykke dannar seg til bilet. Trond har ein filmregissørs blikk.

"I filmane no for tida er det ikkje mykje arbeid, berre tankar. Tynne tankar og noko som liknar på humor." Trond kastar ikkje vekk tida på underholdning. Og når ein les *Hevosvarkaat* saknar ein verkeleg ikkje underholdning.

1551 teikn

10. Tanskanen, Leena. Per Pettersonin *Hevosvarkaat*. [Per Pettersons *Hevosvarkaat*]. ET-Lehti, 26.2.2010 (Tanskanen 2010)

For ein spenningsnytande estetikar er det behageleg å søkke ned i denne leseromanen.

Forteljemåten er langsam og avslappa, men under overflata pulserar det.

Hovudperson er den einsame 67-åringen Trond. Han er blitt enkjemann, og lever bedagelege dagar i ei skoghytte på norskegrensa saman med hunden Lyra.

I den mørknande kvelden på tur med hunden treffer han ein annan gammal mann som bur i nabologat, som viser seg å vere ein kjenning frå mange år tilbake.

Møtet føder mange minne, der også smerter har plass. Har han lyst til å hugse dei? Bør eit menneske bere med seg heile det levde livet eller kan ein isolere seg frå minna?

Boka er fin. Den dvelar. Den stoppar opp.

